

Masteroppgåve

Nynorsk eller bokmål på nett?

Ei kvalitativ undersøking av skriftspråkval blant nettpjournalistar i Norsk rikskringkasting - NRK

Birthe Bringsvor

Skriftkulturar

2024

34 546 ord:



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Denne masteroppgåva undersøker skriftspråkvala til nettjournalistar i Norsk rikskringkasting - NRK. Granskinga er kvalitativ, og baserer seg på intervju av sju NRK-journalistar som har hatt det minoriserte skriftspråket nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men som har skifta til det majoriserte skriftspråket bokmål. Føremålet med oppgåva har vore å undersøkje kva som styrer journalistane sine skriftspråkval i NRK, ei verksemd som har eit lovpålagt krav om at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Granskinga utforskar korleis nettjournalistane opplever å bruke nynorsk i arbeidssamanheng, og ser på samanhengen mellom individuelle skriftspråkval og strukturelle forhold. Gjennom oppgåva blir det svart på fem forskingsspørsmål:

1. Korleis opplevde nettjournalistane skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål, og kva er årsakene til skifta?
2. Kva språkval tek nettjournalistane i NRK-jobben, og kva påverkar desse vala?
3. Kva mogleggjer eller hindrar nettjournalistane i å bruke meir nynorsk i NRK-jobben?
4. I kva grad støttar nettjournalistane nynorskkravet i NRK, og kva ansvar opplever dei sjølve å ha for å bidra til at NRK oppfyller kravet?
5. Kva tiltak, om nokon, foreslår nettjournalistane at NRK innfører for å oppfylle nynorskkravet på nett?

Granskinga viser at både språkskifte, språkleg identitet, språkleg påverknad og språkhaldningar kan vere med på å forklare skriftspråkval. Medan nettjournalistane opplevde skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål som uproblematisk, blir det å bruke nynorsk i NRK-jobben sett på som meir problematisk. Fleire av nettjournalistane vel vekk nynorsk på grunn av frykt for negativ respons frå lesarar og frykt for å få kritikk for rettskrivinga. Nynorsken må også ofte vike når nyheiter må raskt ut, og når journalistane samarbeider om nettsaker med NRK-kollegaer utan nynorskkompetanse. Nynorskkravet i NRK blir opplevd som både rett og viktig, men kva ansvar dei føler dei har, eller kva ansvar dei tek, for å bidra til å auke nynorskbruken varierer. Fleire av nettjournalistane blir ståande i press mellom forventningar om å fremje nynorsken og at dei ikkje føler seg som trygge nok nynorskbrukarar. Granskinga

kan bidra til å auke kunnskapen om journalistar sine vilkår for å velje nynorsk, og kan vere med på å forklare utfordringane NRK har med å oppfylle nynorskravet på nett.

Abstract

This master's thesis studies the written language choices of online journalists in Norwegian Broadcasting Corporation - NRK. The study is qualitative and is based on interviews with seven NRK-journalists who used the minorized Norwegian written language 'nynorsk' as their first language in school, but later switched to the majorized Norwegian written language 'bokmål'. The study's aim is to investigate which factors control the journalists' written language choices in NRK, an agency that is prescribed by law to have at least 25 percent of its content in nynorsk. The study explores how the online journalists experience using nynorsk in work contexts and scrutinizes the connection between individual language choices and structural relations. Through this thesis, five research questions are answered:

1. How did the online journalists experience their written language shifts from nynorsk to bokmål, and what caused the shifts?
2. What language choices do the online journalists make at work in NRK, and what affects these choices?
3. What enables and what prevents the online journalists when it comes to using more nynorsk at work in NRK?
4. To what extent do the online journalists support the nynorsk imposition in NRK, and to which degree do they feel a responsibility towards the nynorsk imposition?
5. Which measures, if any, do the online journalists suggest that NRK inducts to fulfill the imposition?

The study shows that both language shift, language identity, language influence and language attitudes can contribute in explaining written language choices. While the online journalists experienced the written language shift from nynorsk to bokmål as unproblematic using nynorsk at work in NRK is experienced as more problematic. Several of the online journalists choose not to use nynorsk because they fear negative response from their readers and they fear criticism for their spelling. Nynorsk also has to yield when the news has to be published quickly, and when the journalists cooperate on online articles with NRK-colleagues that lack competency in nynorsk. The imposition of nynorsk in NRK is experienced as both fair and

important, but the level of responsibility they feel in contributing, or actually take, to increase the use of nynorsk varies. Several of the online journalists experience a pressure between expectations of promoting nynorsk and the lack of confidence using nynorsk. This study seeks to bring increased knowledge about the journalists' conditions of choosing nynorsk and can contribute to explaining NRK's challenges with fulfilling the nynorsk imposition online.

Forord

Då eg gjekk på vidaregåande hadde vi ein diskusjon om bokmål og nynorsk, og om at vi som ungar brukte austlandsdialekt, eller bokmål som vi sa, i rolleleik. Ein medelev sa: «Då eg leika med barbie, snakka dei som eigde huset bokmål, medan tenarane snakka nynorsk.» 15 år seinare brukte mine ungar «eg» i staden for «jeg» då dei leika. Dei hadde nemleg vakse opp med TV-program som «Bli med heim» og «Klart eg kan» på NRK. Dette seier noko om kor viktig NRK er for å fremje nynorsken. Og det er ikkje berre når det gjeld ungar at denne nynorskeksponeringa er viktig. Eg har lenge tenkt at eg ville skrive «eitt eller anna om NRK og nynorsk». Det er fleire som fortener takk når eg no sit med ei ferdig masteroppgåve.

Først vil eg takke rettleiaren min, Anders Aanes, for innspel og gjennomlesing. Høgskulen i Volda har også eit bibliotek som har fått eit utal bestillingar og som har sendt bøker i mi retning i fleire omgangar. Takk for servicen! Å skrive masteroppgåve etter arbeidstid var ikkje så enkelt, derfor er eg takknemleg for at sjefen min, Charlotte, framsnakka prosjektet slik at eg fekk permisjon frå NRK for å skrive. Takk også til dei andre i NRK Møre og Romsdal som gjorde jobben min medan eg var vekke! Permisjonen min blei forlenga av at eg fekk eit masterstipend. Takk til Medietilsynet for at de hadde trua på prosjektet og gav meg pengestøtte. Utan informantane mine hadde det ikkje blitt noko masteroppgåve. Tusen takk for at de sette av tid til intervju og for at de delte tankane dykkar om nynorsk og språkval med meg. Medstudent og venninne Gro har tatt imot både sukk, spørsmål og stadige rapportar om kor mange ord eg har kome opp i. Det har vore fint å kunne dele oppturar og nedturar med nokon som held på med det same. Takk til mamma for heiarop og middagag, og til søstrene for at eg har fått okkupere huset heime på Fjørtofta til skriving. Storesøster og norsklærer Kamilla har også lese korrektur, i tillegg til kollega, Bibbi. Takk til begge to! Takk til mamma og pappa for interessa for språket. Dette temaet trur eg pappa hadde likt. Ikkje minst fortener Marte ei stor takk. Å ha ein venn som er både akademisk og snill er ein stor fordel når ein står fast i skrivinga. Takk for tida di, for motivasjon og for uvurderleg hjelp! Til slutt vil eg takke familien min for tolmod medan eg har vore i «bobla». No skal det bli mindre «Dessverre, eg har ikkje tid» og «Ja, men først må eg bli ferdig med oppgåva». Og NO skal eg begynne på fotoalbuma, ungar. Viss de lovar meg å halde fram med nynorsk når de blir vaksne.

Fjørtoft, mai 2024

Birthe Bringsvor

Innhald

Samandrag.....	ii
Abstract	iv
Forord	vi
Innhald.....	vii
1 Innleiing	1
1.1 Presentasjon av tema	1
1.2 Kontekst og avgrensing.....	2
1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	3
1.4 Etske vurderingar og eigen ståstad.....	4
1.5 Metodisk tilnærming	7
1.6 Avklaring av omgrep.....	8
1.7 Oppbygging av oppgåva.....	9
2 Bakgrunn	10
2.1 Språkhistorie og språkpolitikk	10
2.1.1 Språklover	11
2.2 Nynorsk i skulen.....	12
2.3 Nynorsk - eit minoritetsspråk?	14
2.4 Allmennkringkastaren NRK.....	16
2.4.1 «NRK er det aller største utstillingsvindaugget til nynorsken»	19
2.4.2 Negative reaksjonar frå publikum	22
2.5 Oppsummering	24
3 Teori	26
3.1 Sosiolingvistikk.....	26
3.1.1 Individ og samfunn.....	27
3.2 Språkval.....	29

3.3	Språkskifte.....	30
3.3.1	Årsaker til språkskifte	31
3.3.2	Språkskifteprosessen	32
3.3.3	Språknormer	32
3.3.4	Nettverk og tilpassing.....	34
3.3.5	Språkskifte frå nynorsk til bokmål	35
3.4	Språk og identitet	36
3.4.1	Identitet.....	36
3.4.2	Sjølvidentitet og å ta andre sitt perspektiv	37
3.4.3	Språkleg identitet og identitetsforhandlingar	38
3.5	Språk, makt og påverknad.....	39
3.5.1	Språk og makt.....	40
3.5.2	Maktforholdet mellom bokmål og nynorsk.....	41
3.6	Språkhaldningar	41
3.6.1	Stereotypiar	43
3.6.2	Stereotypiske oppfatningar av nynorskbrukaren.....	43
3.6.3	Diskriminering og språkleg sjølvtilit	44
3.7	Tidlegare forskning	45
3.8	Oppsummering	49
4	Metode.....	50
4.1	Val av metode.....	50
4.1.1	Samfunnsvitskapeleg metode	50
4.1.2	Kvalitativ metode	51
4.2	Utval	52
4.3	Intervjutype og gjennomføring av intervju	53
4.4	Analytiske metodar	54
4.5	Metodekritikk	55

4.5.1 Validitet og reliabilitet	56
4.5.2 Intervjueffekten	57
4.5.3 Vanskeleg å måle haldningar	57
4.5.4 Andre moglege feilkjelder.....	58
4.5.5 Andre utfordringar ved metoden	58
4.6 Oppsummering	59
5. Analyse.....	60
5.1 Skriftspråkskifte i skulen - det uproblematisk skiftet	62
5.1.1 Språkleg bakgrunn og språkskifte	62
5.1.1.1 Språkleg bakgrunn.....	62
Tabell 1: Språkskifte og nynorskaldningar	65
5.1.1.2 Språkskifte.....	65
5.1.2 Eit uproblematisk skifte	69
5.2 Skiftspråkval på arbeidsplassen - den problematiske nynorsken?	71
5.2.1 Språkvekslarar	72
5.2.2 Publikum styrer	73
5.2.3 Den uoppnåelege nynorsken	76
5.2.4 Identitet.....	78
5.2.4.1 Dialekta er viktigare for identiteten enn skriftspråket.....	79
5.2.4.2 Profesjonsidentitet er viktigare enn nynorsk språkidentitet	81
5.2.5 Nettverk.....	84
5.3 Nynorskkravet i NRK.....	87
5.3.1 Nynorskkravet er viktig, men	87
5.3.2 Tiltak for å få opp nynorskprosenten	90
6 Avslutning	92
6.1 Svar på forskingsspørsmåla.....	92

6.1.1 Forskingsspørsmål éin: Korleis opplevde nettjournalistane skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål, og kva er årsakene til skifta?	92
6.1.2 Forskingsspørsmål to: Kva språkval tek nettjournalistane i NRK-jobben, og kva påverkar desse vala?	93
6.1.3 Forskingsspørsmål tre: Kva mogleggjer eller hindrar nettjournalistane i å bruke meir nynorsk i NRK-jobben?	93
6.1.4 Forskingsspørsmål fire: I kva grad støttar nettjournalistane nynorskravet i NRK, og kva ansvar opplever dei sjølve å ha for å bidra til at NRK oppfyller kravet?	94
6.1.5 Kva tiltak, om nokon, foreslår nettjournalistane at NRK innfører for å oppfylle nynorskravet på nett?	94
6.2 Konklusjon	94
6.3 Betydning og avgrensing.....	95
6.4 Vidare forskning.....	96
Litteraturliste	97
Vedlegg	106
Vedlegg 1 – Vurdering av behandling av personopplysningar	107
Vedlegg 2 - Samtykkeskjema.....	108
Vedlegg 3 - Intervjuguide	112

1 Innleiing

1.1 Presentasjon av tema

Denne masteroppgåva er ei kvalitativ undersøking av skriftspråkvala til nettjournalistar i Norsk rikskringkasting (NRK). NRK har eit ansvar for å representere og løfte fram språkleg mangfald, og har som statleg allmennkringkastar eit lovpålagt krav om at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på kvart skriftspråk - nynorsk og bokmål (NRK, 1996).¹ I 2022 var dette det einaste kravet i allmennkringkastingsoppdraget NRK ikkje klarte å oppfylle. Utfordringa er særleg stor på nett, kor nynorskkravet aldri har blitt innfridd. 20,9 prosent av nettinnehaldet var på nynorsk i 2022 (Medietilsynet, 2023, s. 5). Kva er det som gjer at dette kravet er så vanskeleg å oppfylle på nett? Målet med denne masteroppgåva er å betre forstå korleis nettjournalistar i NRK ser på og opplever å bruke nynorsk i arbeidssamanheng. Ved hjelp av sosiolingvistisk metode har oppgåva som føremål å svare på: *Kva styrer skriftspråkvala til nettjournalistar i NRK?*

Skriftspråkskifte og språkval er eit tema som har fått auka merksemd i norsk kontekst utover 2000-talet (Brunstad, 2020; Hernes, 2013; Språkrådet, 2022a; Sønnesyn, 2023; Utdanningsdirektoratet, 2014; Wold, 2018). Reint empirisk er det ofte skuleelevar sine språkval som har vore gjenstand for studiar. Dette har si forklaring, då det er nettopp i løpet av skulegangen at skriftspråkskifte ofte skjer (Askeland et al., 2020; Grepstad, 2020; Språkrådet, 2022a). Det finst, så langt eg har funne, derimot lite forskning på skriftspråkval hos vaksne. Nokre unntak er Thingnes (2015) og Hernes (2013), som høvesvis har undersøkt korleis normer og språkhaldningar påverkar forvaltninga av nynorsk i eksamensoppgåver og språkskifte og nynorskkompetanse blant lærarstudentar. Derfor, gjennom å sjå på kva som styrer språkvala til nettjournalistar i NRK,² vil denne masteroppgåva bidra til å belyse eit tema som hittil ikkje har fått mykje merksemd.

¹ Det lovpålagde kravet om at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på kvart skriftspråk (bokmål og nynorsk) blir oppfylt for bokmål, men ikkje for nynorsk. Heretter i denne oppgåva refererer eg til nynorsk når eg omtalar dette kravet. For å gjere det enkelt brukar eg derfor omgrepet «nynorskkravet».

² I NRK jobbar dei fleste journalistar for alle plattformer (TV, radio og internett). Sidan det i denne oppgåva er fokus på innhaldsproduksjon for nettstaden til NRK (nrk.no), referer eg, for å gjere det enkelt, til journalistane som «nettjournalistar», i denne oppgåva.

1.2 Kontekst og avgrensing

Sjølv om nynorsk og bokmål i teorien er jamstilte skriftspråk, er det ikkje slik i praksis (Brunstad, 2020, s. 176; Hårstad et al., 2021, s. 107 og s. 115-116; Statistisk sentralbyrå, 2023). Nynorsk er mykje mindre synleg i det norske samfunnet enn det bokmål er (Hoel, 2001, s. 22-23; Hårstad et al., 2021, s. 107; Lunde, 2020, s. 124; Nordal, 2011, s. 110-11; Sønnesyn, 2018, s. 307). NRK har eit særskilt ansvar for å gjere noko med dette (NRK, 2023, s. 4, s. 74 og s. 83; Otnes & Aamotsbakken, 2017, s. 173-174; Språkrådet, 2022a, s. 5). Sidan NRK når eit stort publikum kvar dag (Mediebedriftenes landsforening, 2024; NRK, 2023, s. 5), står allmennkringkastaren i ein unik posisjon til å kunne fremje nynorsken (Askeland et al., 2020, s. 32; Mæhlum et al., 2008, s. 177). Denne granskinga har altså som utgangspunkt at det er eit asymmetrisk forhold mellom bokmål og nynorsk i det norske samfunnet (sjå også kap. 2 Bakgrunn og kap. 3 Teori).

I kvalitative granskingar som brukar sosiolingvistisk metode, vil det alltid vere fleire ulike tilnærmingar som kan vere aktuelle. Derfor er det nødvendig å gjere gode avgrensingar med tanke på metodiske spørsmål (Mæhlum et al., 2008, s. 75). Når det gjeld val av informantar er utvalet motivert av at leiinga i NRK har utarbeidd ein strategi for å auke nynorskbruken, der fleire tiltak er sette i verk (NRK, 2023, s. 77; sjå også Kapittel 2 Bakgrunn). Ein del av NRK sin strategi byggjer på ideen om at ein kan få opp nynorskprosenten ved å «vekkje sovande nynorskbrukarar» (sjå kap. 2 Bakgrunn). Med dette meiner ein journalistar som har hatt nynorsk som hovudmål i skulen, men som på eit tidspunkt har skifta til bokmål og som brukar bokmål i NRK-jobben. Resonnementet er at sidan desse har ei form for grunnkompetanse i nynorsk, så er det lettare å sikre at nynorskkompetansen deira er tilstrekkeleg god i rolla som journalistar (sjå kap. 2 Bakgrunn). Det er slik særleg interessant å undersøkje nærare språkvala til journalistar som tilhøyrrer denne gruppa. Sidan det er spesielt på nett NRK har hatt utfordringar med å oppfylle nynorskkravet, avgrensa eg også utvalet til journalistar som produserer innhald for nrk.no. Desse avgrensingane har både fordelar og ulemper. På den eine sida er det analytiske fordelar ved å spisse forskningstemaet og utvalet. Gjennom dette er det mogleg å gjennomføre ei detaljert og fokusert analyse som tek med bakgrunnen til informantane og nyansane i intervjuet. Samtidig, ved å for eksempel ikkje innlemme journalistar med andre språkbakgrunnar, som bokmålsbrukarar som skriv på nynorsk på jobb, går ein potensielt glipp av perspektiv som kan gi andre verdifulle innsikter om skriftspråkval i NRK. Dette kan vere interessant å undersøkje i seinare studiar (sjå også kap. 6 Avslutning).

1.3 Problemstilling og forskings spørsmål

Hovudproblemstillinga som blir granska gjennom denne oppgåva er:

Kva styrer skriftspråkvala til nettjournalistar i NRK?

For å søkje svar på kva som ligg til grunn for skriftspråkvala til desse journalistane, stiller eg følgjande forskings spørsmål:

1. Korleis opplevde nettjournalistane skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål, og kva er årsakene til skifta?
2. Kva språkval tek nettjournalistane i NRK-jobben, og kva påverkar desse vala?
3. Kva mogleggjer eller hindrar nettjournalistane i å bruke meir nynorsk i NRK-jobben?
4. I kva grad støttar nettjournalistane nynorskkravet i NRK, og kva ansvar opplever dei sjølve å ha for å bidra til at NRK oppfyller kravet?
5. Kva tiltak, om nokon, foreslår nettjournalistane at NRK innfører for å oppfylle nynorskkravet på nett?

Gitt den norske språklova (Språklova, 2021) er ikkje språkbruk i offentlege organ ei privatsak. Om ikkje NRK- journalistar brukar nynorsk, er resultatet at NRK bryt det lovpålagde nynorskkravet. Første forskings spørsmål har som føremål å utforske skriftspråkbakgrunnen til informantane. Dette er eit interessant tema, fordi det kan bidra til å gi kontekst for skriftspråkvala deira på jobb. Det andre forskings spørsmålet søkjer å avdekke kva skriftspråkval journalistane gjer og kva som ligg til grunn for desse vala. Her legg eg vekt på journalistane sine egne opplevingar og eg knyter desse til individuelle, sosiale og strukturelle forhold. Tredje forskings spørsmål ser på kva som bidreg til at journalistane vel å bruke nynorsk på jobb, og kva som hindrar dei i å gjere dette. Det fjerde forskings spørsmålet handlar om korleis journalistane stiller seg til nynorskkravet. Til slutt, det femte

forskingsspørsmålet ser på kva journalistane meiner skal til for at NRK skal klare å oppfylle nynorskkravet på nett.

1.4 Etiske vurderingar og eigen ståstad

Ifølgje forskingsetiske retningslinjer er «[m]ålet med all forskning [...] å utvikle ny kunnskap. Som de generelle forskingsetiske retningslinjene understreker, er det en forutsetning for forskningen at den er kjennetegnet ved ‘ærlighet, åpenhet, dokumenterbarhet og systematikk’» (De nasjonale forskingsetiske komiteene, 2018). For at forskning skal bidra med ny kunnskap, ligg det til grunn eit prinsipp om å «streve etter sanning» (De nasjonale forskingsetiske komiteene, 2018). Når ein strevar etter sanning, kjem ofte eit mål om objektivitet. Ein kan likevel ikkje unngå at den som forskar har med seg egne syn og verdier inn i forskinga. Dette kan påverke både tilnærming og tolking (Larsen, 2017, s. 14). I all forskning, og kanskje spesielt kvalitativ forskning, er det derfor svært viktig å reflektere over eigen ståstad, og korleis denne kan påverke både metodiske og analytiske val. Ei open og ærleg tilnærming til rammene for forskinga som blir presentert, gir lesarane av forskinga betre grunnlag for å vurdere tolkinga og funna på ein god måte. I dette delkapittelet fortel eg derfor om eigen ståstad og rammene for prosjektet.

Eg har hatt nynorsk som hovudmål både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Store delar av den høgare utdanninga mi har eg tatt ved Høgskulen i Volda, der nynorsken er ein viktig del av identiteten til skulen. Etter at eg var ferdig utdanna, begynte eg å jobbe i NRK Møre og Romsdal, der eg framleis jobbar. NRK Møre og Romsdal er eitt av distriktskontora i NRK som brukar mest nynorsk, med ein nynorskdell på nett på 65-70 prosent. Det kan derfor seiast at eg har levd eit nokså «beskytta» liv som nynorskbrukar, sett vekk ifrå at eg, som dei fleste andre, er mest eksponert for bokmål på fritida. Både heime, i skulegangen og på jobb har nynorsk blitt heia på. Eg har såleis eit sterkt forhold til nynorsken, og er opptatt av at NRK skal bruke meir nynorsk på nett. I tillegg er eg medlem i Noregs Mållag. Denne bakgrunnen gjer at eg ikkje går inn i denne granskinga som språkleg nøytral. På grunn av at eg både har eit særleg engasjement for temaet eg granskar, og også er knytt til arbeidsstaden eg forskar på, er det spesielt viktig for meg å vere både nysgjerrig på og kritisk til små og store val eg har gjort i arbeidet med denne oppgåva. Vala blir gjort nærare greie for i metodekapittelet. Det er likevel verdt å nemne eit par punkt allereie her.

For det første, når det gjeld engasjementet mitt for nynorsk, har det vore viktig å vere bevisst utforminga av intervjuguiden og gjennomføring av intervju. Her har eg lagt vekt på å stille opne spørsmål som gir rom for informantane til å kome med eigne erfaringar frå deira eigen ståstad. I tillegg var det viktig for meg å vere bevisst på korleis eg stilte planlagde og oppfølgjande spørsmål gjennom intervjuet, for å i minst mogleg grad påverke informantane sine svar i eine eller andre retninga. Vidare har eg gått systematisk til verks i arbeidet med å kode funna og brukt etablerte teoretiske konsept og empiri. Systematisk analyse hjelper til med å skape distanse mellom forskar og materialet i kvalitativ forskning, og bidreg slik til å kunne dempe eigne syn i tolkingsarbeidet (Everett & Furseth, 2012, s. 145-149; Larsen, 2007, s. 113-116).

For det andre, skriv eg masteroppgåve om min eigen arbeidsplass. Undersøker ein eigen arbeidsplass kan ein risikere at ein ikkje opptreer uavhengig og at ein ikkje har eit distansert nok forhold til feltet ein studerer (Everett & Furseth, 2012, s. 18). Her gjorde eg nokre grep for å forsøke å redusere potensielle negative konsekvensar. NRK ei stor bedrift med mange tilsette. Det var derfor mogeleg å finne informantar som eg ikkje kjende frå før. Ingen av informantane jobbar i NRK Møre og Romsdal. Eg hadde såleis ikkje ein personleg eller profesjonell relasjon til informantane i forkant av intervju. Dette gjorde at både informantane og eg kunne gjennomføre intervju utan konkrete forforståingar om kven «den andre» var.³

For det tredje, er det nokre aspekt ved prosjektet som gjer at det kan diskuteras om det har trekk frå «oppdragsforskning». I følge Kaiser et al., referert til i De nasjonale forskningsetiske komiteene (2018), blir oppdragsforskning definert som:

- Forskning som i hovudsak er finansiert av oppdragsgivere som eksterne finansieringskilder.
- Oppdragsgiveren bestemmer prosjektenes tema og problemstillinger, men ikke øvrig faglig opplegg og metode.
- Resultatene forventes å gi nytte for oppdragsgiveren selv eller andre brukergrupper spesifisert av oppdragsgiveren.

³ Det er verdt å nemne at eg brukar nynorsk i skriftleg kommunikasjon, og at i norsk kontekst så er dette i seg sjølv «markert». Dette kan ha påverka informantane si oppfatning av meg og min språklege ståstad. Eg har også hjulpt journalistar i NRK med korrekturlesing av nynorsk og omsetjing av artiklar til nynorsk, og kan såleis ikkje garantere at eg ikkje var kjend for informantane frå før.

- Oppdragsgiveren får overført visse bruksrettigheter til forskningsresultatene etter avsluttet prosjekt.

Når det gjeld finansiering fekk eg lønna permisjon i éin månad frå NRK for å jobbe med denne masteroppgåva. Eg fekk også eit stipend frå Medietilsynet. Hovuddelen av arbeidet har likevel blitt gjort utan lønn, på eiga fritid. Med utgangspunkt i definisjonen ovanfor, kan ein ikkje seie at den mottatte finansieringa fullt ut fyller kriteriet i punkt 1. For punkt 2, om oppdragsgivar bestemmer tema og problemstilling, så var dette forskingsprosjektet sett i gang på mitt initiativ. Eg har valt tema, forskningsspørsmål og metode. Eg søkte finansiering etter at prosjektet hadde starta opp, og finansieringa påverka slik ikkje rammene til prosjektet. Punkt 2 er slik ikkje relevant for dette prosjektet. Når det gjeld punkt 3 har eg tilbydd meg å legge fram funna for språkstyret i NRK, og nettopp det at NRK kan ha nytte av forskinga var ein føresetnad for å få stipendet frå Medietilsynet. Ein kan derfor seie at dette punktet er relevant for forskinga, og kan påverke tolking og funn. Dette er noko eg har vore bevisst på gjennom prosjektet. Det er her viktig å påpeike at det ikkje har vore lagt nokon føringar, formelt eller uformelt, for val av informantar eller ønskelege funn frå verken NRK eller Medietilsynet. For punkt fire, ligg det ikkje til grunn ein avtale om at NRK eller Medietilsynet får særskilde bruksrettar til forskingsresultata. Dette punktet er derfor ikkje relevant for prosjektet.

I granskingar som omhandlar personar er det viktig å behandle personopplysningar på ein lovleg måte etter personvernregelverket. Før eg gjekk i gang med å finne informantar blei prosjektet derfor meld inn til Sikt, Kunnskapssektorens tjenesteleverandør. Her informerte eg om korleis eg skulle lagre og sikre data. Løyvet frå Sikt blei send til informantane saman med eit samtykkeskjema som dei skreiv under på. Gjennom samtykkeskjemaet fekk informantane informasjon om føremålet med prosjektet og kva det ville innebære for dei å delta. Her blei det informert om kva tema dei kom til å få spørsmål om, kor lang tid intervjuet var venta å ta og at det kom til å bli gjort videoopptak av intervjuet. I samtykkeskjemaet er det også presisert at det er frivillig å delta og at informantane har høve til å trekkje seg utan at det skulle ha ført til nokon konsekvensar for dei. Ikkje minst blei informantane sikra anonymitet og lovnad om at opplysningane om dei skulle bli behandla konfidensielt.⁴ Informantane blei også informerte om kva rettar dei har dersom dei kan identifiserast i datamaterialet. Både samtykkeskjemaet

⁴ Med konfidensielt meiner eg at opplysningar om informantane ikkje skulle delast med andre.

og vurderinga frå Sikt når det gjeld behandling av personopplysningar ligg vedlagd oppgåva. Opptaka av intervju blei lagra i ei lukka og passordbeskytta mappe på min PC. Det same blei transkripsjonen av intervju. Namna til informantane blei erstatta av ein kode som blei lagra på ei namneliste skild frå resten av intervjudataa.

Denne gjennomgangen har hatt som mål å avklare eigen ståstad og rammene for prosjektet og korleis det har blitt gjennomført. Trass i at det er visse trekk ved prosjektet som gjer at det liknar oppdragsforskning, er ikkje kriteria møtt i ein grad som tilseier at prosjektet oppfyller definisjonen. Likevel, det at forskinga kan ha anvendt relevans, har vore motiverande for granskinga. Samtidig er skriftspråkval hos vaksne eit tema som det er lite forska på i norsk samanheng, og det er heller ikkje, så vidt eg veit, forska på journalistar sine skriftspråkval i Norge (sjå delkapittel 1.1.). Dette gjer at oppgåva også vil bidra med ny kunnskap innan forskning på språkskifte og språkval. Avslutningsvis er det slik relevant å nemne at det i ei evaluering av norske forskingsinstitutt kom fram at «selv om mye av oppdragsforskningen er særlig relevant for spesifikke aktører, er det ikke grunnlag for å påstå at kvalitets- og integritetskriteriene settes til side.» (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2018).

1.5 Metodisk tilnærming

Dette er ei sosiolingvistisk gransking som har som føremål å undersøke språk som eit sosialt fenomen. Ved hjelp av kvalitativ metode analyserer eg kva individuelle, sosiale og strukturelle faktorar som styrer skriftspråkvala til eit utval nettjournalistar. Utvalet består av sju informantar som jobbar som nettjournalistar ved ulike redaksjonar i NRK. Informantane er valde ut frå kriteria

- 1) Dei jobbar som journalistar i NRK og lagar nettinnhald
- 2) Dei har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men har skifta hovudmål til bokmål

Gjennom semistrukturerte intervju blir informantane spurde om språkleg bakgrunn, språkskiftet til bokmål, språkleg påverknad, språkleg identitet, egne og andre sine (opplevde)

haldningar til nynorsk, eigen nynorskkompetanse og NRK sitt nynorskkrav. Intervjumaterialet er deretter koda og kategorisert. Det er funn frå desse intervjua som blir tolka og drøfta i lys av sosiolingvistiske teoriar.

1.6 Avklaring av omgrep

Sentrale teoretiske omgrep vil bli forklart undervegs i teorikapittelet. Det er likevel eitt omgrep som er nødvendig å avklare allereie her i innleiingskapittelet, fordi det vil vere oppklarande med tanke på den vidare lesinga av oppgåva. Omgrepet det her er snakk om, er *språkval*. Det er nettopp kva som kan forklare skriftspråkvala til eit utval nettjournalistar denne oppgåva granskar. Språkval er likevel eit omgrep eg ikkje har funne nokon klar definisjon på. Sollid (2012) forklarar språkval på denne måten:

I sosiolingvistikken brukes gjerne begrepet språkvalg om både bevisste eller ubevisste valg om å bruke eller fremme/hindre bruk av språk, varianter av språk eller alternative uttrykksmåter i et språk. Det er hensiktsmessig å skille mellom den enkelte språkbrukerens valg og de valgene som språksamfunnet gjør for eksempel gjennom lovverk og andre styringsdokumenter. (s. 72)

Eg støttar meg på Sønnesyn si forståing av denne forklaringa. Ho meiner individuelle språkval må sjåast i samanheng med strukturar i det språksamfunnet språkbrukane er ein del av (2023, s. 26). Granskinga mi ser derfor nøyare på korleis samspelet mellom språkbrukaren og kollektive strukturar kan styre skriftspråkval i ein profesjonssamanheng. I denne oppgåva fokuserer eg på nettjournalistane sitt val av eitt skriftspråk framfor eit anna.

Omgrepet *språkval* (Sollid, 2012; Sønnesyn, 2023) må ikkje forvekslast med omgrepa *språkskifte* eller *språkveksling*. Eg forstår *skriftspråkval* som eit val ein gjer her og no om å bruke eller ikkje bruke det eine eller det andre skriftspråket. *Språkskifte* (Fishman, 1964; Giles & Smith, 1979; Milroy, 1980) forstår eg som ein prosess der eitt språk tek over for eit anna som førstespråk, og der ein i mange tilfelle etter kvart sluttar å bruke det språket ein har bytt ut. *Språkveksling* (Brunstad, 2020; Giles & Smith, 1979; Helset & Brunstad, 2020; Språkrådet, 2022a) forstår eg som ei veksling mellom ulike språk eller språklege variantar,

som nynorsk og bokmål, og at denne vekslinga er avhengig av situasjon og kontekst. Omgrepa *språkskifte* og *språkveksling* blir presenterte og definerte i teorikapitlet.

1.7 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er delt inn i seks kapittel. I det første kapitlet er innleiinga og problemstillinga med forskingsspørsmål. Kapittel to er eit bakgrunnskapittel der eg kort gjer greie for målstriden, og der eg skriv om NRK sitt allmennkringkastingsoppdrag og særleg om NRK sitt ansvar for å fremje nynorsk. I kapittel tre presenterer eg teorien som dannar ramma for oppgåva. Her legg eg også fram tidlegare forskning som er relevant for granskinga mi. Kva metode som er brukt i både innsamling av data og analyse av datamaterialet blir presentert i kapittel fire. I kapittel fem legg eg fram resultata frå intervjua med informantane og analyserer intervjudata ved hjelp av det teoretiske rammeverket. Til slutt finn ein i det sjette og siste kapitlet oppsummering, konklusjon, drøfting av kva betydning forskinga kan ha, og endeleg forslag til vidare forskning.

2 Bakgrunn

I dette kapitlet vil eg presentere det eg meiner er ein viktig bakgrunn for granskinga. Her gir eg ei oversikt over kva som ligg til grunn for tospråks situasjonen vi har i Noreg, korleis språkpolitikken vernar nynorsken, og årsakene til at NRK har eit særskilt ansvar for å fremje og styrkje nynorsk.

2.1 Språkhistorie og språkpolitikk

At vi i Noreg har to likeverdige skriftspråklege varietetar av norsk, nynorsk og bokmål, gjer at språksamfunnet vårt skil seg frå mange andre språksamfunn. For å sjå korleis nynorsk har gått frå å vere ei kampsak til å bli ein sjølvsgd del av det norske språksamfunnet, er det nødvendig å ta eit raskt historisk blick tilbake til 1800-talet. Då skjedde det store endringar. Etter lausrivinga frå Danmark i 1814 blei det etter kvart sett i gang ei fornorsking av skriftspråket som nordmenn hadde delt med danskane. Det særeigne norske blei dyrka for å skape ein nasjonal identitet og for å markere avstand til Danmark. Språket var ein viktig markør her (Hyvik, 2009, s. 13 og s. 376-377; Otnes & Aamotsbakken, 2017, s. 181; Torp & Vikør, 2014, s. 148-151). Også framveksten av nasjonalromantikken i Europa på 1800-talet medverka til etableringa av nyare moderne norsk då han nådde Noreg (Torp & Vikør, 2014, s. 151-153). Fornorskingslinja og Knud Knudsen jobba for ei reformering av det danske skriftspråket basert på det norske talemålet. Som eit alternativ til dette, begynte Ivar Aasen sitt arbeid for å skape eit nytt norsk skriftspråk som kunne representere det vanlege folkemålet. Dette ville han gjere ved å ta utgangspunkt i innsamla materiale frå norske dialekter og norrønt. Språksamlaren Aasen blei sett på som ei intellektuell røyst og fekk støtte for å utvikle arbeidet sitt. Det var likevel ikkje alle som var begeistra for Aasen si nyskaping, og fornorskingslinja og nyskapinglinja blei to konkurrerande retningar. Fornorskingslinja kjempa for det som seinare blei heitande riksmål. Her var den politiske høgresida og embetsmannsstanden viktige støttespelarar. Aasen sitt landsmål var i hovudsak støtta av den politiske venstresida og andre radikale rørsler (Hoel, 2011, s. 444-448). Landsmålet representerte ei motvekt til det konservative og utfordra såleis eliten, og det blei ein lang kamp (Hyvik, 2009, s. 270; Torp & Vikør, 2014, s. 134-138). I 1885 blei landsmål og riksmål til slutt sidestilte gjennom jamstillingsvedtaket, og ein fekk to offisielle målformer i Noreg. I

tida etter vedtaket blei det jobba for realisering av denne sidestillinga (Hårstad et al., 2021, s 16). I 1892 fekk landsmålet ein viktig politisk siger då Stortinget vedtok at kommunane kunne velje målform sjølv. Dette resulterte i ein stor auke av nynorske skulekrinsar, som førte til at det blei laga lærebøker også på nynorsk. Dette gav igjen grobotn for nynorske forlag. Det blei også vedtatt at alle elevar i Noreg skulle lære seg å lese både bokmål og nynorsk. Politiske vedtak, med Venstre i spissen, var såleis avgjerande for at nynorsken fekk rotfeste i det norske språksamfunnet. Dei sterke nasjonalkjenslene som følgde med unionsoppløysinga frå Sverige i 1905, hadde også positiv innverknad for landsmålet (Hoel, 2011, s. 462).

2.1.1 Språklover

I 1930 blei «Lov om målbruk i statstenesta» vedteke. Denne mållova slo blant anna fast at ein skulle få svar på same målform som ein brukte sjølv når ein kontakta statlege organ (Grepstad, 2020, s. 92). Veksten til det som etter 1929 blei heitande nynorsk, varte fram til andre verdskrig. Då hadde så mange som éin av tre elevar nynorsk som hovudmål. Etter krigen fekk nynorsken ein stor tilbakegang. Éi av årsakene er at det skjedde det ei urbanisering i etterkrigstida, og nynorsken hadde aldri vunne fram i byane (Hoel, 2011, s. 462). Tilbakegangen heldt fram, og i 2020 var det 12 prosent av elevane i grunnskulen som hadde nynorsk som hovudmål (Grepstad, 2020, s. 229).

Forholdet mellom bokmål og nynorsk er ein viktig del av norsk språkpolitikk. Sjølv om bokmål og nynorsk blei sidestilte i 1885, har det vore strid rundt språksituasjonen, og nynorsken har trunge vern gjennom lovgjeving. «Lov om målbruk i offentleg teneste», som blei vedtatt i 1981, avløyste mållova frå 1930. Den nye mållova regulerte bruken av dei to målformene i statstenesta ved å slå fast at «Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune» (Mållova, 1981, § 1). Lova hadde også eit kvotekrav for dei sentrale statsorgana, som betyr at ingen av målformene skulle brukast i mindre enn 25 prosent av det som blei sendt ut av informasjon og liknande. Det offentlege hadde altså eit særskilt ansvar for å bruke og synleggjere nynorsk. Likestilling mellom bokmål og nynorsk blei også understreka i St.meld. nr. 35 «Mål og meining», som kom i 2008. Stortingsmeldinga peika på at bokmål og nynorsk har ulike rammevilkår, og at det såleis krev særskilde tiltak for å fremje nynorsken:

Det er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis. Dette er eit særskilt språkpolitisk mål [...].

Den meirverdien det representerer for norsk kultur- og samfunnsliv å halda begge dei to skriftkulturane våre i hevd, er langt større enn dei praktiske utfordringane som følgjer med. Det ligg dessutan ein særleg språkpolitisk skyldnad i å vareta dei språklege rettane til nynorskbrukarane.

I den nye språkpolitikken vil det vera eit underforstått prinsipp at tiltak til styrking av norsk språk generelt også må omfatta tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt, når dette er relevant. (St.meld. 35 (2007-2008), s. 14)

Målet med den omfattande stortingsmeldinga var å etablere ein heilskapleg språkpolitikk for å sikre det norske språket som eit samfunnsberande språk (St.meld. 35 (2007-2008), s. 14). I 2022 blei Mållova frå 1981 avløyst av Språklova. Igjen blei det stadfesta at nynorsk og bokmål skal vere jamstilte. I denne lova blir *skriftspråk* brukt om dei to varietetane i staden for *målform* (Språklova, 2021), og det blei tydelegare at både nynorsk og bokmål er sjølvstendige skriftspråk heller enn to former av norsk. I eit høyringsnotat frå Kulturdepartementet er endringa grunnlagt på denne måten:

Språk som står like nære einannan som bokmål og nynorsk, kan med god grunn kallast ulike språk. Det er hevda at den særnorske nemninga målform, brukt om bokmål og nynorsk, grodde ut frå tanken om ei framtidig samling til eitt norsk språk der dei to variantane møttest. Denne tilnæringspolitikken er no eit tilbaketrukket stadium. (Kulturdepartementet, 2019)

Eg vil derfor bruke *skriftspråk* om nynorsk og bokmål i denne masteroppgåva.

2.2 Nynorsk i skulen

Nynorskbrukarar skal kunne bruke språket sitt på alle område der bokmålsbrukarar brukar sitt språk, og dette viser St.meld. nr. 35 (2007-2008): «Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt» (s. 82). Dette understrekar også at kompetanse

i både nynorsk og bokmål skal bli vektlagd i skulen (Skjong, 2011, s. 43). Skulen er med si nynorskopplæring eitt av dei viktigaste områda for nynorsk. Ifølgje læreplanen LK20 skal elevane lære å meistre begge skriftspråka, og etter 10. klasse skal elevane kunne å: «[...] mestre rettskriving og ordbøying på hovedmål og sidemål» (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 9). Elevane skal også lære om den norske språkhistoria og den norske språksituasjonen. Eitt av kjerneelementa i norskfaget er at «Elevene skal ha kunnskap om dagens språksituasjon i Norge og utforske dens historiske bakgrunn. De skal ha innsikt i sammenhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå egen og andres språklige situasjon i Norge» (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 3).

Samtidig som alle elevar skal lære å bruke både bokmål og nynorsk, er målet at dei også skal lære å verdsetje språkleg mangfald (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 3). Dette er ikkje berre norsklærarane sitt ansvar. I den overordna delen av læreplanen står det at: «Skolen skal gi elevene historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at hver elev kan ivareta og utvikle sin identitet i et inkluderende og mangfoldig fellesskap» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 5). Ifølgje Nordal (2011, s. 111) møter nynorskelevar negative haldningar mot språket sitt ofte, og dei kan møte det også hos lærarar. Ho påpeikar at nynorskbrukarar opplever at nynorsk kan bli omtalt negativt også i andre delar av samfunnet, som i media, og at dette kan få følgjer for det språklege sjølvbildet deira: «Elevar i skulen er kanskje meir sårbare for språkkritikk enn vaksne språkbrukarar, men dei fleste kjenner seg usikre og får mindre lyst til å vere språkleg aktive om talespråket eller skriftspråket dei bruker, vert kritisert eller gjort narr av» (Nordal, 2011, s. 130). Nordal (2011, s. 111 og 130) hevdar at skulen har eit særleg ansvar for å bidra til å styrke den språklege sjølvtiliten hos born og unge for å kunne motstå press og påverknad frå bokmål. Walton (2015, s. 24) meiner det er nettopp det å lære seg forståing for minoritetssituasjonen som er det viktigaste ved sidemålssystemet, og ikkje nødvendigvis det at elevane skal lære seg å meistre begge språk. Eit anna argument for kor viktig rolla til skulen er når det gjeld språkleg mangfald, er at elevane skal utvikle språkleg sjølvtilit. I læreplanen LK20, som ironisk nok førebels finst berre på bokmål, er det slått fast at elevane gjennom norskfaget skal bli «[...] trygge språkbrukere og bevisste på sin egen språklige og kulturelle identitet innenfor et inkluderende fellesskap der flerspråklighet blir verdsatt som en ressurs» (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 2). For nynorskelevane er det særleg viktig å utvikle denne språklege tryggleiken, med tanke på bokmålsdominansen i samfunnet og dei negative haldningane dei kan bli møtte med til språket sitt. Både språkleg

mangfald og språkleg tryggleik er viktige stikkord når eg seinare skal analysere resultatane frå intervjuane med nettjournalistane i NRK.

2.3 Nynorsk - eit minoritetsspråk?

Som vist skal den norske språkpolitikken, både i skulen og elles, i teorien sikre at bokmål og nynorsk er sidestilte. Det er likevel ikkje slik i praksis. Blant anna har nynorskbrukarane alltid vore i mindretal. Talet på nynorskbrukarar blant elevar kan illustrere dette: I 2023 hadde 11,38 prosent av alle grunnskuleelevar nynorsk som hovudmål (Statistisk sentralbyrå, 2023). Dette er ein nedgang på 2,9 prosentpoeng sidan 2001. Etter at Sogn og Fjordane blei slått saman med Hordaland og blei til Vestland fylke, finst det ingen fylke der nynorskelevane er i fleirtal lenger. Møre og Romsdal er det fylket med høgast prosentdel når det gjeld elevar med nynorsk som hovudmål, med 49 prosent. I Oslo, Trøndelag, Nordland og Troms og Finnmark hadde over 98 prosent av elevane bokmål som hovudmål i 2021 (Statistisk sentralbyrå, 2022). Frå 2002 til 2022 kunne ein sjå ein tilbakegang når det gjeld nynorsk i 58 kommunar (Språkrådet, 2022a, s. 18). I 2020 var det ifølgje Askeland et al. (2020) «[...] sannsynleg at kvar tredje nynorskelev vil skifte til bokmål før vedkomande har fylt tjue år [...]» (s. 21). Tilhøvet var det same 19 år tidlegare. Leiar i Noregs Mållag, Oddmund Løkensgard Hoel (2001, s. 22-23) slo då fast at dette var alvorlege tal då han presenterte framtidige utfordringar for målrørsla. Hoel peika på at bokmålpresset er størst i område der folk brukar både nynorsk og bokmål, og at «[...] dårleg tilgang på nynorske læremiddel og mangelen på nynorsk lesnad elles i samfunnet er dei viktigaste forklaringane på fråfallet» (2001, s. 22-23).

Mindretalsposisjonen til nynorsk gjer at somme samanliknar det med eit minoritetsspråk. Omgrepa *minoritet* og *majoritet* seier først og fremst noko om skilnaden mellom to ulike grupper når det gjeld størrelse. Mæhlum (2020) meiner det likevel ikkje er det kvantitative forholdet mellom gruppene som er det viktigaste, men heller «[...] den *asymmetriske* relasjonen som ofte hersker mellom minoriteten og majoriteten når det gjelder makt, dominans, innflytelse, prestisje [...]» (s. 126-127). Majoritetsspråket har ein leiande posisjon, og minoritetsspråket er mindre viktig og underordna majoritetsspråket (Hårstad et al. 2021, s. 156).

Det er derimot ikkje heilt semje om nynorsk kan kallast for eit minoritetsspråk eller ei. Hårstad et al. (2021, s. 107 og s. 115-116) meiner nynorsk kan omtalast som eit *minorisert språk*, og peikar på at det asymmetriske forholdet mellom bokmål og nynorsk, både når det gjeld bruk og status, ligg til grunn for bruken av dette omgrepet. Brunstad (2020) brukar også det asymmetriske forholdet mellom dei to skriftspråka som argument når han meiner at nynorsken på mange område «[...] fungerer som eit minoritetsspråk med mange av dei utfordringane det inneber» (s. 176). Jansson (2011), derimot, meiner nynorsk *ikkje* kan kallast eit minoritetsspråk, men, eller fordi, det er «[...] ein del av den norske skriftkulturen» (s. 16). Det finn eg støtte for i Askeland et al. (2020), som meiner at «Ein kan uansett ikkje hevda at nynorsk er eit minoritetsspråk» (s. 25). Stortingsmelding nr. 35 diskuterer også om omgrepet kan brukast om nynorsk:

Ofte ser ein også uttrykket minoritetsspråk brukt om nynorsk. Men etter folkeretten kan ikkje dei som bruker nynorsk, definerast som ein minoritet. Skiljet mellom nynorsk og bokmål i Noreg reflekterer inga form for etnisk kløyving i folket. Det er geografi, familiebakgrunn og språkideologiske haldningar som avgjer kva for eit av dei to norske skriftspråka folk vel. Difor bør ein også unngå å kalla nynorsk eit minoritetsspråk. (St.meld. nr. 35 (2007-2008), s. 58).

Heller ikkje språkpolitikaren Grepstad (2012) vil kalle nynorsk for eit minoritetsspråk. Han er kritisk til at omgrepet minoritet oftare blir brukt om nynorsk enn før, og meiner minoritet ikkje er «[...] det same som *mindretal* eller *mindre brukt*. [...] Å snakke om seg sjølv som ein minoritet er knektens posisjon slik herren vil ha det – herren med liten H» (s. 159). Han meiner såleis at nynorskbrukarar ikkje gjer seg sjølv noko teneste når dei «[...] gjer seg sjølve til ein slik minoritet» (Grepstad, 2012, s. 159).

I denne granskinga vel eg heretter å bruke *minorisert språk* om nynorsk, slik som Hårstad et al. (2021, s. 107 og s. 115-116). Det gjer også Sønnesyn (2023, s. 5-6), som argumenterer for bruken av denne karakteristikken med at ein kan samanlikne utfordringane til nynorsken med utfordringane mindretalsspråk i andre land møter. Poenget hennar er at denne samanlikninga vil kunne bidra til ei auka forståing av nynorskbrukarane sin situasjon. Bokmål vil eg omtale som *majorisert språk*.

Uansett om ein omtalar nynorsk som eit *minoritetsspråk* eller ikkje, kan ein slå fast at bokmål dominerer i det norske samfunnet, og at nynorskeksponeringa er tilsvarende lita. Media spelar ei viktig rolle for språklæring, som dei største tekstprodusentane i landet (Askeland et al., 2020, s 32; Mæhlum et al., 2008, s. 177). Språket journalistikken blir formidla gjennom er derfor viktig som eit språklege førebilete for lesarane (Vestad & Alme, 2002, s. 14). I det følgjande skal vi sjå at NRK spelar ei vesentleg rolle for nynorsken, både for å auke eksponeringa av nynorsk i samfunnet og som språkleg førebilete.

2.4 Allmennkringkastaren NRK

NRK er ein statleg allmennkringkastar. Det vil seie at NRK er eigd og finansiert av staten, og det er visse forventningar til kva innhald NRK skal levere tilbake til folket. Dette gjer at NRK har eit særskilt samfunnsoppdrag samanlikna med andre medium. NRK har spelt ei viktig rolle i oppbygginga av ein nasjonal identitet, blant anna ved folkeopplysning og å gi felles opplevingar til det norske folk. Heilt sidan etableringa i 1933 har målet til NRK vore å vise fram ulike sider ved det norske samfunnet, også det språklege mangfaldet. Det blei også i oppstarten lagt vekt på å fremje det norske både når det gjaldt kultur, språk og historie, og nynorsken var her ein sjølvsgd del (Halse og Østby, 2003, s. 73-82).

Allmennkringkastingsoppdraget til NRK er definert gjennom NRK-plakaten, som er vedtatt av Stortinget. Her finn ein krava for NRK si verksemd. Denne viser at NRK skal:

1. Understøtte og styrke demokratiet
2. Vere allment tilgjengeleg
3. Styrke norsk språk, identitet og kultur
4. Jobbe for høg kvalitet, mangfald og nyskaping
5. Ha eit ikkje-kommersielt tilbod

(NRK, 1996)

NRK har eit særleg ansvar for å fremje både bokmål, nynorsk, teiknspråk, samisk og andre minoriserte språk. Språkrådet (2022b) seier at «NRK spelar ei svært viktig rolle som leverandør av attraktivt norskspråkleg innhald til barn og unge og er ein av dei viktigaste

språkpolitiske aktørane i landet» (s. 5). I vedtektene til NRK står det at «Minst 25 prosent av innholdet skal være på nynorsk» (NRK, 1996). Dette kravet blei formelt stilt i 1970 etter ei drøfting i Stortinget (Otnes & Aamotsbakken, 2017, s. 173-174). NRK greidde nynorskkravet først nesten 50 år seinare. I 2019 var 25,2 prosent av det totale innhaldet til NRK på nynorsk (NRK, 2020). Kravet er derimot minst 25 prosent nynorskinnhald på kvar enkelt plattform, altså radio, nett og TV. NRK har aldri klart å oppfylle nynorskkravet på nett. Dette har Medietilsynet forlangt at NRK må gjere noko med gjennom sine tilsynsrapportar. Kvart år leverer nemleg NRK eit allmennkringkastingsrekneskap til Medietilsynet der det blir gjort greie for korleis samfunnsoppdraget blir løyst. Medietilsynet utarbeider deretter ein allmennkringkastingsrapport som inneheld vurderingar av korleis NRK oppfyller oppdraget sitt (Medietilsynet, 2023).

Å «løfte og berike norsk og samisk språk og kultur» er eitt av dei tre viktigaste måla i NRK sin overordna strategi (NRK, 2023, s. 4). I 2022 nådde NRK 9 av 10 av innbyggjarane i Noreg med sitt innhald, noko som viser at NRK er ein viktig aktør som er samlande for det norske folk (NRK, 2023, s. 5). Gjennom allmennkringkastingsrekneskapen for 2022, som til liks med LK20 er skriven på bokmål, viser NRK at språk er eit satsingsområde:

NRK skal bidra til å styrke norsk og samisk språk og identitet. Innhold som gjenspeiler norsk virkelighet, er bærebjelken i tilbudet fra NRK. [...] NRK har et helt spesielt ansvar for de norske og de samiske språkene. Dette språkansvaret gjenspeiles i innholdet til NRK. En forutsetning for språkarbeid på tvers i hele NRK, er organiseringen av arbeidet og språknettverket i NRK. (NRK, 2023, s. 74)

Rekneskapen (NRK, 2023, s. 77) viser at NRK sette inn fleire tiltak i 2022 for å få opp nynorskbruken på nett, som auka bruk av omsetjingsverktøyet «Nynorskroboten», regelmessig rapportering av nynorskprosenten både på divisjonsnivå og avdelingsnivå, og månadleg rapportering til kringkastingssjefen. I tillegg har prosjektgruppa som skal jobbe for å auke bruken av nynorsk i NRK halde fram med sitt arbeid blant anna for å auke bevisstheita rundt nynorsk. NRK har også ei eiga gruppe på kommunikasjonsverktøyet Slack der ein kan

få nynorskhjelp.⁵ I allmennkringkastingsrekneskapen er det likevel understreka at det viktigaste tiltaket for å få opp nynorskprosenten er å få opp entusiasmen for nynorsken:

Bruken av språkteknologi, bevisst rekruttering av nynorskbrukere og konkrete prosjekter er viktig for å øke bruken av nynorsk på alle plattformer i NRK. Det må presiseres at språkteknologi er ett av flere tiltak. Den aller viktigste jobben er å spre entusiasme rundt språkarbeid generelt og nynorsk spesielt, også i miljøer som ikke er i typiske nynorskområder. (NRK, 2023, s. 77)

Med visjonen «Sammen skaper vi et Norge der alle hører til» er det å fremje mangfald og å hindre diskriminering noko NRK jobbar for. I det ligg det også å fremje språkmangfald og å hindre språkdiskriminering. Eitt av dei fire områda som blei prioriterte av NRK i 2022 når det gjeld mangfald, er nettopp språkmangfald (NRK, 2023, s. 83).

Medietilsynet (2023) utarbeidde «Allmennkringkastingsrapporten for programåret 2022 - NRK» på bakgrunn av denne allmennkringkastingsrekneskapen. Rapporten viser at det var berre eitt av 50 krav som ikkje blei oppfylt, og det var nynorskkravet. I rapporten skriv Medietilsynet at NRK har rett nok aldri hatt så mykje nynorskinnhald på nett som i 2022, med eit tal på 20,9 prosent. Medietilsynet meiner dette viser at tiltaka som er sette inn, har fungert. Det er likevel framleis ein veg å gå for å nå målet om minst 25 prosent nynorsk også på denne plattformen, og Medietilsynet (2023) meiner det ikkje går fort nok:

⁵ NRK har ein eigen chat der ein kan få nynorskhjelp. Dette er både for bokmålsbrukande nettjournalistar som treng at nokon korrekturles ei sak dei har omsett til nynorsk, ofte ved hjelp av nynorskroboten, og det kan vere nynorskbrukande nettjournalistar som treng hjelp til formuleringar og så vidare.

Bruddet på kravet til nynorskandel har vært gjentagende over flere år. [...] Medietilsynet vurderer fortsatt at utviklingen går for sakte, og at NRK må styrke arbeidet med å utvikle strukturer og systemer som fremmer konkrete resultater og motvirker at språkarbeidet blir for sårbart. (s. 5)

Medietilsynet meiner at NRK oppfyllte kravet om styrking av norsk språk, identitet og kultur i 2022, men at systematiske tiltak ikkje har hatt god nok effekt på det totale nynorsktilbodet til NRK (Medietilsynet, 2023, s. 82).

2.4.1 «NRK er det aller største utstillingsvindauget til nynorsken»

I 2023 var 22,4 prosent av innhaldet på nrk.no på nynorsk (NRK, 2024b). For å få eit endå betre innblikk i arbeidet som blir gjort i NRK for å auke bruken av nynorsk, gjennomførte eg eit intervju med språksjef Karoline Riise Kristiansen. Ho fekk spørsmål om kva opplæringstilbod NRK har, kva ho tenkjer skal til for å få opp nynorskprosenten, kva effekt NRK ser av ulike tiltak som er sette inn, kva haldningar ho opplever det er til nynorsk i NRK, og til slutt kor viktig ho tenkjer NRK er for nynorsken.

I tillegg til tiltaka som har vore omtalte tidlegare, trekkjer språksjefen fram «Nynorsk fadderordning», som er meint for tidlegare nynorskbrukarar. Gjennom denne ordninga får nettjournalistar ein fadder dei kan stille spørsmål til, og som skal følgje dei tett for å hjelpe dei å skrive nynorsk. Riise Kristiansen seier også at anten ho sjølv eller språkkontaktar i ulike redaksjonar kan ta direkte kontakt med journalistar dei ser er ustøe i nynorsk: «Når eg ser nynorskbrukarar på nrk.no som eg ikkje har sett før, så prøver eg å følgje dei opp. Spesielt viss eg ser feil. Då begynner eg å grave og spørje litt.»

Riise Kristiansen seier at også Nynorsk mediesenter er eit viktig tiltak for å auke bruken av nynorsk i NRK. 40 kull med nynorskpraktikantar har vore gjennom opplæringa ved mediesenteret i Førde sidan oppstarten i 2004. 50 prosent av praktikantane frå dei ti siste kulla jobbar i NRK (NRK Nynorsk mediesenter, 2023, s. 1 og 12). Nynorsk mediesenter har også nynorskkurs for NRK-journalistar. Språksjefen seier at ein stor del av jobben hennar går ut på å informere om ulike nynorsktiltak. Riise Kristiansen hevdar ho ser ein effekt på ulike redaksjonar etter gjennomførte opplæringstiltak der, og viser til at enkelte redaksjonar har hatt ti prosent meir nynorskinnhald på to år. Det som skal til for å nå målet om minst 25 prosent nynorsk på nett, meiner Riise Kristiansen er at ein både må rekruttere fleire nynorskbrukarar og få nynorskbrukarar i NRK til å skrive meir på nett. I NRK brukar ein omgrepet «sovande nynorskbrukarar» om dei som har hatt nynorsk som hovudmål i skulen, men som ikkje brukar nynorsk i journalistjobben sin: «Og så er vi sjølv sagt heilt avhengige av at dei som vi kallar 'sovande nynorskbrukarar', som no brukar bokmål, men som eigentleg var nynorskbrukarar ein gong. At dei begynner å bruke nynorsk, er veldig viktig.» Riise Kristiansen trur noko av årsaka til at mange vel å ikkje bruke nynorsk er at dei synest der er vanskeleg. Språksjefen understrekar at alle har eit ansvar for språkoppdraget i NRK, men har likevel forståing for at nynorsken kan bli nedprioritert når nyheiter skal ut på nett i full fart: «Viss ting skal gå kjapt, så har eg sagt at dei ikkje skal begynne å fikle med den nynorskroboten. Viss det brenn på dass, liksom. Då er det nyheitsoppdraget som trumfar.»

Når det gjeld haldningane til nynorsk i NRK, meiner Riise Kristiansen at dei er gode. Samtidig seier ho at ho av og til har tenkt at «Her kan det ikkje vere lett å vere nynorskbrukar». Ho peikar mellom anna på at redaksjonar har skrive sjølve innlegget på bokmål når dei har delt ei nynorsksak på Facebook. Då har det kome fram at det har blitt gjort med vilje for å ikkje få så mange negative reaksjonar frå publikum i kommentarfelta. Riise

Kristiansen seier ho har forståing for at ein ikkje vil ta fokuset vekk frå saka, men at ho likevel synest det er dumt at nynorsken blir vald vekk av den grunn:

Vi skal hjelpe folk med å bli eksponerte for det. Men vi får no veldig mange sinte meldingar frå lesarar om at vi skriv nynorsk. Det får vi kvar månad, det. Noko som går att der er ‘Hvor er bokmålsknappen?’ Og då må eg berre forklare dei at det er veldig synd at dei ikkje vil lese saker på nynorsk, men at det er no eingong slik at vi har to skriftspråk i Noreg og at NRK er ein allmennkringkastar. Så eg tenkjer at det skal ikkje vi vere redde for.

Språksjefen meiner NRK er svært viktig for nynorsken:

[...] NRK er den største leverandøren av bruksspråk. Derfor meiner eg vi er så viktige. NRK er det aller største utstillingsvindauget til nynorsken. [...] tingen er at NRK er her og no. Vi er ikkje den boka som kom ut i fjor. Det er det språket vi brukar her og no, og det er derfor vi er så viktige ut mot publikum.

Riise Kristiansen nemner også at nynorsk har blitt brukt som eit salsargument når eksterne selskap vil selje innhald til NRK. Det vil seie at produksjonsselskap er bevisste på at NRK har eit særleg fokus på bruk av nynorsk.

Intervjuet med Karoline Riise Kristiansen blir ikkje sett på som ein del av datamaterialet som skal granskast i denne oppgåva, men det er ein viktig bakgrunn for analysen av intervjuet med informantane.

2.4.2 Negative reaksjonar frå publikum

Nordal (2011) påpeikar at NRK er «Ein av dei få stadene der alle i landet kan møte nynorsk kvar dag [...]» (s. 109). Ho meiner det er så vanleg å møte nynorsk i NRK at det er få som protesterer på det. Det er kanskje ikkje så mykje negativt som blir sagt om nynorskbruken i NRK i det offentlege, men den månadlege statistikken frå Publikumsservice i NRK (NRK, 2024a) viser at protestane finst. Av dei 6334 sakene publikum tok kontakt med NRK om i januar 2024, handla 144 om språk. 11 av desse av desse var negative reaksjonar på at det blir brukt nynorsk (NRK, 2024a). Fleire av dei handla om ønske om at ein med dagens teknologi kunne få servert artiklar på begge språk, men det er også andre tilbakemeldingar:

16. januar:

Hva i all verden er det som skjer i nrk for tiden,....jeg har snakket med masse folk som reagerer som meg , . og vi lurar på hvorfor det ermaseansettelser av folk som snakker nynorsk , ...som er MEEEEEEGET vanskelig å forstå, ...og derav , også teksting på nynorsk som er like vanskelig, ...DETTE PROTESTERER JEG / VI PÅ !!!!!!! mener og ha lest at DET ER VEDTATT AT NRK skal formidles på NORSK BOKMÅL i fremtredende kraft!! OG ,....HÅPER DET BLIR SÅ FOR FREMTIDEN !!!

18. januar:

Over lang tid har all skriftlig nfo på nrk nyheter skrevet på nynorsk, hva er begrunnelsen for det? Har egentlig ikke noe i mot nynorsk men det er mye

vanskeligere for de fleste å forstå . Dessuten har jeg blitt fortalt at så mye, nærmest alltid på nynorsks ikke er i tråd med nrks instruks?

25. januar:

For oss som har levd en stund vet vi at andelen nynorsktalende i Norge er lav. Kanskje rundt 10 %. Hvorfor må vi som borgere presses til å lese nynorsk i mer enn 50 % av artiklene? Det er rett og slett slitsomt og plagsomt og veldig irriterende. Finnes det ikke regler for språkbruk hos NRK?

26. januar:

Leste en av deres artikler i kveld og synes det er meget frustrerende som å ikke forstå innholdet av hva dere skriver på nynorsk. Jeg er høyt utdannet og burde nok kjemmes av å ikke kunne forstå hva dere skriver...:) "Domstolen krev difor mellombelse tiltak inntil den endelege dommen kjem, noko som kan ta fleire år.» Kunne det vært en ide å ha en et valg på nettutgaven deres om det skal være nynorsk eller bokmål tekst?

30. januar:

Kan dere snart begynne å skrive saker på bokmål igjen? Det er så liten del av Norge som bruker nynorsk at det virker helt sykt å bli tvunget til å lese dette språket. Eventuelt kan jeg slutte å bruke NRK, men da må jeg kreve skattelette. For da betaler jeg for et produkt jeg ikke kan bruke. Men helt seriøst: Nå med dagens teknologi. Det burde være mulig å få et valg fra statskanalen.

31. januar:

Slutt med nynorsk. Ferdig snakket

NRK (2024a)

I februar 2024 kontakta publikum NRK om 4991 saker. 161 var om språk, og ni av disse var negative tilbakemeldingar på bruken av nynorsk. Nokre av disse tilbakemeldingane viser svært negative haldningar til nynorsk:

4. februar:

Hvorfor skriver dere alltid på nynorsk når dere har artikler om Palestina??? Fordi dere vet at nesten ingen liker nynorsk og at det er vanskeligere å lese nynorsk??!! Dere vet veldig godt at de fleste foretrekker bokmål og virker som dere gjør dette med vilje pga dere ikke vil folk skal forstå. Dere skriver jo bokmål i alle andre artikler. Tror dere ikke vi skjønner hva dere driver med?

22. februar:

Går det an å skrive bokmål så folk forstår hva som blir skrevet? Evt. ha muligheten til å velge? De som har lyst til å lære seg dialekt kan faen meg gjøre det for min del, men må det være på bekostningen av alle sammen? Jeg er møkk lei av å må lese flere ganger for i det hele tatt ha sjans om å forstå hva som blir skrevet ikke nok med det, men det ender bare med at det folk velger å skrive med masse skrivefeil. Hvem faen er det som kaller en vedovn for vedomn? (...)

27. februar:

At dere som informasjonskanal som mottar milliarder i subsidier via skatteseddelen fra oss 'vanlige folk' ikke klarer å kunne tekste deres artikler på både bokmål og nynorsk finner jeg ufattelig irriterende og rett og slett provoserende! (...) (Lang e-post med nedlatende kommentarer om både nynorsk og samer)

NRK (2024a)

Denne statistikken viser at det ikkje er ein stor del av klagene som går på negativitet til nynorsk. Klagene viser likevel at det er hald i påstandar om at det kjem negative reaksjonar frå publikum når det gjeld bruken av nynorsk. Det som er interessant for denne granskinga er å sjå om og korleis nettjournalistane vektlegg slik negativ respons.

2.5 Oppsummering

Dette bakgrunnskapittelet har utdjupa kvifor det er interessant å undersøke språkvala til nettjournalistar i NRK. Striden mellom bokmål og nynorsk har forma den norske språksituasjonen slik han er i dag. Bokmål og nynorsk er sidestilte gjennom lover og i læreplanane, men det er bokmål som er det dominerande språket i det norske samfunnet.

Relasjonen mellom dei to språklege varietetane er asymmetrisk både når det gjeld bruk og eksponering. Media er ein viktig aktør når det gjeld språklæring og -eksponering, og NRK har eit særskilt ansvar for å vise fram nynorsken som bruksspråk. Trass dette ansvaret slit NRK med å nå kravet om at 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Utfordringa er særleg stor når det gjeld nettplattforma, noko Medietilsynet har påpeika gjennom sine rapportar.

3 Teori

I dette kapitlet presenterer og diskuterer eg forskingslitteratur og teoretiske omgrep som dannar rammeverket for granskinga mi. Eg brukar tidlegare forskning og sentrale omgrep frå sosiolingvistikken (Hudson og Labov sitert i Hernes 2019; Milroy 1980; Saussure, 1983; Trudgil, 2003) for å forklare korleis ei gruppe nettjournalistar i NRK forstår og gir mening til sine val av skriftspråk i profesjonssamanheng.

For å best mogleg kunne belyse breidda og nyansane i informantane si forståing av eigne språkval, brukar eg omgrep som *språkskifte* (Fishman, 1964; Giles & Smith, 1979; Milroy, 1980), *språkleg identitet* (Giddens, 1996; Le Page & Tabouret-Keller, 1985; Mead, 1934), *språkleg påverknad* (Bourdieu, 1991) og *språkhaldningar* (Baker, 1992; Garrett, 2010). Desse omgrepa blir først presenterte og diskuterte, før eg til slutt i kapitlet presenterer tidlegare empiriske studiar innan desse forskingsområda. Fleire av teoriane og mykje av litteraturen eg presenterer er knytte til talespråket. Sønnesyn (2018) hevdar at teoretiske innfallsvinklar om språkskifte av talemål også kan brukast når det gjeld skriftspråkskifte. Ho legg vekt på at «Sidan det i begge høve dreier seg om val av ein språkleg varietet over ein annan, kan ein likevel leggja til grunn at likskapane mellom dei to fenomena er såpass store, at mange av dei teoretiske standpunkta let seg overføra» (s. 305). Eg støttar denne argumentasjonen når eg meiner desse teoriane er relevante i mi gransking om skriftspråkval.

3.1 Sosiolingvistik

Granskinga mi skriv seg inn i den sosiolingvistiske tradisjonen, då ho studerer språk som eit sosialt fenomen. I dette perspektivet er vi nemleg opptatt av språket i det sosiale fellesskapet det er ein del av, men også forholdet mellom språk og samfunn. Det er her verdt å poengtere at fokuset i granskinga er på korleis nettjournalistane i NRK sjølve forklarar og forstår eigne språkval for skriftspråk, ikkje korleis språkvala deira kjem til uttrykk lingvistisk. Språk heng saman med både danning og kultur, og er ein svært viktig faktor når ein skal studere verdier, åtferd og handlingar (Mæhlum, 2020, s. 193). Trudgil (2003) understrekar at omgrepet språk ikkje berre rommar lingvistik, men at det også er «[...] a political, cultural, social and historical term» (s. 72). Trudgill (2003) definerer sosiolingvistik på denne måten:

Sociolinguistics research is [...] work which is intended to achieve a better understanding of the nature of human language by studying language in its social context and/or to achieve a better understanding of the nature of the relationship and interaction between language and society. (s. 123)

I sosiolingvistisk forskning på temaet skriftspråkval er *språkskifte* eit sentralt omgrep. Ein gjennomgang av litteraturen viser at det er gjort forskning både frå struktur- og individperspektiv. I førstnemnde er det forska på korleis samfunnsstruktur og sosiale og institusjonelle faktorar styrer og påverkar individ sin språkbruk, medan sistnemnde forskning er orientert mot individ som aktive språkbrukarar som gjer val basert på eigne preferansar og haldningar (Brunstad, 2020; Hernes, 2013; Språkrådet, 2022a; Utdanningsdirektoratet, 2014; Wold, 2018). Hårstad et al. (2017, s. 170-176) hevdar at individnivået har fått mykje større fokus i forskinga frå slutten av 1970-talet, og forklarar det kort sagt med at det vaks fram eit behov for ei meir hermeneutisk tilnærming. Med andre ord, eit behov for å analysere språkbrukaren og mikronivået heller enn sosiale fenomen og makronivået. Argumentet for ei dreining frå kollektivism til individualisme var at det er enkeltindivid som utfører sjølvstendige handlingar, ikkje språksystemet. Dette synet legg til grunn at *språklege val*, som denne granskinga omhandlar, er styrte av språkbrukaren sine fortolkingar av samhandling i sosiale kontekstar. Sjølv om mikronivået fekk eit større fokus, var ein altså opptatt av samanhengen mellom språkbrukaren sine handlingar og det kollektive nivået individ er ein del av. Språkleg åtferd blir dermed sett i samheng med makrostruktur.

3.1.1 Individ og samfunn

Kvar finn ein språket? Hernes (2019, s. 145) deler svaret på dette spørsmålet inn i to grunnsyn som står i motsetnad til kvarandre. På den eine sida står sosiokulturelt orienterte lingvistar som William Labov. Det *samfunnsorienterte* grunnsynet Labov representerer, legg til grunn at språket er eit sosialt fenomen og at det berre er interessant å studere det som sosialt mønster på eit kollektivt nivå, altså i eit *makroperspektiv*. Det andre grunnsynet, det *individorienterte*, er representert av Richard A. Hudson. Han høyrer til den formalingvistiske leiren. Han er einig i at språket er eit sosialt fenomen, men meiner at ein må sjå på det i eit *mikroperspektiv*. Altså må språket studerast med utgangspunkt i språkbrukaren og ikkje språksamfunnet.

Språkbrukaren som er i fokus, er ein sjølvstendig aktør. Den språklege åtferda kan forklarast gjennom språkbrukaren si samhandling med andre (Hårstad et al., 2017, s. 171; Hernes, 2019, s. 146). Labov hevdar på si side at ein ikkje kan betrakte ein språkbrukar som sjølvstendig, fordi han meiner språkbrukaren berre kan bli sett på som eit produkt av den sosiale gruppa han eller ho er i samspel med. Éin av dei som kritiserer dette synet, er Lesley Milroy. Ho meiner det kollektivistiske synet til Labov inneber at alt er årsaksbestemt av samfunnet og at det dermed passiviserer individet (Hernes, 2019, s. 146). Hernes (2019, s. 146) understrekar at begge grunnsyna er viktige nettopp fordi dei representerer ulike sider ved samspelet mellom språkbrukaren og samfunnet. Språksamfunnet formar språkbrukaren, og språkbrukaren formar språksamfunnet.

Dette er eit kjent argument frå lingvisten Ferdinand de Saussure (1983), som seier at individnivået og strukturnivået er avhengige av kvarandre. Saussure blir rekna som grunnleggjaren av den moderne lingvistikken. Han argumenterer for at «Language has an individual aspect and a social aspect. One is not conceivable without the other» (Saussure, 1983, s. 9). Han meiner det er viktig å skilje mellom *språkssystemet* som eksisterer utanfor individet, og *bruken* av språket. Saussure ser nemleg på språket som eit system av verdiar, og meiner dei ulike delane av dette språkssystemet må tolkast i høve til dei andre delane av systemet (Brunstad, 2007, s. 35). Sandøy (2003) meiner Saussure sin definisjon om at språket er eit sosialt fenomen er for enkel. Kritikken går på at dette perspektivet er einsidig, og at «[...] ein får inntrykk av at språket er eitkvart som eksisterer uavhengig av individa eller utafor individa» (s. 20). Han peikar på at om ein brukar Saussure sitt perspektiv for å forklare språk, så kjem det ikkje fram at det er gjennom samhandlingane mellom dei ulike individa i eit språksamfunn at ein kjem fram til språket og dei felles språknormene (Sandøy, 2003, s 20).

Teoretisk plasserer denne masteroppgåva seg i ein mellomposisjon i og med at granskinga anerkjenner at språkbrukarar og språket blir gjensidig påverka av kvarandre. Det er såleis både mikro- og makroperspektiv som blir brukte som forklaringsmodellar for å forstå korleis nettjournalistar i NRK forstår sine skriftspråkval, kva rolle deira eigne språkskifte har hatt, om dei knyter språk til sin eigen identitet, kva som påverkar skriftspråket deira på jobb (strukturelt så vel som individuelt), og kva eigne og andre sine haldningar har å seie. Metodisk nærmar oppgåva seg det individorienterte, sidan det er informantane si eiga

forståing av språkval som er i fokus for forskinga (jf. Hernes, 2019, s. 148). Samtidig ser eg også i granskinga på om sosiale strukturar påverkar vala individa tek.

3.2 Språkval

Eit omgrep som er berande for denne granskinga er *språkval*. Som vist i innleiingskapittelet, har eg ikkje funne klare definisjonar på dette konkrete omgrepet, sjølv om mykje av den sosiolingvistiske litteraturen omhandlar nettopp val av språk. Eg støttar eg meg på Sønnesyn (2023) si forståing av språkval. Ho meiner at

[...] språkvalet skjer i det rommet som finst mellom individuelle føresetnader og samfunnstrukturelle vilkår. Med andre ord er det slik at individet både kan sjåast på som eit produkt av og ein aktør som bidreg i utviklinga av det samfunnet hen er ein del av. Spørsmålet vert såleis korleis ein best skal skildra dette samspelet, for slik å forstå betre kva som potensielt styrer val som vert gjort både på individ- og samfunnsnivå. (s. 25-26)

Bevisste eller ubevisste språkval kan altså gjerast av både språkbrukaren sjølv og av språksamfunnet, og vala kan enten fremje eller hindre språkbruk (Sollid, 2012). Den franske sosiologen Pierre Bourdieu (1991) sine teoriar kan vere med på å forklare språkval. Bourdieu (1991, s. 18) viser til at språket blir uttrykt i ein «lingvistisk marknad» og at språket blir gitt verdi på denne gitte marknaden. Bourdieu (1991) brukar omgrepet «lingvistisk kapital» for å vise til evna individ har til å manøvrere i den lingvistiske marknaden:

(...) in reproducing linguistic expressions speakers take into account – in varying ways and to differing extents – the market conditions within which their products will be received and valued by others. The speaker’s assessment of the market conditions, and the anticipation of the likely reception of his or her linguistic products, operate as internalized constraints on the very process of production. (s. 19)

Språket blir altså sett på som kapital, og ulike språk eller språkformer har ulike verdier på den lingvistiske marknaden. Bourdieu (1991) er opptatt av den gjensidige påverknaden mellom individnivå og strukturnivå, og denne sammenhengen er interessant å sjå på i undersøkinga av skriftspråkvala til nettjournalistane. Samanhengen mellom individ og struktur, mellom språkbrukar og språksamfunn, kjem også fram i resten av teorikapittelet. Her vil eg presentere ulike teoriar om språkskifte, identitet, påverknad og haldningar, som alle kan hjelpe med å forstå og forklare fenomenet språkval.

3.3 Språkskifte

I denne granskinga støttar eg meg på Joshua A. Fishman sin definisjon av språkskifte. Han blir rekna som eitt av dei mest sentrale namna i den tidlege sosiolingvistikken, og er den som først definerte språkskifte som forskingsfelt (Hårstad et al., 2021, s. 31; Sønnesyn, 2018, s. 305). Fishman (1964) omtalar språkskifte på denne måten:

The study of language maintenance and language shift is concerned with the relationship between change or stability in habitual language use, on the one hand, and ongoing psychological, social or cultural processes, on the other hand, when populations differing in language are in contact with each other. (s. 32).

Det er nettopp denne *språkkontakten* som er avgjerande når ein snakkar om språkskifte. Ingen språk er isolerte frå andre språk. Kontakten mellom språka fører ofte til påverknad, enten begge vegar eller den eine. I nokre tilfelle er dette kontaktfenomenet uproblematisk med tanke på språkbevaring; dei ulike språka klarer å bestå på kvar si side. Andre gongar kan eitt av språka måtte gi etter for det andre, og det vil føre til tilnærming eller språkskifte der det eine språket tek over for det andre som førstespråk (Vikør, 2007, s. 168). Ofte ser ein slike språkskifte i samfunn der det eksisterer to eller fleire språk, og der det eine er eit dominerande majoritetsspråk og det andre er eit minoritetsspråk. Forholdet mellom desse språka er asymmetrisk. Det vil seie at det er fleire som brukar majoritetsspråket på fleire samfunnsområde enn minoritetsspråket. Denne dominansen gjer at majoritetsspråket har høgare status. Mindretalet blir påverka av majoritetsspråket, noko som resulterer i

språkveksling eller språkskifte (Mæhlum et al., 2008, s. 63-65).⁶ Fishman (2001) forklarer det asymmetriske forholdet mellom minoritetsspråk og majoritetsspråk som nærværet av ein «storebror» som eksisterer i same område som det mindre brukte eller truga språket. Han viser til korleis denne «storebroren» kan fortrenge minoritetsspråket:

It is also a recurring ethnolinguistic reality that the speakers of the threatened language are mostly bilingual, almost always speaking (and often also reading and writing) the mainstream language as well as (or even better than and in preference to) ‘their own’.
(Fishman, 2001, s. 9)

Fishman (2001) snakkar her først og fremst om tale (med lesing og skriving i parentes), og det er altså nettopp talespråket som har hatt mest fokus i undersøkingar på språkskifte (Sønnesyn, 2018, s. 305). I denne granskinga er det derimot *skriftspråkskifte* som er i fokus. Eg meiner Fishman sine forklaringar likevel er relevante for denne granskinga, fordi nynorskbrukarar er utsette for bokmålseksponering også når det gjeld skriftspråk (Hårstad et al., 2021, s. 107; Lunde, 2020, s. 124; Nordal, 2011, s. 110-11; Sønnesyn, 2018, s. 307).

3.3.1 Årsaker til språkskifte

Det kan vere mange og samansette årsaker til språkskifte, og det er slett ikkje slik at det som ligg bak eit skifte hos éin person nødvendigvis er årsak til språkskiftet hos ein annan (Mæhlum et al. 2008, s. 65; Sønnesyn, 2018, s. 305). Røyndland viser i kapittelet om språk- og dialektkontakt til Giles et al. når ho deler inn i hovudfaktorar som kan påverke språkskifte: «[...] *økonomi, status, demografi og institusjonell støtte*» (Mæhlum et al., 2008, s. 65). Når det gjeld *økonomi*, blir modernisering, industrialisering og urbanisering drege fram som faktorar som fører til ein type kontakt mellom ulike språkgrupper som kan føre til språkskifte. I faktoren *status* er det sosial status som er meint. *Demografi* betyr i denne samanhengen kor stort språksamfunnet er og kor mykje kontakt brukarane av språket har. Den siste faktoren, *institusjonell støtte*, gjeld «[...] bruken av minoritetsspråk [...] innafor ulike nasjonale, regionale eller lokale institusjonar [...]» (Mæhlum et al., 2008, s. 66). Nynorskbruk i

⁶ Omgrepet *språkveksling* blir nærare omtala under 3.2.4 Nettverk og tilpassing og 3.2.5 Språkskifte frå nynorsk til bokmål.

statseigde NRK er eit godt eksempel på dette, og i denne granskinga vil eg sjå på om den institusjonelle støtta NRK mottek, og nynorskkravet som følgjer med, påverkar nettjournalistane sine språkval. Sønnesyn (2018, s. 305) viser til Røyneland og Potowski når ho deler desse hovudfaktorane inn i samfunnsstrukturelle faktorar, som haldningar i samfunnet, språkpolitikk og sosiale nettverk, og individorienterte faktorar. Når det gjeld dei individorienterte faktorane, meiner Sønnesyn (2018) det kan vere «[...] haldningar og ferdigheiter, samt samanhengen mellom språk og identitet» (s. 306). I denne granskinga av språkval har både samfunnsstrukturelle og individorienterte faktorar fokus. Fleire av desse faktorane blir dermed diskuterte nærare i analysen av intervju av informantane.

3.3.2 Språkskifteprosessen

Språkskifteprosessen skjer gradvis og ofte langs to aksar. Dette er tidsaksen og domeneaksen (Mæhlum et al., 2008, s. 66). Røyneland forklarar overgangen frå det eine språket til det andre med at «[...] fleire og fleire domene blir omfatta og fleire og fleire folk skiftar språk innafor desse domena» (Mæhlum et al., 2008, s. 66). Når det gjeld det nynorske skriftspråket er det nærast fråverande i enkelte område av samfunnet, som i forretningsliv, i jussen, i organisasjonsliv og i dei største riksavisene (Språkrådet, 2022a, s. 17). Typiske nynorskdomeene kan vere skulen, lokalavisa og litteraturen. Som tidlegare nemnt er det ofte eit majoritetsspråk som trengjer bort eit minoritetsspråk når det skjer eit språkskifte. Denne fortrenkinga skjer altså ved at majoritetsspråket tek over på fleire og fleire område, medan minoritetsspråket får avgrensa bruk. Røyneland peikar på at «Dette vil i sin tur påverke kva for sosiale og kulturelle verdisystem som blir assosierte med dei aktuelle språka» (Mæhlum et al., 2008, s. 67). I analysen av intervjudataa skal vi sjå at nokre av informantane sine språkskifte har vore delvis påverka av språklege assosiasjonar.

3.3.3 Språknormer

For å forklare korleis denne påverkinga kan skje, meiner eg det er nødvendig å diskutere kva normer og språknormer i samfunnet har å seie i språkskifteprosessen. Mæhlum et al. (2008) definerer norm slik:

[...] den typen forestillinger som får oss til å handle konformt, altså oppføre oss på liknende måte som andre i våre sosiale omgivelser. En norm representerer dermed en

form for konsensus, en slags overenstemmelse mellom oss som enkeltindivider og våre sosiale omgivelser. (s. 90)

Desse normene kan vere både bevisste og ubevisste og blir til etter kvart som individa erfarer og tolkar andre sine forventingar og andre sin åtferd. Mæhlum et al. (2008, s. 90-92 og s. 176) viser til normdanninga som reaksjonsmønster og omtalar desse reaksjonsmønsterane som sosiale sanksjonar som kan styre åtferda til individa i retning av kva som blir sett på som akseptert. Familie, vennar, barnehage og skule er dei primære sosialiseringsagentane som formidlar normene. Både situasjonen og statusen til sosialiseringsagentane påverkar korleis individ tolkar og vektlegg sosiale sanksjonar. Er sosialiseringsagenten viktig for oss, betyr reaksjonane frå denne meir. Den fjerde sosialiseringsagenten, er massemedia.

Normene oppstår altså i tolkinga, og ein blir påverka meir av somme enn andre (Mæhlum et al., 2008, s. 176). Dette gjer det relevant å sjå etter kven eller kva som påverkar informantane, for retningslinjene som blir gitt eller tolka i normdanninga, er også med på å styre språket vårt. Språknormer kan vere vedtekne normer, som rettskrivingsreglar, men også dette kan vere ubevisste normer (Mæhlum et al., 2008, s. 90; Brunstad, 2007, s. 34). Når ein ser på korleis somme som formidlar desse normene er viktigare for oss og sjølvbildet vårt enn andre, så betyr det at enkelte i språksamfunnet også blir sett på som sterkare og har meir makt enn andre (Mæhlum et al., 2008, s. 176). Dette underbygger korleis ein asymmetrisk maktbalanse i eit språksamfunn kan føre til språkskifte.

Mæhlum et al. (2008, s. 177) kallar sosialiseringsagentane i eit skriftspråksamfunn for *normagentar*, og trekkjer fram at aviser og nyheitsbyrå også er viktige normagentar, i og med dei er dei største tekstprodusentane i landet. Her blir NTB og Aftenposten omtala som dei største, og at dei dermed har stor påverknadskraft på språkbrukarane. Sidan 2008 har NRK hatt ein enorm vekst på nett og når i dag eit langt større publikum enn Aftenposten (Mediebedriftenes landsforening, 2024). Om ein følgjer Mæhlum et al. (2008) sitt argument om at størrelse kan gi stor påverknadskraft, kan NRK i dag seiast å vere ein betydeleg normagent gjennom skriftspråket som blir brukt på nrk.no, i tillegg til dei andre plattformene der NRK frå før har vore dominerande. I denne granskinga undersøker eg blant anna om NRK si rolle som normagent er noko informantane er bevisste på eller ikkje, og om dei kjenner på eit ansvar knytt til dette.

3.3.4 Nettverk og tilpassing

Vi skal no sjå nærare på korleis normer i ulike fellesskap langt på veg kan kontrollere språkbruken og språkvala til individet. Dette gjer eg gjennom å presentere to sentrale teoriar i sosiolingvistikken, nemleg *nettverksteorien* og *tilpassingsteorien*.

Nettverksteorien til Milroy (1980) studerer samhandlinga mellom ulike individ i det sosiale nettverket dei er integrerte i. Det sosiale nettverket er det fellesskapet dei omgir seg med. Til meir integrerte ein er i eit slikt nettverk, til meir let ein seg kontrollere av normene som er danna der. I nettverket finn ein dei Mæhlum et al. (2008, s. 91-92) omtalar som dei primære sosialiseringsagentane. Nettverk er også normeringsinstans for språklege normer. Det vil altså oppstå ei språkleg tilpassing innanfor nettverket, som er styrt av situasjonar og styrkeforholdet mellom individa (Eiksund, 2015, s 37). At nettverket kan verke som ein normeringsinstans, kjem også til syne når ei studerer språkvala til NRK-journalistar. I drøftinga vil eg særleg sjå på kollegaer si rolle som sosialiseringsagentar eller normagentar.

Nettopp *tilpassing*, på fagspråket kalla akkommodasjon, er eit viktig stikkord når ein skal tolke prosessane som går føre seg mellom individa og nettverket dei omgir seg med. To sentrale teoretikarar som har fokusert på språkbrukarar sine samhandlingar med andre i dei språksamfunna dei er ein del av, er Howard Giles og Philip Smith (1979), som står bak «Interpersonal Accommodation Theory», eller teorien om språkleg tilpassing. Denne sosialpsykologiske teorien forsøker å forklare dei individuelle språkvekslingane som kan oppstå som ein respons i samspelet med andre i ulike kontekstar. Ein grunnleggande tanke innan tilpassingsteorien er at ein kan sjå på denne responsen som eit ønske om å nærme seg, eller identifisere seg med, andre, eller distansere seg. Ein konvergerer ved å redusere dei språklege ulikskapane, og divergerer ved å framheve ulikskapane og dermed skape avstand (Garrett, 2010, s. 105-106). Garrett (2010, s. 111) peikar på korleis journalistar kan justere språket sitt etter korleis dei trur publikum – her forstått som *mottakar* – sine forventingar er. I denne granskinga er nettopp publikum sine reaksjonar på eller forventningar til språk relevante.

3.3.5 Språkskifte frå nynorsk til bokmål

Sønnesyn (2018, s. 305) hevdar at norske språkforskarar har vore meir fokuserte på språkendingar enn på språkskifte, men etter 2000 har språkskifte fått meir merksemd (Brunstad 2020, s. 173).⁷ Ifølgje Brunstad (2020) er det to ulike delar av språkskiftet frå nynorsk til bokmål ein kan lese om i faglitteraturen:

Den eine handlar om korleis språkskifte kan samsvare med visse trekk ved språksamfunnet eller skulen, dvs. at fokuset er på strukturelle bakgrunnsfaktorar. Den andre handlar om å granske meir personlege preferansar, oppfatningar eller språkhaldningar hos dei personane som skiftar, dvs. at fokuset er på individnivået. (s. 173-174)

Brunstad (2020) understrekar at ein ikkje beint fram kan samanlikne situasjonen for nynorsken med språkskiftesituasjonar andre plassar i verda. Årsaka til det er at «[...] nynorsk og bokmål er to ulike skriftsystem, men ikkje to ulike talesystem som lett kan avgrensast frå kvarandre» (s. 176). Poenget hans er at sjølv om ein skiftar skriftspråk frå nynorsk til bokmål, så betyr ikkje det eit skifte av talespråk, slik som det gjerne gjer i andre land der skilnaden mellom talespråka er større (Brunstad, 2020, s. 176).

Språkskifte har blitt forska på både for å styrke språk, fremje språkleg mangfald og motverke språkskifte (Brunstad, 2020, s. 176). I norsk samanheng blir språkskiftet frå nynorsk til bokmål sett på som eit problem fordi mindre nynorskbruk vil svekke statusen til nynorsken og jamstillinga mellom dei to skriftspråka (Brunstad, 2020, s. 171; Språkrådet, 2022a, s. 18). Mange studiar viser at språkskiftet er størst blant ungdomsskuleelevar og elevar i den vidaregåande skulen i såkalla randsoner for nynorsk (Språkrådet, 2022a, s. 26). Randsoner er område der nynorsk tidlegare har vore det dominerande språket, men der bokmålspresset har blitt større og større (Språkrådet, 2022a, s. 7).

Ein anna faktor som er karakteriserande for språkskiftet frå nynorsk til bokmål er at nynorskbrukarar blir sett på som fleksible språkbrukarar. Mange, særleg unge,

⁷ Fleire av desse studia blir presenterte i delkapittel 3.6 Tidlegare forskning.

nynorskbrukarar språkvekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt for å tilpasse seg situasjonen og mottakaren (Brunstad 2020, s. 194; Helset & Brunstad, 2020, s. 93; Språkrådet 2022a, s. 18). Dette gjeld også fleire av informantane i denne granskinga. Det at nynorskbrukarar møter bokmål så ofte i ulike delar av samfunnet, påverkar bokmålskompetansen positivt. Ei slik språkveksling ser ein i større grad hos nynorskungdom enn hos bokmålsungdom, og nynorskbrukarar blir derfor sett på som fleirskriftlege (Helset & Brunstad, 2020, s. 94). Frå å skriftspråkveksle frå nynorsk til bokmål, *kan* vegen vere kort til eit språkskifte (Språkrådet 2022a, s. 18). Undersøkingar av språkskifte frå nynorsk til bokmål vil bli presenterte mot slutten av dette kapittelet.

3.4 Språk og identitet

Innan sosiolingvistikken er det vanleg å sjå på språk og identitet som tett knytte saman med kvarandre (Hårstad et al., 2021, s. 40). Det menneskelege behovet for å høyre til og vere aksepterte av andre er grunnleggande for identiteten (Sandøy, 2003, s. 25), og det å ha eit felles språk er eit eksempel på korleis identitetskjensla i ei gruppe kan bli styrkt (Mæhlum et al., 2008, s. 18). Denne delen omhandlar forholdet mellom språk og identitet, om språket kan seie noko om kven vi er og om korleis vi speglar oss i andre.

3.4.1 Identitet

Det er særleg to måtar ein har forstått identitet og identitetsutvikling på som kan knytast opp mot to idéhistoriske retningar, nemleg essensialisme og konstruktivisme. Den eine er ei *essensialistisk* identitetsforståing, som tek utgangspunkt i at identiteten er medfødd og permanent. Identitet er noko ein *er*, basert på haldningar og verdiar. Den andre retninga er *konstruktivistisk*, og legg til grunn at identiteten er noko ein skaffar seg eller noko som blir til, og som kan endrast undervegs alt etter sosial kontekst. Identitet blir her forstått som det ein *gjer*, altså korleis ein oppfører seg. Igjen treng ikkje desse to motsetnadane å bli sett opp mot kvarandre, men derimot bør ein fokusere på den gjensidige påverknaden dei har på kvarandre (Mæhlum et al., 2008, s. 109-110; Hårstad et al., 2021, s. 41).

Walton (2015, s. 24) hevdar det ikkje går an å seie at identiteten berre er individuell, i og med at identiteten alltid er påverka av normene i kollektivet. Identiteten er på den måten forma

både av individet sjølv og sosialiseringa individet har vore gjennom. Den individuelle eller personlege identiteten er det som gjer at vi er ulike «dei andre», det som gjer at ein skil seg ut, medan den kollektive eller sosiale identiteten er den identiteten vi deler med andre. Den kollektive eller sosiale identiteten viser til å vere ein del av eit fellesskap, og til at åtferda til individet er styrt av dei normene som rår i det fellesskapet. Denne identiteten kan igjen delast inn i kulturell identitet, som gjeld til dømes språk, og sosial identitet, som handlar om det å høyre til i den sosiale samanhengen (Schiefløe, 2018, s. 308-309; Mæhlum et al., 2008, s. 107-108). Både kulturell og sosial identitet er interessant å sjå på i denne samanheng.

3.4.2 Sjølvidentitet og å ta andre sitt perspektiv

For å forstå korleis identiteten kan dannast gjennom sosialisering, skal vi no sjå til eit sentralt namn i sosialpsykologien, nemleg George Mead. Det viktigaste bidraget hans til samfunnsvitskapen er ei forståing av sosialisering der identiteten blir danna nettopp gjennom samhandling mellom individa i ulike fellesskap. Mead (1934, s. 6) meiner at identiteten er i kontinuerleg endring og blir danna gjennom responsen ein erfarer i sosial samhandling med andre. Grunnprinsippet i sosialiseringsteorien til Mead (1934) er å ta andre sitt perspektiv. Berre på den måten kan vi sjå oss sjølve. Det vil seie, vi ser oss sjølve gjennom andre og lèt andre si oppfatning av oss påverke sjølvmedvitet vårt. Slik eksisterer «sjølv» berre i relasjon til andre og blir eit produkt av andre sin sosiale respons. Dette kan også vere med på å forklare språkprosessar som språkendring og språkskifte. Mead (1934) forklarar dette slik:

[...] language process is essential for the development of the self. [...] The self is something which has a development; it is not initially there, at birth, but arises in the process of social experience and activity, that is, develops in the given individual as a result of his relations to that process as a whole and to other individuals within that process. (s. 135)

Mead (1934) skil mellom *Eg* og *Meg* når han skal forklare utviklinga av *sjølv*: “The ‘I’ is the response of the organism to the attitudes of the others, the ‘me’ is the organized set of attitudes of others which one himself assumes” (s. 175). *Meg* er altså *sjølv* som *Eg* blir bevisst på etter å ha tatt andre sitt perspektiv. Mead brukar uttrykket «signifikante andre» når han skal forklare at enkelte er viktigare enn andre når det gjeld utviklinga av *sjølv*

(Schiefløe, 2018, s. 307), jamfør Mæhlum et al. (2008, s. 91-92) sine primære sosialiseringssagentar.

Det er derimot ikkje alle som er heilt einige i måten Mead forklarar *Eg* og *Meg* på når det gjeld sjølvidentiteten. Giddens (1996) hevdar at relasjonen mellom *Eg* og *Meg* er ein indre språkleg relasjon «– ikkje én, der forbinder de ikke-socialiserende dele af individet (jeg’et) med det ‘sociale selv’» (s. 68). Han er derimot einig i at *Eg* kan skifte språk etter kva normer det er i nettverket ein er ein del av. Likeins er Giddens einig i at det som ligg til grunn for danninga av sjølvmedvit, er nettopp bruken av «Eg», men han trur ikkje at det er evna til denne bruken som kan definere sjølvmedvit. Giddens (1996) støttar likevel Mead når han seier at sjølvidentitet ikkje er noko ein *har* i seg:

Den er *selvet som det refleksivt forstås af personen på baggrund af vedkommendes biografi*. Identitet forudsætter i denne forstand stadig kontinuitet på tværs af tid og rum, men selvidentiteten *er* en sådan kontinuitet, som den refleksivt fortolkes af agenten. (s. 68)

Mead (1934) og Giddens (1996) knyter begge språk opp mot sjølvmedvit og identitet, og den funksjonen språket har er svært viktig i sosialiseringssprossar. Mead sine teoriar om signifikante andre og korleis dei påverkar utviklinga av sjølvvet, kan vere nyttige for å granske både språkskiftet og språkvala til informantane.

3.4.3 Språkleg identitet og identitetsforhandlingar

Språkforskarane Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller (1985) er to andre viktige røyster innan sosiolingvistikken og forskning på samanhengen mellom språk og identitet. I boka *Acts of identity* peikar dei på at språk er ein avgjerande faktor i skapinga av identiteten. Dei omtalar språkleg åtferd som «[...] a series of *acts of identity* in which people reveal both their personal identity and their search for social roles» (Le Page & Tabouret-Keller, 1985, s. 14). Med andre ord er det ifølgje Le Page og Tabouret-Keller (1985) slik at kvar gong vi brukar språket vårt, så utfører vi, enten det er bevisst eller ubevisst, ei slik identitetshandling. Vi presenterer kven vi er gjennom språket, og måten vi brukar språket på kan skape samhold

eller avstand. Le Page og Tabouret-Keller meiner nemleg at måten andre oppfattar språket eller språkbruken vår på, påverkar identiteten vår eller dei sosiale rollene våre (Myklebust, 2015, s. 63). Slik er denne teorien relevant for å betre forstå språkvala til informantane i denne granskinga. Identitetshandlingsteorien gir blant anna grunnlag for å sjå på om haldningar informantane hevdar publikum har til nynorsk påverkar identiteten til journalistane.

Mæhlum et al. (2008, s. 106) problematiserer at språket avspeglar identitet, og meiner denne samanhengen blir tatt for gitt. Det blir stilt spørsmål ved om det er slik at identitet blir avslørt gjennom språkbruk: “Betyr det i så fall at en person innerst inne er slik som stereotypiene om vedkommendes språk tilsier at hun kan være?” (Mæhlum et al., 2008, s. 107). Heller ikkje Sandøy (2003) meiner ein kan slå fast at det er «[...] slik at språket *treng* vere uttrykk for denne identiteten, sjølv om det ofte er det» (s. 25). Han hevdar likevel at det er slik at språket kan bli knytt til visse eigenskapar og sosiale verdiar, som igjen kan forme identiteten vår (Sandøy, 2003, s. 32). Nettopp dei individuelle forholda, som kven vi er eller vil vere, kan styre språkvala våre. Det kan også kvar enkelt situasjon eller samhandling gjere. Det er altså oppfatninga av eigne og andre sine meiningar som styrer dei språklege vala våre. Vi uttrykkjer kven vi er gjennom språket vårt, men vi kan ikkje kontrollere mottakaren sine tolkingar av språkhandlingane våre. Måten vi blir opplevde på kan påverke korleis vi oppfører oss eller uttrykkjer oss seinare. Slike forhandlingar gjennom språk blir omtalte som *identitetsforhandlingar* (Hårstad et al., 2021, s. 42- 43). Dette dannar eit grunnlag for å undersøke korleis informantane oppfattar samanhengen mellom språk og identitet, og om dei forhandlar gjennom språket.

3.5 Språk, makt og påverknad

Som vi har vore inne på tidlegare, skjer språkleg påverknad i ulike sosiale fellesskap. I Noreg er bokmål det dominerande skriftspråket i nesten alle område av samfunnet.

Bokmålpåverknaden og språkpresset mot nynorskbrukarane er såleis enormt (Hårstad et al., 2021, s. 107; Lunde, 2020, s. 124; Nordal, 2011, s. 110-111; Sønnesyn, 2018, s. 307). Dei to språkgruppene har slik ulike erfaringar og ulike perspektiv på det å vere ein del av eit fleirspråkleg samfunn. Bokmål er det språket som har høgast status og dermed mest makt.

3.5.1 Språk og makt

Østerud et al. (2003) peikar på at makt ofte blir utøvd «[...] ved at de svakere bøyer seg for de mektigeres krav [...]» (s. 15). Det blir også hevda at maktforhold kan vere skjulte, men at dei er mogleg å gjere noko med (Østerud et al., 2003, s 15). Språkmakt er knytt opp til anna makt, og nokre språkformer kan vere meir forbundne med makt enn andre. Ifølgje Hårstad et al. (2021) er det språkbrukarane sjølve som skaper dette maktforholdet «[...] av måtene språkbrukere bruker språk på, og – ikke minst – forestillingene deres om språk og måtene de snakker om språk på» (s. 49). Dette ligg tett opp mot det Østerud et al. (2003) hevdar om at maktkampen «[...] utspiller seg ikke bare *i* språket, men er også en kamp *om* språket» (s. 281). Språkmakta kan utnyttast bevisst eller ubevisst. Når det gjeld kampen som går føre seg *i* språket, kan språkformene brukast til å gi overtak, skape avstand, appellere og skape samhold. Kampen *om* språket viser til dominerande majoritetsspråk og underordna minoritetsspråk (Østerud et al., 2003, s. 281-282). I Noreg har det, som vist i bakgrunnskapittelet, vore kampar også *gjennom* språket, for å skape avstand eller tilhøyrslø (Hårstad et al., 2021, s. 108).

Bourdieu (1991) knyter språk til makt ved å vise til den lingvistiske marknaden. Dei som bestemmer kva verdiar som er viktige på den lingvistiske marknaden har stor makt, og maktspråket er det som Bourdieu omtalar som «doxa», altså det som blir oppfatta som naturleg (Helset & Bukve, 2023, s. 308). Hårstad et al. (2021) meiner dette kan brukast til å forklare maktforholdet mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk:

I slike kontekster vil ofte én varietet få status og funksjon som et overordnet, bedre, mer utbredt eller på andre vis mer høyverdig språk [...]. De språkene eller varietetene som har minoritets- eller ikke-standard-status, vil på sin side ofte ha mindre prestisje knyttet til seg, og de vil typisk ha et mer avgrenset bruksområde i samfunnet. (s. 50)

Dette blir kalla språkleg hegemoni. I det norske språksamfunnet er det bokmål som er det dominerande språket og dermed har meir makt enn nynorsk. Bokmål blir det vanlege og «innforståtte», medan nynorsk blir det uvanlege (Hårstad et al. 2021, s. 117; Østerud et al., 2003, s 303).

3.5.2 Maktforholdet mellom bokmål og nynorsk

Forholdet mellom nynorsk og bokmål er asymmetrisk, og kan altså seiast å vere ubalansert når det gjeld makt. Grepstad (2012, s. 152) peikar på at maktforhold medverkar til språkskifte. Grepstad meiner at den ulike bruken av bokmål og nynorsk er ein maktfaktor i seg sjølv, i og med nynorskbrukarar ikkje kan velje vekk bokmål på grunn av bokmålsdominansen i samfunnet. Bokmålsbrukarar, derimot, kan i større grad velje å ikkje bruke nynorsk. Vel dei å bruke nynorsk, er det ofte eit aktivt val – ikkje noko som berre skjer av seg sjølv. Nynorsk blir altså slik sett mindre viktig for bokmålsbrukarar enn bokmål er for nynorskbrukarar. Grepstad (2012) hevdar at «Når eit mindretal må forholde seg til eit fleirtal, men ikkje fleirtalet treng å gjere det same i høve til mindretalet, blir samfunnsnormene for toleranse og maktspreiing utfordra. Dominans kan altså føre til ignorering eller marginalisering» (s. 237). Walton (2015), som er blant dei som meiner nynorsken fungerer som ein minoritet, peikar også på dominans som ei årsak til at medlemmar av ei minoritetsgruppe ikkje lenger føler tilhøyrse til minoriteten, ved at «[...] presset frå fleirtalskulturen blir så sterkt at dei vil, eller blir nøydde til, å identifisere seg med han» (s. 27). I denne granskinga er det derfor interessant å sjå kva innverknad maktforholdet mellom bokmål og nynorsk har hatt på språkskiftet til informantane.

Som vist i bakgrunnskapittelet, utfordra landsmålet eliten. Verdiane som var knytte til landsmålet var derfor ikkje kopla til makt og prestisje, men heller til det folkelege og rurale. Hårstad et al. (2021, s. 114-115) er ikkje i tvil om at dette historiske bakteppet har forma korleis bokmål og nynorsk blir sett på i dag. I det følgjande skal vi blant anna gjere greie for korleis assosiasjonar som blir kopla til nynorskbrukaren og haldningar til nynorsk kan bidra til å svekke verdien til nynorsken på den lingvistiske marknaden (jf. Bourdieu 1991).

3.6 Språkhaldningar

Verdiar er nært knytte til haldningar. Eitt av dei mest kjende namna når det gjeld forskning på språkhaldningar i nyare tid, er Peter Garrett. Garrett (2010) definerer omgrepet haldningar på denne måten:

[...] an attitude is an evaluative orientation to a social object of some sort, whether it is a language, or a new government policy, etc. And, as a 'disposition', an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified. (s. 20)

Innanfor desse sosiale objekta, som Garrett (2010) omtalar det som, reagerer vi altså gjennom haldningane våre. Nokre gongar er haldningane eit resultat av tidlegare erfaringar, men ofte har vi ubevisst fått dei frå andre i nettverket vi omgir oss med (Mæhlum et al., 2008, s. 95). Haldningar er svært relevante når det gjeld språk, for språkhaldningar kan seie noko om samhandlinga vår med andre og kven vi er i gruppa vi er ein del av (Garrett, 2010, s. 15). Garrett (2010) peikar også på kva påverknad andre sine språkhaldningar kan ha på oss og språkvala våre:

[...] language attitudes would be expected not only to influence our reactions to other language users around us, but also to help us anticipate other's responses to our own language use and so influence the language choices that we make as we communicate. (s. 21)

Journalistar kan ofte få direkte respons på det dei skriv og korleis dei skriv det, og i denne granskinga er det relevant å undersøke korleis nettopp informantane vektlegg denne responsen.

Samanhengen mellom haldningar og åtferd har også fått stor merksemd i haldningsforskinga. Baker (1992) hevdar at:

A person's thoughts, processing system and feelings are hidden. Therefore, attitudes are latent, inferred from the direction and persistence of external behaviour. Attitudes are a convenient and efficient way of explaining consistent patterns in behaviour. Attitudes often manage to summarise, explain and predict behaviour. (s. 11)

Garrett (2010) understrekar at det ikkje er berre haldningar som kan påverke kva kontroll vi har over åtferda vår, det kan både interne og eksterne faktorar:

External factors include such things as time available, opportunities, facilities and the degree to which we are dependent on other people. Internal factors include such things as whether [...] we have access to the skills, knowledge and abilities needed to perform the action, and whether we are able to plan adequately. (s. 28)

Faktoren tid, gjerne i kombinasjon med ferdigheit, er svært gjeldande når ein jobbar med nyheitssaker som skal kjapt ut til publikum.

3.6.1 Stereotypiar

Språkhaldningar kan også gjere at vi oppfattar noko som «typisk» ved den andre, og kan gjere at vi set individ eller grupper i bås. Eit uttrykk for dette er *stereotypiar*. Garrett (2010) viser til Smith og Mackie når han hevdar det er desse stereotypiane som formar språkhaldningane våre: «The basis for such stereotyping is social categorization, which means dividing the world into social groups, classifying individuals as members of social groups on the basis that they share certain features of a particular group» (s. 32). Haldningane våre til språk vil nemleg alltid vere farga av korleis vi vurderer *brukarane* av språket. Erfaringar, påverknad og strukturar i samfunnet gjer at vi har oppfatningar av korleis visse folk eller visse grupper er, eller korleis vi forventar at dei skal vere (Mæhlum et al., 2008, s. 95-96). Ulike språk kan altså vekke ulike assosiasjonar fordi vi har stereotypiske oppfatningar av språkbrukaren eller språkgruppa han eller ho er ein del av. Stereotypiar kan vere enten negative eller fordelaktige for språkgrupper, og dei kan vere vanskelege å endre (Garrett, 2010, s. 33).

3.6.2 Stereotypiske oppfatningar av nynorskbrukaren

Kva stereotypiar er knytte til nynorskbrukaren? Vi har vore innom at den historiske bakgrunnen har gjort at nynorsk har blitt knytt til visse verdiar. Nynorsk, eller landsmål som det heitte då, skulle vere eit språk som representerte folket, ikkje eliten. Språket blei kopla til det tradisjonelle og rurale heller enn det urbane. Dei tradisjonelle verdiane har ført til at det nynorske språket er forbunde med visse stereotypiar, som framleis er «gjøldande».

Nynorskbrukarar har altså hamna i ein sosial kategori som skil dei frå bokmålsbrukarane, på grunn av oppfatningar av at nynorskbrukarane deler visse kjenneteikn eller eigenskapar. På andre sida blir bokmål sett på som meir moderne (Mæhlum, 2020, s. 197-198). Hårstad et al. (2021) hevdar at haldningar til nynorsken viser at nynorsk blir sett på «[...] som noe «lite kult» og «gammeldags», og at det er et «bygdespråk»» (s. 16). Stereotypiske syn på nynorskbrukaren kjem også fram i funna i denne granskinga.

3.6.3 Diskriminering og språkleg sjølvtilitt

Stereotypiske oppfatningar om nynorsken har prega språkdebatten i Noreg, og har på mange måtar hatt negativ innverknad på nynorsken. Blakar (2006, s. 128) kallar det for vrangførestillingar om nynorsk, og hevdar desse har som mål å svekkje nynorsken. Han peikar på at nynorskbrukarar ofte må argumentere for språket sitt:

Når språkminoriteter (t.d. nynorsk) slåss for språket sitt, så slåss dei *minst* like mykje for sin veremåte, for sin kultur, ja, for sin identitet. Og dersom nokon lykkast i å stemple eit språk som mindreverdige, så har vedkomande *samtidig* sikra seg «nakketak på» den kulturen og det folket som nyttar dette språket. (Blakar, 2006, s. 116)

At ein nynorskbrukar må kjempe for å bruke språket sitt, skal vi også sjå igjen i intervjudataa. Det er ingen tvil om at nynorskbrukarar kan møte negative haldningar mot språket sitt. Det stadfestar Kunnskapsdepartementet når dei gjennom Stortingsmelding nr. 35, «Mål og meining», kjem med forslag for å motverke nettopp negative haldningar mot nynorsk. (St.meld. 35 (2007-2008), s. 23-25). Grepstad (2012) meiner «[...] språkleg diskriminering [...] representerer misbruk av makta over språket» (s. 216). Han hevdar også det er hegemoniet i samfunnet som har forma sjølvbildet til nynorskbrukarar som har svak språkleg sjølvtilitt (Grepstad, 2012, s. 218). Det er tydeleg at han meiner nynorskbrukarar møter nedvurderingar av eige språk:

Dominans viser seg gjerne som ei nedvurdering av språkbruk og språkformer som kan knytast til utkantstrøk, lågare sosiale lag eller som på anna vis har mindre prestisje hos dei som forvaltar hegemoniet. Denne nedvurderinga kan ofte skje gjennom

bagatellisering og latterleggjering, og den som blir utsett for slike mekanismar og verkemiddel, blir underlegen i situasjonen. (Grepstad, 2012, s. 217)

Språkpolitikaren Grepstad (2012, s. 217) går også langt i å hevde at nynorskbrukarar er utsette for ei systematisk diskriminering når språkreglar ikkje blir følgde på samfunnsområde der ein er lovpålagde å sikre desse språklege rettane. Han meiner løysinga først og fremst ligg i at nynorsken må respekterast, når han seier at «Den nynorske erfaringa er at eit reelt språkleg mangfald berre er mogleg dersom eit språk blir respektert og verdsett i bruk på mange ulike område» (Grepstad, 2012, s. 397). NRK er blant dei statlege institusjonane som ikkje klarer å innfri det lovpålagde nynorskkravet. På grunn av dette er det nødvendig å sjå om ansvaret for språkleg mangfald har påverknad på språkvala til informantane.

3.7 Tidlegare forskning

Ein gjennomgang av tidlegare forskning viser – så langt eg kan sjå – at dei aller fleste har hatt skuleelevar i fokus når dei har undersøkt språkval, språkhaldningar og språkskifte. Forsking på skuleelevar er likevel relevant for denne granskinga, i og med at dei fleste av informantane som har deltatt gjekk over frå nynorsk til bokmål i løpet av skulegangen. Ein kan også samanlikne funna frå tidlegare forskning og funna frå mi forskning, sjølv om informantane som har deltatt i denne granskinga er vaksne og blir studerte i ein anna kontekst.

I 2014 kom Proba samfunnsanalyse, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, med ein rapport om nynorsk som hovudmål. Noko av føremålet var å finne ut kven som påverkar elevar sitt val av hovudmål, og kvifor mange nynorskelevar skiftar hovudmål til bokmål. Her var det særleg skular i randsona som blei undersøkte, og analysen viser at nynorskprosenten er ustabil i desse områda. Resultata viser at dei fleste av språkskifta skjer når elevane går over til skular der fleirtalet brukar bokmål. Årsakene til skifta er at elevane blir påverka av bokmål på grunn av bokmålsdominansen i samfunnet og at dei meiner dei ikkje meistrar nynorsk (Utdanningsdirektoratet, 2014).

Det er også skrive fleire masteroppgåver der nettopp språkskifte frå nynorsk til bokmål har blitt undersøkt. Wold (2018) har i si masteroppgåve gjort ein metaanalyse av rapportar og andre masteroppgåver. Gjennom analysen har Wold undersøkt kvifor skuleelevane som har

delteke i sju undersøkingar gjennomførte i nynorske randsoner, har skifta frå nynorsk til bokmål. Funna hennar viser at språkskiftet oftast blir forklart med manglande kompetanse i nynorsk. Nesten 60 prosent av elevane i dei fire masterstudiane ho har analysert, brukar manglande ferdigheiter i nynorsk som argument for å skifte til bokmål. Wold peikar også på at negative haldningar til nynorsk har medverka til fleire av språkskifta. Dei haldningane elevane har til nynorsk meiner ho kjem til uttrykk gjennom ulike oppfatningar: Nynorsk er gammaldags, nynorsk passar for bønder, nynorsk er ikkje bra for samfunnsøkonomien, nynorsk er vanskeleg, nynorsk er unyttig og mindre viktig, nynorskelevar er til bry på skulen, nynorsk er avstikkande og bokmål er eit betre arbeidsverktøy enn nynorsk (Wold, 2018, s. 38-44).

Sønnesyn (2023) har forska på skriftspråkval blant ungdomsskuleelevar i område der nynorsken er under press, og kva rolle skulen spelar når det gjeld dette valet. Ho har undersøkt språkskifte og språkbevaring blant tiandeklassingar som ikkje har skifta hovudmål til bokmål, men som derimot har valt å halde fram som nynorskbrukarar. Avhandlinga hennar synleggjer at dei individuelle språkvala til elevane og språksamfunnet elevane er ein del av, har ein gjensidig påverknad på kvarandre. Funna hennar viser blant anna at manglande nynorskeksponering elles i samfunnet gjer at skulen si rolle som stillasbygger er avgjerande for at elevane skal bli trygge nynorskbrukarar, men at opplæringssituasjonen ikkje alltid sikrar dette.

Innleiingsvis i denne delen blei det sagt at inntrykket er at dei fleste norske studiar av språkhaldningar og språkskifte har blitt gjort med skuleelevar i fokus. Thingnes (2015) er eitt av unntaka. I masteroppgåva si tek ho blant anna føre seg tilsette ved Universitetet i Oslo sine språkhaldningar. Feil i eksamensoppgåver skrivne på nynorsk ved universitetet gjorde at ho ville undersøke samanhengen mellom desse avvika og haldningar til nynorsk blant tilsette. Funna hennar viser blant anna at kva språklege haldningar ein har påverkar prioriteringar og dermed påverkar det også den språklege kvaliteten på eksamensoppgåvene.

I doktorgradsavhandlinga ser Thingnes (2020) på språkpolitikk og språkval i akademia, nærare bestemt på vilkåra for å velje nynorsk og samisk. Den delen av avhandlinga som er mest relevant for denne granskinga, er samanslåinga av tre høgskular på Vestlandet som resulterte i «Høgskulen på Vestlandet» i 2017. Då gjekk det føre seg ein prosess når det gjaldt

kva som skulle vere den nye skulen si hovudmålform.⁸ Valet fall til slutt på nynorsk, og det er blant anna prosessen fram til valet blei tatt Thingnes (2020) analyserer i avhandlinga si.

Thingnes (2020) viser til at valet blei oppfatta som noko markert, og at nynorsk må forsvarast.

Hernes (2013) har gjennomført ei spørjeundersøking om språkskifte frå nynorsk til bokmål blant lærarstudentar, og deretter ei kvalitativ undersøking av eit utval av dei 105 studentane som deltok (s. 56). Funna hennar viser at sjølv studentar som har nynorsk som hovudmål, og som har hatt nynorskopplæring i 12 år, ikkje meistrar nynorsk godt nok. Hernes (2013) peikar på bokmålsdominansen i det norske samfunnet som ei viktig årsak til dette. Dette fører i sin tur til at nynorsken er usynleg:

[...] mangelen på nynorske modelltekstar er skrikande. Sjølv for språkbrukarar som veks opp i dei nynorske kjerneområdet, vil møtet med nynorsk skriftkultur ofte vera avgrensa til lesing av lokalavisa, dersom dei sjølv ikkje aktivt oppsøker nynorsk lesestoff. Lesing av nynorsk lokalavis og nokre nynorske drypp på NRK og TV2 gjev ikkje nok innputt, og kunnskapane om den nynorske skriftnormalen blir dermed ikkje godt nok internaliserte. (Hernes, 2013, s. 81)

Mangelen på nynorskesponering er noko også Brunstad (2020) peikar på i sin studie av ungdomsskuleelevar i tidlegare Fjell kommune utanfor Bergen. I studien ser han nærare på det han kallar for «Det saumlause språkskiftet» (Brunstad, 2020, s. 171). Han kallar det saumlaust nettopp fordi funna hans viser at det er «[...] påfallande kor lett skiftet frå nynorsk til bokmål verkar for dei det direkte gjeld» (Brunstad, 2020, s. 172). Årsakene elevane viser til når det gjeld kvifor dei vel å skifte skriftspråk, er fleire og samansette. Nokre gjer det fordi dei vil få betre karakter i sidemål, som då blir nynorsk etter skiftet (Brunstad 2020, s. 193). Eit anna argument er at bokmål blir opplevd som lettare. Elevane får mykje gratis på grunn av bokmålsksponeringa i samfunnet. Brunstad (2020) meiner at «Grunngivinga om at bokmålet er lettare enn nynorsken, kan tolkast som ein effekt av mindretalsposisjonen til nynorsken» (s. 196-197). Han peikar også på korleis negative haldningar til nynorsk kan påverke: «Sjølv om dei som ytrar negative og jamvel stigmatiserande synspunkt på nynorsken, er i mindretal, kan angsten for negative ytringar gjere at elevar med nynorsk som hovudmål vil unngå å skrive på

⁸ Nynorsk og bokmål blei den gong omtala som målformer.

nynorsk» (Brunstad 2020, s. 197). Det denne studien uansett poengterer, er at skiftet frå nynorsk til bokmål verkar å vere udramatisk og noko som ikkje har møtt motstand, men tvert imot støtte (Brunstad 2020, s. 196). Brunstad (2020, s. 198) meiner det må språkpolitiske tiltak til både i skulen og elles i samfunnet, og at nynorskeksponering er noko av nøkkelen.

I 2022 kom Språkrådet med ein rapport om språkskifte frå nynorsk til bokmål, eller *språkbyte*, som det står i rapporten. Rapporten er laga av Nynorsksenteret for at Språkrådet skal kunne sette inn tiltak for å hindre språkskifte til bokmål blant nynorskelevar. Også funna i denne rapporten viser til at elevar føler dei ikkje har god nok nynorskkompetanse, at dei ikkje får god nok opplæring, og at dei møter negative haldningar til nynorsk. Rapporten konkluderer med at «Randsonekommunane har inga tid å miste når det gjeld å betre vilkåra for nynorsk i skulen» og at skulane i spesielt desse områda treng spesifikke tiltak (Språkrådet, 2022a, s. 93-94).

Helset og Brunstad (2020) har gjennomført ei kvantitativ spørjeundersøking blant ungdomskuleelevar i tre nynorske kjerneområde, altså område der nynorsken er var det mest brukte språket. Studien tek føre seg kva språkval elevane ville ha tatt i ulike språksituasjonar. Basert på dei eigenrapporterte svara frå elevane, slår denne undersøkinga fast at elevane vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt når dei skriv, alt etter kva samanheng det blir skrive i og kven som er mottakar. Helset og Brunstad (2020, s. 93 og 114) viser også at det er ein samanheng mellom elevane si språkveksling og forventningar om språkval hos mottakaren.

Det er også gjennomført fleire haldningsstudiar når det gjeld nynorsk. Helset og Bukve (2023) har samanlikna lesarane sine haldningar til tekstar skrivne på bokmål og nynorsk i Store norske leksikon. Spørsmål om haldningar forsøker dei å få svar på gjennom ei spørjeundersøking blant dei som har lese artiklane. Funna viste at «[...] fleirtalet av respondentane vurderte bokmålsartiklane til å vere klart meir forståelege enn nynorskartiklane» (Helset & Bukve, 2023, s. 333). Resultatet viste også at

[...] eit klart fleirtal av brukarane av SNL har meir positive eksplisitte haldningar til språket i artiklar som er publiserte på bokmål, enn til artiklar som er publiserte på

nynorsk, og meir negative eksplisitte haldningar til språket i nynorskartiklar enn til språket i bokmålsartiklar (Helset & Bukve, 2023, s. 334).

Også Anderson (2007) har gjennomført ein haldningsstudie. Det vil seie, ho har kartlagt både nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hos lærarstudentar. Ho meiner at kva haldningar studentane har til nynorsk, har samanheng med kor godt dei meistrar nynorsk. Gjennom sine undersøkingar viser ho at mange har stereotypiske oppfatningar om nynorskbrukarar: «Ein av studentane seier t.d. om nynorskbrukaren: ‘Ei jente med langt hår og fletter. Går i lusekofte, eller gut i «nikkers».’ Sjølv sagt heilt feil, men slik er det» (Anderson, 2007, s. 29).

Fleire har forska på NRK-journalistar og språkhaldningar, men då har fokuset vore på det talte språket og ikkje skriftspråket. Sønnesyn (2013) har i si masteroppgåve undersøkt språkval og språkhaldningar i NRK Sogn og Fjordane, med fokus på talemålsbruk i radionyheitene. Funna hennar viser at journalistane der er positive til dialektbruk på lufta, men at både dei og publikum meiner språket i nyheitssendingane bør vere normalisert. Brynjulvsen (2023) har analysert dubbing av underhaldningsprogram for ungar i NRK TV og Disney+, både for å undersøke dialektmangfald og for å undersøke språkhaldningar gjennom kva dialekt dei ulike karakterane brukar. Resultatet viser blant anna at NRK følgjer dei språklege retningslinjer sine i dubbinga, men at det til ein viss grad har blir brukt dialekter til å skildre stereotypiar.

3.8 Oppsummering

Dette teorikapittelet har vist korleis sentrale omgrep frå sosiolingvistikken kan vere med å forklare skriftspråkval. Omgrep som språkskifte, språkleg identitet, språkleg påverknad og språkhaldningar har blitt diskuterte, og desse vil bli brukte som teoretisk rammeverk i analysen. Kapittelet har også presentert tidlegare forskning på språkval, språkskifte og språkhaldningar i norsk kontekst.

4 Metode

I dette kapitlet legg eg fram kva framgangsmåte og verktøy som blir brukte for å belyse problemstillinga og svare på forskingsspørsmåla. Kapitlet gjer først greie for val av metode og argumenterer for kvifor nettopp den valde metoden er best eigna. Deretter presenterer eg utvalet og korleis eg kom fram til informantane. I granskinga er det brukt intervju, og eg vil i dette kapitlet beskrive kva type intervju som er gjorde og korleis dei blei gjennomførte. Før eg avsluttar kapitlet med å vise kva analytisk metode som er brukt for å kome fram til funna, ser eg på metodebruken i granskinga med eit kritisk blick og diskuterer fordelar og ulemper ved metodevalet.

4.1 Val av metode

Det er forskingsspørsmåla som bestemmer kva metode ein skal bruke. Metoden er avgjerande for kva resultat ein får tilgang på, og handlar ikkje berre om korleis ein samlar inn informasjon, men også om korleis ein behandlar og tolkar denne informasjonen. Ikkje minst handlar det også om korleis ein kan bruke resultatata (Larsen, 2017, s. 17). Denne granskinga av språkval er basert på intervju av sju nettjournalistar som jobbar i NRK, og målet er å forklare kva som ligg bak språkvala desse informantane tek i profesjonssamanheng. I og med det er eit sosialt fenomen som blir undersøkt, er granskinga samfunnsvitskapeleg.

4.1.1 Samfunnsvitskapeleg metode

Når ein brukar samfunnsvitskapeleg metode studerer ein samfunnet som ein sjølv er ein del av, på eitt eller anna vis. Gjennom forskinga prøver ein å forstå og forklare fenomen i samfunnet. Sjølv om funn frå forskinga sjeldan gjeld alle, er målet å finne mønster som enten kan seie noko generelt eller som er overførbare. Nokre gongar er dei mest interessante funna dei som kan seie noko som gjeld for fleirtalet av dei ein forskar på, andre gongar er det funna som skil seg ut som er mest interessant. Både likskapar og skilnader er slik viktig kunnskap (Larsen, 2017, s. 13-14). Samfunnsvitskapeleg metode omhandlar altså kva framgangsmåte ein brukar for å forske på samfunnsfenomen.

4.1.2 Kvalitativ metode

Det er fleire måtar å gå fram på når ein skal forske. Ein kan likevel seie at det er vanleg å skilje mellom to hovudtilnærmingar eller metodar, nemleg kvantitativ metode og kvalitativ metode. Desse to metodane har ulike kvalitetar og begge har sterke og svake sider. Både problemstillinga, tilnærminga og formålet er med på å bestemme om ein skal bruke kvantitativ eller kvalitativ metode, eller begge delar. Ein treng ikkje å velje det eine framfor det andre, ein kan også velje å bruke begge tilnærmingar ved å bruke såkalla metodetriangulering. Det blir nemleg argumentert med at kvalitativ og kvantitativ metode utfyller kvarandre i staden for å konkurrere mot kvarandre (Grønmo, 1996, s. 75; Larsen, 2017, s. 28-30). I denne granskinga blei det vurdert å bruke både kvantitativ og kvalitativ metode, fordi ein kombinasjon av metodar kunne ha styrkt funna gjennom statistisk generalisering (Larsen, 2017, s. 26-30). Ei slik metodetriangulering ville derimot ha gitt eit meir omfattande arbeid. På grunn av avgrensa tid og kapasitet valde eg vekk dette alternativet.

Den metoden eg meiner er mest eigna å bruke for å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla, er kvalitativ metode. Ved å bruke kvalitativ metode får eg ei djupare innsikt når det gjeld informantane sine språkval og kva som ligg bak desse. Denne innsikta ville ha vore mindre tilgjengeleg ved bruk av berre kvantitativ metode, der ein ikkje får så mykje informasjon som når ein brukar ei kvalitativ tilnærming. Føremålet med granskinga er å forstå språkvala desse informantane tek når dei er på jobb. For å få innsikt i moglege årsaker til at NRK har utfordringar med å oppfylle nynorskkravet på nett, ønske eg å intervju nokre av dei som står overfor valet om å skrive på nynorsk eller bokmål. I og med det i NRK finst ein tanke om at noko av svaret på utfordringa er å vekke dei som blir omtala som «sovande nynorskbrukarar», valde eg å intervju nettjournalistar som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen og som har bytt hovudmål til bokmål. Eg ønske å få innblikk i kva som bestemmer om dei brukar nynorsk eller bokmål i jobben som nettjournalistar for NRK. For å få ei breiare forståing av språkvala, svarte informantane på spørsmål om språkskifte, haldningar, identitet, påverknad og nynorskkompetanse. Ei kvantitativ tilnærming hadde ikkje gitt ei djup nok innsikt når det gjeld desse spørsmåla. Informantane fekk også spørsmål om NRK si rolle når det gjeld nynorsk, og kva ansvar dei eventuelt kjenner på for at NRK skal oppfylle minstekravet statskanalen er lovpålagd. Eg ønske også å sjå kva tiltak NRK meiner er viktige i jobben for å auke bruken av nynorsk, og om tiltaka har hatt noko effekt. For å nærme meg dette, var det nødvendig å intervju språksjefen i NRK. Fleksibiliteten ved

kvalitative tilnærmingar gjorde at eg kunne gjennomføre dette intervjuet i tillegg til intervju med informantane, sjølv om det ikkje var planen frå byrjinga av. Funna frå dette intervjuet er presenterte i bakgrunnskapittelet, saman med annan informasjon om nynorskkravet og om allmennkringkastaren NRK. Eg ser ikkje på språksjefen som ein del av informantane, og ho er såleis ikkje omtalt som ein del av utvalet.

4.2 Utval

For å avgrense var målet å bruke eit utval på 5-10 personar. I denne granskinga var det viktigare med djupnekunnskap om færre informantar heller enn å ha eit stort utval der ein ikkje får så stor innsikt. Årsaka til det, er at ein med denne djupnekunnskapen betre vil kunne belyse kva som motiverer skriftspråkvala til nettjournalistane. Ei anna årsak til å avgrense talet på informantar var at eit større utval ville ha gitt eit meir omfattande arbeid, og mangel på tid gjorde at det ikkje var eit realistisk alternativ å auke omfanget. Det blei til slutt sju informantar som blei intervjuet. Fire av dei er menn og tre er kvinner, og dei arbeider i ulike redaksjonar i NRK. Fem av dei arbeider ved distriktskontor og to er på NRK sitt hovudkontor på Marienlyst i Oslo.

Utvalet skulle vere sett saman av personar som skriv nettsaker for nrk.no. Det kom fram under intervjuet at éin av informantane ikkje skriv så mange nettsaker sjølv lenger. Eg meiner likevel at han er relevant å ha med i utvalet, fordi han tidlegare har skrivne nettsaker og fordi han har eit medansvar for å auke bruken av nynorsk i sin redaksjon. Nokre av informantane jobbar ved det same distriktskontoret. Eg hadde i utgangspunktet ønskt ei større geografisk spreing i utvalet, sjølv om utvalet er lite. Sidan eg ved å bruke kvalitativ metode uansett ikkje har som mål å generalisere funna, men heller få djupnekunnskap, konkluderte eg med at det ikkje vil svekke granskinga at desse har same arbeidsplass. Hadde eg derimot brukt kvantitativ metode, eller metodetriangulering, hadde eg hatt eit større utval og sørga for å ha med informantar eller respondentar frå fleire delar av landet.

Då eg bestemte kven utvalet skulle bestå av, brukte eg ikkje-sannsynsutveljing. Det vil seie at informantane som er med i granskinga, ikkje er tilfeldig utvalde (Larsen, 2017, s. 89). Sidan det er på nett NRK har hatt den største utfordringa når det gjeld nynorskbruk, var det nettopp

nettjournalistar som hadde hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen eg var ute etter å intervju. For å finne desse brukte eg ein kombinasjon av sjølvseleksjon og snøballmetoden (Larsen, 2017, s. 90). I NRK sin nynorskchat oppfordra eg til sjølvseleksjon ved å stille dette spørsmålet:

Har du hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men brukar bokmål i jobben som nettjournalist i NRK? Då er eg interessert i å stille deg nokre spørsmål til ei masteroppgåve om språkskifte og språkval.

Tre nettjournalistar sende meg e-post om at dei kunne tenkje seg å delta. Nokre veker seinare la eg ut spørsmålet på nytt, og ytterlegare tre nettjournalistar melde seg. For å få på plass fleire informantar brukte eg snøballmetoden. Då sende eg e-post til nyheitssjefane ved dei ulike distriktskontora i NRK og spurde om dei kjende til nokon i redaksjonane som hadde nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men som skifta hovudmål til bokmål og som brukar bokmål i jobben sin som nettjournalistar i NRK. Den siste informant dukka opp etter tips frå éin av nyheitssjefane. Under intervju viste det seg at nokre av informantane brukte både nynorsk og bokmål i jobben sin. Eg var i utgangspunktet ute etter å intervju informantar som berre skreiv på bokmål på jobb, men eg vurderte det slik at eg kunne bruke desse informantane likevel. Eg såg på det som ein fordel at dei kunne gi meg innsikt i årsakene til at dei har begynt å bruke nynorsk igjen, i tillegg til bokmål. Utvalet er tilgjengeleg, som vil seie at det var lett å få tilgang til og innpass hos informantane, og eg vurderte det som sannsynleg at dei ville samarbeide med meg (Everett & Furseth, 2012, s. 134).

4.3 Intervjutype og gjennomføring av intervju

Dataa i denne granskinga blei samla inn gjennom intervju. Før intervju blei det laga ein intervjuguide. Denne ligg ved som vedlegg til masteroppgåva. Nokre av spørsmåla i intervjuguiden var testa ut frå før, fordi eg gjennomførte ei liknande undersøking i NRK Møre og Romsdal då eg skreiv semesteroppgåve i 2022 (Bringsvor, 2022). Gjennom denne pilottesten fekk eg luka ut og lagt til spørsmål eg meiner var nødvendige å stille for å få dei dataa eg trong for å svare på forskingsspørsmåla. I motsetnad til kvantitativ metode, der eit strukturert måleinstrument er svært viktig, er måleinstrumentet i datainnsamlinga mindre

fastlagt når ein brukar kvalitativ metode. Her spelar forskaren si samhandling med informantane og inntrykk ein sit att med frå intervjuet, ei mykje større rolle, sidan sjølve datainnsamlinga er ein del av tolkinga i kvalitativ metode (Grønmo, s. 90-91 og s. 105). Intervjua som er brukte i denne masteroppgåva, har likevel ein viss struktur, fordi dei fleste av spørsmåla var fastsette på førehand. Intervjuguiden inneheld mest opne spørsmål, men der er også nokre lukka spørsmål. Dei lukka spørsmåla har konkrete svaralternativ, medan dei opne spørsmåla inviterer meir til utdjuping og grunngiving av svara. Det at intervjua er semistrukturerte, betyr at intervjuguiden er fleksibel, noko som gjorde at det også kunne stillast oppfølgingsspørsmål der det var behov for forklaring eller utdjuping. Informantane kunne også sjølve ta opp andre ting som var relevante for temaet (Larsen, 2017, s. 99). Éin av informantane, Informant 3, sende også svar på e-post i etterkant av intervjuet fordi han var litt usikker på kva som var årsaka til at han hadde nynorsk som hovudmål då han begynte på skulen. Etter å ha snakka med mora si om dette, fekk eg eit utfyllande svar frå han om bakgrunnen for dette språkvalet.

Alle intervjua med informantane gjekk føre seg digitalt over ein periode på tre veker. Fordelen med å gjennomføre digitale intervju var at eg slapp å reise til informantane, som held til i ulike delar av landet. Eg trur også at det kan vere ein lågare terskel for informantar å stille til eit digitalt intervju enn om dei må møte opp fysisk, først og fremst på grunn av tid. Intervjua varte i 30-45 minutt og blei gjorde via Teams.⁹ At det blei gjort opptak av intervjua, hadde informantane allereie blitt informerte om då dei skreiv under på å delta, og dei fekk igjen beskjed før intervjuet var i gang. Etter å ha gjennomført dei første intervjua, såg eg at nokre av spørsmåla ikkje var relevante for problemstillinga og forskingsspørsmåla. Eg valde derfor å utelate dei i dei resterande intervjua.

4.4 Analytiske metodar

Då alle intervjua var gjennomførte, transkriberte eg dei. Det vil seie at eg hørde på opptaka og skreiv ned det som blei sagt ord for ord. I behandlinga av det innsamla materialet har eg

⁹ Intervjuet med språksjefen blei gjort fysisk fordi eg likevel var på Marienlyst der ho har kontor. Også dette intervjuet blei det gjort opptak av.

valt å legge meg så tett opptil deira opphavelige ytringar som mogleg. Det gjer at ein vil sjå at det er spor av munnleg språk i sitata frå informantane, som for eksempel repetisjon av ord. Eg har valt å gjere det for at informantane sine stemmer skal kome best mogleg fram. Sidan eg ikkje gjer ei lingvistisk analyse av materialet, men heller er interessert i å avdekke oppfatningane deira av språkval, så har eg ikkje valt å transkribere pausar, intonasjon eller latter. I og med at eg transkriberte alle intervju, kunne eg enkelt gå tilbake dersom det var noko eg ville dobbelsjekke. All transkribering er gjort på nynorsk. Der er derimot eitt sitat på bokmål i analysekapittelet, fordi det er tatt frå e-posten Informant 3 skreiv til meg. Etter å ha transkribert alle intervju, las eg over alle intervjusvara og noterte dei første tankane mine. I kvalitative studiar der ein brukar intervju som metode, er det vanleg å illustrere og beskrive funn ved hjelp av sitat (Grønmo, 1996, s. 97). Eg markerte derfor etter kvart kva svar eg syntest var ekstra interessante og kva sitat eg burde ha med når eg skulle legge fram resultatet. Dette var nyttig arbeid med tanke på seinare bruk i analysekapittelet. Deretter gjekk eg i gang med å kode materialet mitt for å få oversikt og for å systematisere data. Under arbeidet med å kode hadde eg heile tida forskingsspørsmåla mine i bakhovudet. Etter at eg hadde koda datamaterialet, blei det sortert og gruppert i kategoriar. Denne systematiseringa er viktig analytisk arbeid for å seinare kunne sjå etter mønster, samanhengar og kontrastar. Dette er også ein måte å redusere datamengda på, fordi ein skil ut kva delar av datamaterialet som er relevant for problemstillinga frå det som er mindre relevant. Med bakgrunn i teorien presentert i teorikapittelet, bestemte eg meg for å kategorisere dataa i *språkleg bakgrunn*, *språkskifte*, *identitet*, *påverknad*, *haldningar*, *NRK og språk*, og til slutt *språkkompetanse*. Alle kategoriane er sentrale for forskingsspørsmåla og eg brukte desse då eg skreiv utkast til eit resultatkapittel. Seinare bestemte eg meg for å samle resultat og drøfting i eit analysekapittel for å komprimere stoffet, og eg valde å sortere funna i meir konkrete kategoriar. Intervjudataa blei no systematiserte ut frå dei funna eg syntest var mest interessant å fokusere på for å belyse problemstillinga. Desse funna blir i analysekapittelet tolka og drøfta med utgangspunkt i det teoretiske rammeverket eg presenterte i teorikapittelet.

4.5 Metodekritikk

I all forskning er det viktig å sjå på metoden som er brukt med eit kritisk blikk. Denne delen diskuterer utfordringar ved metoden i granskinga og korleis dette kan påverke analysen og konklusjonane.

4.5.1 Validitet og reliabilitet

Både utval, planlegging og gjennomføring av datainnsamling er viktig for validitet og reliabilitet. Det er også måten ein arbeider med materialet på etter innsamlinga. Validitet og reliabilitet må sikrast for at funna skal kunne ha ein overføringsverdi. Funna blir også styrkt gjennom forankring i teori.

Validitet viser til relevans, altså at ein spør om det ein *må* spørje om for å svare på problemstillinga, og om funna er relevante for problemstillinga. Validitet viser også til gyldigheit. Ein må rett og slett vise at ein har føresetnadar for å fortolke og konkludere på den måten ein gjer (Everett & Furset, 2012, s. 135; Larsen, 2017, s. 90-94). Eg vil hevde at dei dataa som er samla inn, er relevante for problemstillinga og forskingsspørsmåla. At eg tidlegare har gjennomført ein pilottest på andre informantar, meiner eg har heva validiteten for denne granskinga fordi eg på denne måten har sikra at eg måler det eg vil måle.

Reliabilitet handlar om kor nøyaktig og påliteleg undersøkinga er. Både kjeldene og dataa må vere pålitelege for å sikre reliabilitet. Det er faktiske data som skal ligge til grunn for funna ein legg fram, og ikkje forskaren sine egne tankar og oppfatningar. For at undersøkinga skal vere truverdig, må ein vere open om korleis ein har samla inn og analysert data, slik at andre kan vurdere reliabiliteten (Everett & Furset, 2012, s.135; Larsen, 2017, s. 94-95). For å sikre ein høgast mogleg reliabilitet i denne granskinga har eg lagt vekt på ei nøyaktig og systematisk datainnsamling. Eg har transkribert intervjuet så nøyaktig som mogleg ved å skrive ned ord for ord det informantane har sagt. Det at alle intervjuet blei transkriberte, gjorde at eg kunne leite i teksten for å sjå tilbake på kva samanheng dei ulike sitata er frå, noko som har vore nødvendig for ei mest mogleg presis attgjeving. Eg har i tillegg lagt vekt på å vere nøyaktig når det gjeld koding og kategorisering av funna. Det var også viktig å stille opne og ikkje leiande spørsmål i intervjuet med informantane for å sikre reliabiliteten. Sidan eg har god kjennskap til NRK og utfordringa med å nå nynorskkravet, var det å unngå å stille leiande spørsmål noko eg arbeidde særleg med å få til.

4.5.2 Intervjueffekten

Når ein samlar inn data ved hjelp av intervju, må ein likevel vere bevisst på intervjueffekten. Det vil seie at informantane sine svar kan ha blitt påverka av både intervjusituasjonen og måten spørsmåla er formulerte på. Same kor lite leiande spørsmål ein stiller informantane, kan svara deira vere påverka av det dei trur er akseptert eller venta at dei skal svare (Everett & Furseth, 2012, s. 132-133; Larsen, 2017, s. 103-104). Her kan det vere ein forsterkande faktor at eg som intervjuar jobbar i NRK, jamvel om informantane er sikra anonymitet. Når ein brukar intervju som metode for å samle inn datamateriale, kjem ein ikkje unna at det alltid går føre seg ein interaksjon mellom den som intervjuar og dei som blir intervjuet (Grønmo, 1996, s. 85). Ein må også hugse på at svara til informantane er sjølvrapporterte. Korleis verkelegheita eigentleg er eller er opplevd, veit vi ikkje. Dette ser ein også att i Silverman (2020) sin definisjon:

Even if we can ask questions in a reliable way, what people say in answer to interview questions may not have a stable relationship to how they behave in naturally occurring situations. In this sense, interview responses may be artefactual. (s. 16)

Dette er særleg viktig å tenkje over når ein analyserer empirien. Det kan også vere ei utfordring å vere nøytral i slike intervjusituasjonar. Eg prøvde å vere så objektiv som mogleg både med tanke på kva spørsmål som blei stilte, korleis dei blei stilte, og ved å ikkje kommentere svara informantane kom med.

4.5.3 Vanskeleg å måle haldningar

Noko av det informantane har fått spørsmål om, er egne haldningar og om korleis dei oppfattar andre sine haldningar er til nynorsk. Haldningar er vanskelege å måle og få tilgang til, i og med dei ofte er ubevisste (Garrett, 2010, s. 59). Likevel ser eg at det kunne ha blitt stilt fleire spørsmål. Her blei det stilt lukka spørsmål med svaralternativ når det gjeld informantane sine egne haldningar til nynorsk. Sjølv om informantane blei inviterte til å gi utfyllande kommentarar, var det ikkje alle som gjorde det. Dersom eg hadde stilt meir opne spørsmål om haldningar, hadde det nok vore større sjanse for å få tilgang på desse. Eg vil hevde at det likevel kjem indirekte fram underbevisste haldningar hos informantane gjennom

svara deira på andre opne spørsmål. Garrett (2010, s. 39-44) hevdar det ikkje er sikkert ein får tilgang på informantane sine haldningar ved direkte metode. Brukar ein derimot indirekte metode, der ein ikkje stiller direkte spørsmål som går på haldningar, men heller prøver å avdekke haldningane deira gjennom andre spørsmål, har ein større sjanse for å lykkast. Slik sett kan ein seie at eg har brukt både direkte og indirekte metodar for å få tilgang på informasjon om haldningar til nynorsk.

4.5.4 Andre moglege feilkjelder

Ei ulempe med digitale intervju kan vere at ein ikkje klarer å fange opp kroppsspråk på same måte som når ein gjennomfører eit intervju ansikt til ansikt. Sidan erfaringa og opplevinga frå datainnsamlinga truleg har mykje å seie for tolkinga av materialet i kvalitative analysar, kan det hende at fysiske intervju ville ha påverka tolkinga på ein annan måte (Grønmo, 1996, s. 95). I denne granskinga kan det også vere ei ulempe at intervjuet skjedde då informantane var på jobb og at dei dermed kan ha kjent på eit tidspress. Eitt av intervjuet blei også gjennomført, etter ønske frå informanten, medan han sat på desken i redaksjonen han jobbar i. Det kom også fram på slutten av intervjuet at han sat ved sidan av ein kollega som sit i språkstyret i NRK, noko som kan ha påverka svara hans.

I og med dei fleste av informantane melde seg til å delta i undersøkinga sjølve, kan det tenkast at dei har eit særleg engasjement for temaet (Larsen, 2017, s. 91). Dette kan ha påverka resultatet. Det er mogleg at eg hadde fått andre svar frå informantar som var valde på ein annan måte.

4.5.5 Andre utfordringar ved metoden

Det er viktig å understreke at det ikkje er mogleg å seie noko allment om funna når ein har eit lite utval informantar som i denne granskinga. Ein kan ikkje generalisere eller gi ei representativ oversikt, slik målet er i kvantitative analysar (Grønmo, 1996, s. 93). Hadde eg brukt kvantitativ metode i tillegg, hadde dette styrkt validiteten til granskinga. Eg meiner likevel at funna kan bidra til ei utvida forståing når det gjeld språkvala til nettjournalistar i NRK. Sjølv om det er få informantar, får ein stor innsikt og mykje informasjon gjennom det

kvalitative forskingsopplegget – som eg meiner gir oss andre perspektiv og svar enn kva tilfellet hadde vore med ei rein kvantitativ gransking.

Når ein vel kvalitativ metode framfor kvantitativ metode, er også sjølv innsamlinga av dataa mindre systematisk. Dermed er arbeidet med å gå gjennom og komprimere datamaterialet meir omfattande.

4.6 Oppsummering

I dette kapitlet har eg presentert og grunnlagt metoden som er brukt i granskinga.

Undersøkinga er samfunnsvitskapeleg, og ved hjelp av ei kvalitativ tilnærming har målet vore å kunne svare på forskingsspørsmåla gjennom semistrukturerte intervju med sju informantar.

Det er også presentert korleis eg har gått fram analytisk. Til slutt har eg sett på metoden som er brukt med eit kritisk blikk.

5. Analyse

I dette kapittelet presenterer eg ein detaljert analyse av kva som styrer eit utval nettjournalistar sine skriftspråkval i ei verksemd som har eit uttalt og lovpålagt krav om at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk (nynorskkravet). Eg belyser (1) korleis nettjournalistane opplever skriftspråkskifta dei har gjort og kva årsaker som ligg til grunn for skifta, (2) kva skriftspråkval nettjournalistane tek i NRK-jobben og kva som påverkar desse vala, (3) kva som mogleggjer eller hindrar nettjournalistane i å bruke meir nynorsk i NRK-jobben, (4) i kva grad nettjournalistane støttar nynorskkravet i NRK, og kva ansvar dei sjølve opplever å ha for å bidra til at NRK oppfyller kravet, og, til slutt, (5) kva tiltak, om nokon, foreslår nettjournalistane at NRK innfører for å oppfylle nynorskkravet på nett.

Dette kapittelet er strukturert rundt hovudfunna frå analysen. Funna blir presenterte og drøfta, for så å bli avslutta med ei oppsummering. Kapittelet er organisert som følgjer:

I del 1 av denne analysen ser vi på informantane sine val av skriftspråk i barne- og ungdomstida (Forskingsspørsmål 1). Alle informantane som blei intervjuja gjekk, på ulike tidspunkt, frå å bruke nynorsk som hovudmål til å bruke bokmål.¹⁰ Målet med første del av analysen er nettopp å undersøkje korleis informantane opplevde å skifte skriftspråk frå eit minorisert språk (nynorsk) til eit majorisert språk (bokmål), og kva som var årsakene til skifta. I kva grad er språkskifta forstått som aktive individuelle val, og i kva grad er språkskifta påverka av sosiale faktorar og strukturelle rammer? Eg argumenterer her for at informantane i stor grad opplevde språkskiftet frå nynorsk til bokmål som *uproblematisk*. Vi skal her sjå at forståingane av språkskifta er varierte, men gjenkjennelege jamført med funn i tidlegare studiar. Del 1 skildrar altså journalistane sine tidlege erfaringar med val av skriftspråk, og dannar slik bakgrunn for dei neste delane av analysen.

I del 2 av analysen ser vi på kva skriftspråk informantane brukar som vaksne, og då spesielt i sitt virke som nettjournalistar for NRK (Forskingsspørsmål 2 og 3). Målet er å undersøkje korleis journalistane forstår skriftspråkvala dei gjer på jobb, og kva som styrer dei. Eg

¹⁰ Seks av sju informantar skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål i grunnskulen eller på vidaregåande, medan den siste skifta til bokmål etter vidaregåande.

argumenterer her for at medan skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål blei opplevd som *uproblematisk*, blir det å velje nynorsk i staden for bokmål på jobb på mange måtar opplevd som *problematisk*. Dette gjeld så vel dei informantane som per i dag ikkje brukar nynorsk i jobbsamanheng, som dei som veksler mellom bokmål og nynorsk. For å støtte dette argumentet, legg eg fram funn som belyser «det problematiske» med å bruke nynorsk i jobben (funna blir presenterte under).

I del 3 ser vi på nynorskkravet i NRK (Forskingsspørsmål 4 og 5). Målet med denne delen er å undersøkje korleis nettjournalistane stiller seg til nynorskkravet og om dei føler ansvar for å bidra til at NRK skal oppfylle det. Her argumenterer eg for at nettjournalistane i stor grad er uttalt positive til dette kravet. Samtidig varierer det i kva grad dei sjølve kjenner ansvar for å bidra til at NRK når målet om minst 25 prosent nynorsk. Til slutt i denne delen presenterer eg nettjournalistane sine forslag til tiltak for å auke nynorskbruken på nett i NRK.

Funna er på denne måten delte inn i kategoriar som belyser forskingsspørsmåla. For å underbygge funna, presenterer eg direkte sitat frå informantane. I intervjudataa er følgjande funn særleg interessante:

DEL 1: Skriftspråkskifte i skulen – det uproblematisk skiftet

1. Fleire informantar opplevde å få støtte for skiftet frå nynorsk til bokmål
2. Informantane syntest det var enklare å skrive på bokmål enn på nynorsk
3. Skiftet blei opplevd som umarkert
4. Skiftet blei opplevd som praktisk
5. Nynorsk hadde avgrensa bruk for informantane

DEL 2: Skriftspråkval på arbeidsplassen – den problematiske nynorsken

6. Fleire av informantane er språkvekslarar
7. Informantane sitt bilde av publikum påverkar nettjournalistane si lyst til å bruke nynorsk i jobben sin
8. Kritikkk for rettskriving gjer at det å skrive nynorsk blir opplevd som uoppnåeleg
9. Dialekta er viktigare for identiteten enn skriftspråket

10. Profesjonsidentitet er viktigare enn nynorsk språkidentitet
11. Arbeidsnettverket til journalistane er til dels med på å styre språkvala deira

DEL 3: Nynorskkravet i NRK

12. Nynorskkravet blir opplevd som viktig, men det varierer både kva ansvar den enkelte føler han eller ho har, eller kva ansvar den enkelte tek, for å bidra til å nå målet om meir nynorskbruk
13. Informantane etterspør tiltak som premiering, motivering og framsnakking, rekruttering av nynorskbrukarar og meir opplæring for å auke nynorskbruken i NRK.

5.1 Skriftspråkskifte i skulen - det uproblematiske språkskiftet

5.1.1 Språkleg bakgrunn og språkskifte

Det første forskingsspørsmålet i denne granskinga omhandlar årsaker til språkskifte. For å få eit godt svar på kva som ligg bak eit språkskifte, er det nødvendig å også sjå på informantane sin språklege bakgrunn. Informantane har fått spørsmål om alder, kjønn og kvar dei vaks opp.¹¹ Dei har også svart på spørsmål om haldningar til nynorsk i familien, kvifor dei hadde nynorsk som hovudmål og kor lenge dei hadde det. Når det gjeld spørsmål om språkskifte, har informantane fått spørsmål om når og kvifor dei skifta til bokmål, og korleis dei opplevde det å skifte skriftspråk.

5.1.1.1 Språkleg bakgrunn

Informantane har ulik språkleg bakgrunn, og kor lenge dei har hatt nynorsk som hovudmål, varierer. Informant 1, 4 og 6 hadde nynorsk som hovudmål både på barneskulen og ungdomsskulen. Informant 1 og 4 meiner at kva hovudmål dei skulle ha, ikkje var valfritt. Informant 6 gir også «[...] *alle* hadde nynorsk» som grunngiving for at han sjølv hadde det som hovudmål. Han er dessutan frå ein familie med nynorskbrukarar.

¹¹ Kvar informantane vaks opp og kvar dei jobbar har blitt tatt vekk frå dei vedlagde intervjuar for å anonymisere (sjå 1.4 Ethiske vurderingar og eigen ståstad)

Informant 2 skil seg ut ved at han hadde bokmål som hovudmål dei tre første åra av grunnskulen. Deretter hadde han nynorsk som hovudmål frå og med 4. klasse og ut ungdomsskulen. Årsaka til skiftet frå bokmål til nynorsk var at han flytta frå eit bokmålsområde til eit nynorskområde i ein annan del av landet. Han fekk halde fram med bokmål om han ville, men valde nynorsk. Han hugsar at han syntest det var enkelt å lære nynorsk. Mor hans er frå eit område med nynorskdominans, medan far hans, som rett nok har vore engasjert i Noregs mållag, er frå eit område med bokmålsdominans.

Informant 3 har også ein interessant språkbakgrunn. Han kjem frå eit område der det i utgangspunktet ikkje var nynorsk-klasser. Noregs Mållag hadde eit lokallag i kommunen som var svært aktivt på den tida då han vaks opp, og dei jobba for å få oppretta nynorsk-klasser. Argumenta for det var at det var viktig å ha nynorsk og at storleiken på klassene ville gå ned. Éin av dei som var med i mållaget, var bestefaren til informanten, og han har tydelegvis hatt stor innverknad på valet om at Informant 3 skulle ha nynorsk som hovudmål på barneskulen: «Mor mi sa hun var ‘redd for å bli gjort arvelaus’ av faren sin viss hun ikke valgte nynorsk for barna sine.» Dette kan vitne om at ein må ha eit særleg engasjement for språk for å velje nynorsk i område der nynorsken ikkje står sterkt. Av teorikapittelet går det fram at familie er blant dei primære sosialiseringagentane som formidlar normer (Mæhlum et al., 2008, s. 90-93). Det er grunn til å tru at denne bestefaren var ein viktig sosialiseringagent for mora hans, som valde at informanten skulle begynne i ei nynorskklasse. Det kan også tenkast at mora var spesielt språkinteressert i og med ho jobba som lærar. Ifølgje Informant 3 var mange av foreldra til elevar i denne nynorskklassa av lærarar.

Informant 5 fortel at det var ein stor språkdiskusjon i bygda han vaks opp i som gjorde at han hadde nynorsk som hovudmål: «Det var faktisk ein strid. [...] Men det enda opp med at det blei nynorsk på skulen. [...] Heile skulen hadde det. Eg trur ikkje vi kunne velje.» Slik informanten hugsar det, så stemte familien hans imot at det var nynorsk som skulle vere hovudmålet ved skulen: «Eg trur nok min familie var negative til at skulen skulle ha nynorsk, [...]. Min far var sjølv rektor på ein bokmålsskule.» Eit viktig stikkord her er *strid*. Som vi såg i kapittel 3, går den språklege maktkampen føre seg ikkje berre i språket, men maktkampen kan også handle om språket (Østerud et al., 2003, s. 281-282). Informanten viser her at det har vore ein kamp om språket i bygda hans. At det har vore ein kamp, seier noko om kva engasjement og følelsar språk kan vekke. Informant 5 seier også at det ikkje var

nynorsk som var det vanlege for skulane der han vaks opp: «Så det var vel litt med det ... kva som var det aksepterte og vanlege. Trass i at vi er ein stad med vestnorsk dialekt». Forstått ut frå dette sitatet blei nynorsk sett på som uvanleg og avstikkande i bygda hans. Det kan forklarast med det språklege hegemoniet, der bokmål dominerer og derfor blir sett på som «det vanlege» (Hårstad et al. 2021, s. 117; Østerud et al., 2003, s 303). Dette samsvarer med tidlegare forskning som konkluderer med at nynorskvalet blir oppfatta som markert (Thingnes, 2020; Wold, 2018). Det kan også tenkast at nynorsk blei sett på som eit naturleg og umarkert val av andre i bygda. Sidan informanten omtalar det som ein strid, stod der nokon på den andre sida av striden og kjempa for nynorsken. Det er derimot ikkje så rart om Informant 5 hugsar tilbake på nynorsken som noko som ikkje var akseptert, i og med foreldra hans var negative til nynorsk.

Informant 7 er den einaste av informantane som hadde nynorsk som hovudmål både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Ingen av foreldra hennar er nynorskbrukarar, men ho har sjølv hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile skulegangen fordi dette var ein innarbeidd tradisjon der ho gjekk på skule.

Språkbakgrunnen og språkskiftet til informantane er illustrert i tabellen nedanfor.

Tabell 1: Språkskifte og nynorskholdningar

	<i>Inf.1</i>	<i>Inf. 2</i>	<i>Inf. 3</i>	<i>Inf. 4</i>	<i>Inf. 5</i>	<i>Inf. 6</i>	<i>Inf. 7</i>
<i>Kjønn</i>	Kvinne	Mann	Mann	Kvinne	Mann	Mann	Kvinne
<i>Alder</i>	54	42	42	41	52	33	27
<i>Språkskifte</i>	VGS	VGS	Ung.skule	VGS	Ung.skule	VGS	Etter VGS
<i>Nynorsk- haldning</i>	Frå negativ til positiv	Positiv	Positiv	Positiv	Positiv	Nøytral	Nøytral
<i>Nynorsk- meistring (eiga vurd.)</i>	Nokså godt	Godt	Godt	Godt	Godt	Godt	Godt

5.1.1.2 Språkskifte

Felles for alle informantane er at dei på eit tidspunkt har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Som presentert i bakgrunnskapittelet og teorikapittelet, skjer språkskiftet ofte i løpet av skulegangen. Resultata i Proba samfunnsanalyse sin rapport (2014) viser at dei fleste språkskifta frå nynorsk til bokmål skjer ved overgang til skular der bokmåselevar er i fleirtal. Dette finn eg att i intervjumaterialet. To av informantane i denne granskinga skifta då dei begynte på ungdomsskulen, fire skifta då dei begynte på vidaregåande, og den sjuande skifta etter vidaregåande skule.

Informant 3 og Informant 5 sine språkskifte skjedde då dei begynte på ungdomsskulen. Informant 3 fortel at det ikkje var eigne nynorskklasse der slik som på barneskulen. Elevane kunne ha nynorsk som hovudmål om dei ønskte det, men det ville han ikkje: «Det trur eg var fordi eg hadde begynt å bli ein litt ‘tøff’ tenåring som begynte å synast at nynorsk var litt ‘teit’

og litt 'ut'.» Dette stemmer overeins med Wold (2018) sine funn, som viser til oppfatningar om at nynorsk er gammaldags. Ein kan også relatere det til Hårstad et al. (2021, s. 16) sin påstand om at nynorsk ofte kan bli sett på som «lite kult».

Også informant 5 sitt språkskifte skjedde då han begynte på ungdomsskulen, i og med at undervisninga der gjekk føre seg på bokmål: «Eg følte også at ungdomsskulen la opp til det. Det var ikkje noko ordentleg, så vidt eg hugsar, noko ordentleg undervisning i nynorsk. Bortsett frå sidemål, då. Så vi fekk liksom ikkje ... alt gjekk føre seg på bokmål.» Dette ser ein også i Proba samfunnsanalyse (Utdanningsdirektoratet, 2014) si undersøking av nynorsk som hovudmål. Denne undersøkinga ser på skulen si rolle i val av hovudmål og på korleis det er å vere nynorskelev på ein skule der bokmål er det dominerande skriftspråket. Funna i rapporten viser at elevane ikkje følte seg pressa av skulen til å skifte hovudmål til bokmål, men at det heller ikkje blei gjort noko frå skulen si side for å få dei til å halde fram med nynorsk (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 39). Rapporten peikar også på at elevane oppfattar det som utfordrande å vere i mindretal som nynorskbrukar, at dei sjeldan møter nynorsk i andre fag enn i norsktimane og at det då ofte er i samband med sidemålsundervisning for bokmålelevane (Utdanningsdirektoratet, 2014, s. 40). Informant 5 trur dessutan at han blei råda av foreldra sine til å byte til bokmål fordi dei meinte at nynorsk er eit vanskelegare språk og at det dermed var lettare for han å få betre karakter i bokmål. Dette er eit argument ein ser blir brukt av fleire. Informant 4 og Informant 6 grunngir også språkskiftet sitt med at det var lurt å ha nynorsk som sidemål for å redde sidemålskarakteren sin. Utdanningsdirektoratet (2014, s. 36-37) har kome fram til liknande funn, og viser til at elevane påstår at det er lettare å få betre karakter i nynorsk sidemål enn bokmål sidemål. Dette samsvarer med funna til Brunstad (2020, s. 193), som også viser til at elevar grunngir skiftet av hovudmål som taktisk, for å få ein betre sidemålskarakter. Han meiner likevel at slike taktiske vurderingar ikkje blir sett på som dei viktigaste årsakene til språkskifte i faglitteraturen. Språkstriden i bygda, og det at foreldra var negative til at barneskulen Informant 5 gjekk på skulle vere ein nynorskskule, kan nok også ha vore medverkande til at det ikkje blei kjempa for nynorsken då han begynte på ungdomsskulen. Informant 5 seier dette var ei hending som «[...] låg litt i ryggmargen», og at han hugsar det godt: «Så det låg nok litt i meg kva foreldra mine hadde meint [...]» Det Informant 5 seier, viser kva innverknad språkstriden der han vaks opp har hatt på språkskiftet hans. Basert på Mead sine identitetsteoriar kan ein hevde at foreldra til Informant 5 har vore

«signifikante andre» som har betydd mykje for informanten, og som har vore særleg viktige når det gjeld danninga av identiteten hans (Schiefløe, 2018, s. 307).

Fire av dei sju informantane skifta til bokmål då dei begynte på vidaregåande skule. Dette er Informant 1, 2, 4 og 6. Garrett (2010, s. 105-106) seier at språk kan bli brukt til å markere avstand til andre. Det meiner Informant 1 ho gjer når ho skriv på nynorsk, og det vil ho unngå:

Eg gjekk over til bokmål med éin gong eg kunne velje det. [...] Når eg skriv nynorsk, så føler eg at avstanden mellom meg som kjem med ein bodskap og den som tek imot bodskapen blir lengre. Når eg skriv bokmål, så føler eg den avstanden blir kortare. Og så kan eg skrive lettare, meir ledig, meir gøy, leike med ord. Alt er lov på bokmål, men det kjennest som at ting ikkje er lov på nynorsk. Så derfor gjorde eg det.

Intervjuet tyder derimot på at Informant 1 ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om kva som er lov å skrive på nynorsk og ikkje, og at ho brukar ein konservativ nynorsk som dermed kan verke «fjern»:

Det er mange nynorske ord som øydela mi lese- og skrivelyst. Eg har skrive dei ned på ei liste til deg. Då berre blei det slik: 'What the fuck, kvifor skal det ordet inn her'. Det øydelegg no alt innhaldet. Eg vil seie alt eg vil formidle blir øydelagd av at eg må bruke ord som 'las'. Då eg skreiv stil.. Eg hadde no ikkje lov til å seie 'nyheiter', for eksempel, ein må seie 'nyhende'. Det blir no berre heilt sånn ... bongo ... Så måtte vi skrive 'allereie', 'vonar', 'moglegheiter', 'korkje', 'løyndom', 'semje', 'naudsynt', 'nyfiken', 'hugleik', 'mellombels', 'nøgd', 'førebels' og 'styresmaktene'. Og 'røynda' i staden for 'virkeligheten', sant. 'Framifrå', 'stundom ... det var så mange ord som berre ... Det gnistrar i hovudet mitt av sinne når eg må øydelegge ei god setning med eit ord som eg ikkje kjenner meg igjen i.

Informanten opplever nynorsk som vanskeleg, og påstanden om at nynorsk er vanskelegare enn bokmål finn ein også att i Wold (2018) og Brunstad (2020). Informant 1 seier det var eit

bevisst val å skifte til bokmål og at dette var noko ho hadde gledd seg i mange år til å gjere. Ho meiner ho ikkje blei oppfordra til å skifte. Sjølv om informanten sjølv meiner at språkskiftet var eit individuelt val, så viser funna at sosiale idear kan ha spelt inn når ho seier at «[...] det var ein snakkis blant elevane [...]. At vi gledde oss til vidaregåande når vi kunne skrive bokmål.» Dette sitatet indikerer at det har gått føre seg ei normdanning blant elevane, som kan ha gitt retning for kva som var akseptert og ikkje (Mæhlum et al., 2008, s. 90-92 og s. 176). Dette kan vere eit eksempel på korleis gruppedynamikk kan påverke individ sine språkval.

Informant 4 begynte på vidaregåande i ein by med bokmålsdominans. Ho skifta fordi ho meinte det var mest praktisk å bruke bokmål, i og med at ingen andre hadde nynorsk som hovudmål i klassa: «Og då måtte du kjøpe nynorskbøker, og då ville sidetala vere annleis. [...] Så hugsar eg i 2. klasse at det var ei som var veldig slik 'Eg held på nynorsken', men ho sat og klødde seg i hovudet og leita etter sidetal og slikt. Det var liksom bokmål som var standarden.» Informant 4 blei oppfordra til å byte av medelevar «[...] fordi det var like greitt for det var så mykje styr.» Ho hugsar blant anna at det blei meirarbeid å ta notat på nynorsk i og med læraren brukte bokmål. På den eine sida viser dette at det å bruke nynorsk kan bli opplevd som eit markert val, og på den andre sida at nynorsk kan bli vald vekk for å ikkje vere til bry. Dette er nok eit funn som viser korleis strukturelle forhold kan ha innverknad på språkskifte. Begge desse funna viser også Wold (2018) til når ho legg fram ulike «sannheiter» om nynorsk. Også Informant 6 grunngir språkskiftet med at han ikkje ville vere til bry ved å halde på nynorsken:

Enkelt og greitt, så var det fordi det var sjukt vanskeleg å få tak i lærebøker på nynorsk. Vi fekk no utdelt lærebøkene på bokmål, så som ungdom, så tenkte eg berre 'Jaja, greitt, då tek eg bokmål, då. Så kan eg heller vere god i sidemål'. [...] alle andre valde bokmål, så då tenkte eg at for å ikkje vere til bry, så kunne eg også velje bokmål.

Utdanningsdirektoratet (2014, s. 42-43) har gjort liknande funn. I rapporten blir det skriven om elevar som manglar lærebøker på nynorsk og som godtar å ha bokmålsbøker fordi dei enten ikkje vil seie frå, eller at dei ikkje opplever det som viktig å ha bøker på nynorsk. Brunstad (2020, s. 174-175) meiner at det skjer ei ansvarsfråskrivning når det på skular med

bokmålsdominans eller språkdelt klasser ikkje blir tilrettelagt for nynorskelevane. Han meiner ansvaret på den måten blir overlata til nynorskelevane sjølve, og viser blant anna til at nynorsk blir brukt i mindre grad enn bokmål i undervisinga. Også Sønnesyn (2023) peikar på at skulen ikkje alltid sikrar at elevane blir trygge nynorskbrukarar.

Informant 7 sitt språkskifte frå nynorsk til bokmål skjedde etter at ho var ferdig på vidaregåande. For henne var nynorsk berre eit skulespråk. Ho skreiv på dialekt og bokmål på fritida sjølv om ho brukte nynorsk på skulen. Då ho valde å jobbe etter at ho var ferdig på skulen, slutta ho derfor med nynorsk: «[...] eg skreiv no aldri nynorsk på fritida. Så då det ikkje var nødvendig lenger i ein skulesamanheng, så gjekk eg heilt bort frå det.» Mæhlum et al. (2008, s. 67) seier at den avgrensa bruken av eit minoritetsspråk kan påverke kva sosiale og kulturelle verdiar ein knyter til språket. Viss ein legg denne påstanden til grunn når det gjeld nynorsk, kan ein hevde at når informanten har brukt nynorsk berre som eit skulespråk, så kan det ha påverka synet hennar på språket. Det kan vere at nynorsken har fått ein låg verdi på den lingvistiske marknaden for henne (jf. Bourdieu, 1991). Då Informant 7 begynte på høgare utdanning fire år etter, måtte ho ta eit meir bevisst val:

Eg trur kanskje bokmål på sett og vis har vore det som har vore mest naturleg å bruke. [...] Eg opplevde at det flaut betre på bokmål. Det var lettare å få tak i bøker på bokmål, førelesingar og Power Points var på bokmål. Det gjorde at det var lettare å bruke bokmål viss eg skulle skrive ei oppgåve.

Her viser informanten at ho ikkje ser på nynorsken som eit skriftspråk som var naturleg for henne å bruke. Det at ho ikkje lenger måtte bruke nynorsk i skulesamanheng, men opplevde at ho hadde eit val, gjorde at det var lett for henne å velje bokmål, som var det skriftspråket ho brukte på fritida. Også ho peikar på at det var lettare å få tak i bokmålsbøker. Når ho i tillegg opplevde at undervisinga gjekk føre seg på bokmål, var det lett å velje vekk nynorsken.

5.1.2 Eit uproblematisk skifte

Til liks med funna til Brunstad (2020) viser denne granskinga at overgangen frå nynorsk til bokmål blir opplevd som uproblematisk. Fleire av informantane fortel at den store

bokmålpåverknaden i samfunnet gjorde språkskiftet lett for dei. Informant 3 seier han ikkje trengte å stoppe opp og tenkje på bokmål, slik som han måtte då han skreiv på nynorsk.

Nynorsk var eit skulespråk for han, slik som for Informant 7:

Bokmål var berre å skrive i blinde. Det har sikkert noko med mengda av eksponering å gjere, sant. Å ha nynorsk på skulen og å lese Norsk barneblad, kva er det då? [...] I sum blei eg mykje meir eksponert for bokmål. Nynorsk var eit skulespråk for meg.

Dette er eit godt eksempel på at dersom ein ikkje blir eksponert for språket sitt, så er det vanskeleg å oppretthalde det. Hernes (2013, s. 81) peikar på at det ikkje er rart mange føler dei ikkje meistrar nynorsk, i og med det er så få tekstar på nynorsk i samfunnet samanlikna med bokmålstekstar. Sitatet frå Informant 3 bygger opp under Hernes sine påstandar. Informanten sitt møte med og bruk av nynorsk har vore så avgrensa at skiftet til bokmål ikkje blei sett på som noko stort steg. Heller ikkje Informant 4, som kjem frå eit nynorskdominert område samanlikna med Informant 3, meiner det var vanskeleg å begynne å skrive på bokmål, i og med ho møtte så mykje bokmål rundt seg: «[...] for bokmål hadde eg fått gratis uansett gjennom heile oppveksten. Enten du las avisa eller såg på Barne-TV, så var alt på bokmål.» På spørsmål om kvifor ho trur at NRK slit med å oppfylle nynorskkravet, svarer ho at «Eg trur berre det er så lett å skrive på bokmål. Gjennom all påverknad utanfrå, så blir du ein bokmålsbrukar til slutt. [...]» Informant 6 argumenterer også med at eksponeringa av bokmål gjer at bokmål blir opplevd som enklare å skrive enn nynorsk: «Du ser TV, du les bøker. [...] Så det er fordi du får det inn via alle kanalar, rett og slett. Slik at det blir ein del av din måte å skrive på.» Informant 7 peikar på bokmålsdominansen i samfunnet som ei direkte årsak til at ho begynte å bruke bokmål: «Sikkert fordi det er det du møter i media, sosiale medium, i film og overalt.» Ein kan knyte desse funna til det Fishman (2001, s. 9) forklarar som nærværet av ein storebror, der minoritetsspråket blir fortrent av eit dominerande majoritetsspråk. Nynorskbrukarane er så eksponerte for bokmål at språkkontakten fører til språkskifte. Det som er interessant å merke seg, er at Hårstad et al. (2021, s. 49) meiner språkbrukarane er med på å definere maktforholdet mellom ulike språkformer gjennom sin språkbruk, og korleis dei ser på og omtalar språk. Informantane i denne granskinga peikar på bokmåls eksponering blant anna gjennom media, men dei er som nettjournalistar i NRK sjølve i posisjonar til å kunne påverke denne mangelen på nynorske tekstar i samfunnet. Dei vel altså å ikkje bruke nynorsk sjølv om det hadde bidrege til at nynorsken kunne ha blitt meir synleg i samfunnet.

Likevel skal vi sjå at det er samansette årsaker til at fleire av dei helst ikkje vil skrive på nynorsk.

Fem av dei sju informantane skifta hovudmål til bokmål etter overgangen til ein skule der bokmålselevane var i fleirtal. Fordi fleirtalet av elevane brukte bokmål, opplevde informantane skiftet av hovudmål som umarkert. To av desse opplevde at det ikkje var noko opning for at dei kunne halde fram med nynorsk frå skulen si side, og forklarar dette som éi av årsakene til at dei gjekk over til bokmål. To andre informantar forklarar skiftet med at dei ikkje ville vere til bry. Det blei opplevd som praktisk å skifte til bokmål, blant anna fordi det var lettare å få tak i lærebøker på bokmål enn på nynorsk. Den femte av dei hadde bestemt seg for og såg fram til skiftet før ho begynte på vidaregåande. Ingen av informantane såg på språkskiftet frå nynorsk til bokmål som problematisk. Dette blir grunnlagt med den dominerande bokmåls eksponeringa i samfunnet. I tillegg opplevde fleire av dei støtte for heller enn motstand mot å gjennomføre skiftet. Fire av informantane seier at nynorsk var eit skulespråk for dei, og at dei ikkje brukte det elles. Alle dei sju informantane opplevde også nynorsk som meir vanskeleg enn bokmål.

5.2 Skiftspråkval på arbeidsplassen - den problematiske nynorsken?

Fleire av informantane er fleksible språkbrukarar, som kan veksle mellom å skrive på nynorsk, bokmål og dialekt, alt etter kontekst og kven dei kommuniserer med. Fire av informantane skriv på nynorsk i tillegg til bokmål på jobb, sjølv om dei føretrekker å skrive på bokmål. Ei direkte årsak til det er nynorskkravet i NRK. Medan språkskiftet frå nynorsk til bokmål kan omtalast som uproblematisk, er bruken av nynorsk på jobb sett på som problematisk.

Blant informantane er det tre som no brukar nynorsk i meir enn 25 prosent av nettsakene dei skriv for NRK, fordi dei har blitt oppfordra til det. Informant 1 er éin av dei, sjølv om ho helst vil skrive på bokmål: «Heile tida blir det eit tyngre språk med nynorsk. Eg føretrekker å skrive bokmål på jobb.» Trass i dette skriv ho også på nynorsk:

På jobben held eg meg heilt til norma. At 35 prosent av det eg skriv er på nynorsk, uansett. For at vi skal halde oss til NRK sine retningslinjer. Eg har skrive nynorsk i heile dag for at vi skal få opp prosenten.

Også Informant 4 skriv no fleire nettsaker på nynorsk enn på bokmål. Informant 7 skreiv først på bokmål då ho begynte i NRK, men no brukar ho mest nynorsk:

Det skjer vel at eg fortsatt skriv på bokmål no også. Det er litt situasjonsavhengig. Men eg har no skjønt ... Det vil seie, då eg søkte om fast jobb i april, så stilte eg sterkt fordi eg er nynorskbrukar. Og då måtte eg no ... Så då får eg ikkje lov til å bruke bokmål lenger. [...] Men viss eg fekk velje, så ville eg helst ha skrive på bokmål.

Informant 6 seier at han har blitt oppfordra til å bruke nynorsk i NRK, og at han har gjort det når han har hatt tid ved hjelp av nynorskroboten. Dei fire andre informantane brukar sjeldan nynorsk. Informant 3 skriv berre bokmål i NRK-jobben. Informant 2 og informant 5 brukar også stort sett berre bokmål, men informant 2 seier han kan halde fram på nynorsk dersom han må ta over eit nynorskmanus.

5.2.1 Språkvekslarar

Nokre av informantane er det som blir omtala som *språkvekslarar*, det vil seie at dei endrar skriftspråk alt etter kva kontekst dei er i og kva skriftspråk dei dei kommuniserer med brukar. Fire av dei sju informantane brukar både bokmål og nynorsk som skriftspråk på jobb. Tre av desse brukar dialekt i privat skriftleg kommunikasjon. Tre av sju brukar nesten utan unntak berre eitt skriftspråk, bokmål, både på jobb og privat. Helset og Brunstad (2020) viser gjennom sine funn at nynorskbrukarar er fleksible språkbrukarar. Dette gjeld også for dei fire språkvekslarane i denne granskinga. Som vist i teorikapittelet, gjer bokmålsdominansen i samfunnet at også nynorskbrukarar er svært eksponerte for bokmål. Ein kan derfor hevde at det er enklare for nynorskbrukarar å skrive på bokmål enn det er for bokmålsbrukarar å skrive på nynorsk, som er eit mykje mindre synleg skriftspråk. Ifølgje Giles og Smith (1979) sin tilpassingsteori kan individ språkveksle som ein respons for å tilpasse seg andre. Dette er desse fire informantane døme på. Informant 4 veksler mellom å bruke bokmål og nynorsk når

ho skriv nettsaker, alt etter kvar ho har vore og kven ho har intervjuet. Då ho jobba i avis, skreiv ho nynorsk i saker frå nynorskkommunar og bokmål i saker frå bokmålskommunar. No vekslar ho bevisst mellom ulike settingar: «Og så skriv eg nynorsk når kollegaer sender e-post på nynorsk. Så svarer eg på bokmål dersom det er nokon som er veldig.. Altså, ja.. Så eg vekslar etter kven det er eg skriv med.» Det gjer Informant 5 også: «Privat har eg som prinsipp at dersom nokon skriv til meg på nynorsk, så svarer eg på nynorsk.» Informant 6 seier han skriv dialekt på fritida, men «[...] får eg ei melding på nynorsk, så svarer eg på nynorsk. Får eg ei melding på bokmål, så svarer eg på bokmål.» Også Informant 7 vekslar mellom å skrive nynorsk og bokmål på jobb, sjølv om ho prøver å skrive mest nynorsk. Om ein legg tilpassingsteorien til grunn, viser informantane her at dei nærmar seg andre ved å unngå språklege ulikskapar (Garrett, 2010, s. 105-106).

Det kan også vere at samfunnet har høgare forventningar til at nynorskbrukarar skal tilpasse seg enn at bokmålsbrukarar skal tilpasse seg. Informant 3 ser ut til å vere ein representant for det synet. Han meiner noko av løysinga for å få opp nynorskprosenten i NRK er å tilsette fleire nynorskbrukarar: «Men då må det i så fall vere nynorskbrukarar som beherskar begge målformer. For dei må no kunne bokmål også, ved behov.» Denne utsegna representerer ein tanke om at nynorskbrukarar må vere fleispråklege. Ein møter nok ikkje like ofte forventningar om det motsette, altså at bokmålsbrukarar må kunne nynorsk (Helset & Brunstad, 2020, s. 94). Dette kan forklarast med det asymmetriske maktforholdet mellom bokmål og nynorsk, der nynorsk er underordna det majoriserte skriftspråket bokmål (Hårstad et al. 2021, s. 156).

5.2.2 Publikum styrer

Garrett (2010, s. 21) meiner at andre sine språkhaldningar kan påverke språkvala våre. I denne granskinga er kva innverknad publikum har på informantane sitt språkval, relevant. Som hevda i teorikapittelet, kan forventna reaksjonar frå publikum gjere at journalistar justerer språket sitt (Garrett, 2010, s. 111). Dette er tydeleg i funna. Fleire av informantane poengterer at frykt for negativ respons frå publikum kan gjere at dei kvir seg for å bruke nynorsk. Slike grunngevingar finn ein også hos skuleelevane i Brunstad (2020) sin studie. Helset og Bukve (2023) viser at respondentane i deira studie er meir positive til å lese bokmålstekstar enn nynorskstekstar i Store norske leksikon. Sidan eg ikkje har undersøkt haldningar hos NRK sine

lesarar, veit ein ikkje om desse funna kan overførast til denne granskinga. I bakgrunnskapittelet kjem det fram at NRK får inn negative tilbakemeldingar frå lesarane på at det blir skriva på nynorsk på nrk.no. Det må understrekast at det ikkje er ein stor del av klagene som kjem inn til NRK som handlar om bruken av nynorsk. Slike negative tilbakemeldingar eller forventningar om negative tilbakemeldingar påverkar likevel nokre av informantane si lyst til å skriva nynorsk. Informant 7 seier ho har fått mange negative tilbakemeldingar på at ho har brukt nynorsk frå lesarar i det bokmålsdominerte området ho dekkjer. Ho meiner nynorsk er mindre akseptert blant publikum der, og dette har særleg vore synleg i kommentarfelta då redaksjonen delte nettsaker på Facebook.: «[...] folk har ikkje forståing for at det er ein del av oppdraget vårt. Eg er av og til redd for å skremme vekk lesarar ved å bruke nynorsk.» Frykta for låge lesartal fordi saka er skriven på nynorsk deler ho med Informant 1 og Informant 5. Denne frykta gjer at Informant 5 er delt i synet på språkoppdraget til NRK:

Og så er det kanskje ei førestilling om, eg veit ikkje om eg har høyrte det, men, altså at folk klikkar seg oftare inn på bokmålssaker enn nynorsksaker. Men det er ikkje nokon leiarar som har sagt det eller noko slikt [...] det er ein tese eg har høyrte. At folk vel vekk nynorsksakene. Vi vil no ha flest mogleg klikk på sakene våre.

Igjen må eg presisere at det, etter det eg veit, ikkje er gjennomført noko haldningsstudie når det gjeld nynorsk med NRK sine lesarar som studieobjekt. Informantane viser likevel til at det finst ei oppfatning blant journalistane om at lesarane ikkje vil ha nettsaker skrivne på nynorsk. Då Informant 4 begynte å skriva meir nynorsk som nettjournalist i NRK, frykta også ho at lesarane ville synast at det var negativt eller at dei ikkje forstod det ho skreiv, men ho har aldri fått negative tilbakemeldingar. Informant 1 fortel ikkje om konkrete negative tilbakemeldingar, men ho seier ho er redd for å misse lesarar når ho skriv på nynorsk:

Ja, for dei fleste snakkar bokmål. Og til lettare språket er, til meir leikent er det. Eller «ertent», om du forstår kva eg meiner. [...] For eg opplever det slik sjølv. Det er akkurat som når du ser eit intervju med Mick Jagger med sitat og så står det på grautnynorsk. Då blir det endå meir komisk. Vi ler jo.

Haldningane og assosiasjonane ein ser hos informanten kan ut frå dette sitatet tyde på at ho ikkje gir nynorsk særleg høg verdi på den lingvistiske marknaden (jf. Bourdieu, 1991). Ho har ei oppfatning av at nynorsk ikkje kan brukast når ein skriv ein norsk artikkel om verdsstjerner som Mick Jagger, men at ein derimot bør bruke bokmål. Som vist i teorikapittelet blir bokmål gjerne assosiert med fleire moderne verdiar enn nynorsk (Mæhlum, 2020, s. 197-198). Legg ein Garrett (2010, s. 32-33) sine tolkingar til grunn, kan ein hevde at språkhaldningane informanten viser, er forma av eit stereotypisk syn på nynorskbrukaren. Ein kan tolke svaret hennar slik at ho har negative konnotasjonar til nynorsk og at ho ser på nynorsk som noko traust og tradisjonelt. Dette samsvarer med funna til Anderson (2007, s. 29) som viser at lærarstudentar har stereotypiske syn på nynorskbrukaren. Når Informant 1 brukar ord som «grautnynorsk» og omtalar det som komisk om eit Mick Jagger-sitat står på nynorsk, presenterer ho nynorsken på ein måte som Grepstad (2012, s. 217) omtalar som ei nedvurdering og ei latterleggjering.

Som hevda i metodekapittelet, kan haldningar vere vanskelege å måle (Garrett, 2010, s. 59). Dette er tydeleg i funna i denne granskinga. Sjølv om nokre av svara i intervjuet kan tyde på haldningar til nynorsk som ikkje berre er positive, svarer nesten alle informantane at dei har positive haldningar til nynorsk på direkte spørsmål om det. Informant 1 seier ho har hatt ei negativ haldning til nynorsk i mange år, men at dette på mange vis har snudd: «Mi haldning er at vi må ha det målføret som folk kjenner seg igjen i, og at det er ein del av vår historie og vår framtid.» Samtidig, gjennom fleire svar på spørsmål som ikkje handlar direkte om haldningar, blant anna uttalen om Mick Jagger-sitat, kan ein hevde at ho viser at ho har negative haldningar til nynorsk. Ho seier også at det er «heilt på trynet» med så mange språk i eit så lite land: «Det er galskap på eitt eller anna plan, og det er noko med økonomi og etikk ... kor mange millionar ein brukar på eit målføre».¹² At nynorsk kan bli sett på som ei belastning for samfunnet, kan ein også sjå i Wold (2018). Eitt av funna hennar viser at det finst oppfatningar om at nynorsk ikkje er bra for samfunnsøkonomien (Wold, 2018, s. 38-44). Ut frå desse sitata til Informant 1 kan ein få inntrykk av at informanten sjølv har ei negativ haldning til nynorsk, og det kan tenkast at det kan påverke inntrykket ho har av haldningar hos publikum.

¹² Informanten ser ut til å blande *målform* med *målføre*. *Målføre* er eit omgrep som er brukt om dialektar, medan bokmål og nynorsk har vore omtala som *målformer*. I dag brukar ein omgrepet *skriftspråk* om nynorsk og bokmål i staden for *målform*.

I denne delen har vi sett at eigne haldningar og forventningar eller opplevde haldningar hos publikum kan påverke nettjournalistane si lyst til å skrive nynorsk i jobben sin. Tre av sju informantar trekker fram forventningar om publikum sine reaksjonar som relevant for vurderingane dei gjer når dei skal velje skriftspråk i sitt virke som nettjournalistar. Dei legg stor vekt på responsen som kjem frå publikum, og dette verkar inn på skriftspråkvala deira.

5.2.3 Den uoppnåelege nynorsken

Mead (1934, s. 135) sin teori om at sjølvmedvitet vårt blir påverka av måten andre ser på oss på, er tydeleg i funna i denne granskinga. Funna viser nemleg at også andre typar reaksjonar frå publikum har hatt negativ innverknad på nynorskbruken til nokre av informantane. Her går ikkje reaksjonane på at det er nynorskbruket, men på rettskrivinga. Tre av dei sju informantane fortel om at «raudepenen» har medverka til at dei enten har slutta å bruke nynorsk, eller til at dei kvir seg for å bruke nynorsk i jobben sin no. Informant 6 har brukt bokmål frå han skifta hovudmål frå nynorsk på vidaregåande, bortsett frå då han begynte som journalist i ei lokalavis. Då brukte han nynorsk, sjølv om han følte seg tryggare i bokmålsgrammatikken. Då han jobba i lokalavisa opplevde han å få kritikk dersom han skreiv noko feil på nynorsk: «Så det var berre slik at eg ikkje orka å få ... Altså, du får *nok* kritikk når du er journalist frå før av til at du gidd å høyre på kritikk for at du har feil bøyning på nynorsk. Så då valde eg å bruke bokmål i NRK, for det føler eg at eg beherskar på ein betre måte.» Informant 6 er ikkje åleine om slike opplevingar. Informant 2 opplevde også å bli kritisert for nynorsken sin. Han knyter sitt språkskifte frå nynorsk til bokmål direkte til ei enkelthending då han som 14-15-åring jobba i ei lokalavis:

Så hugsar eg det var ein episode der leiaren i mållaget hadde klipt ut fleire av artiklane eg hadde skrive og gått grundig til verks med raudepenen og sende det tilbake til meg i posten. Då fekk eg ein knekk [...]. Det var ikkje noko imot nynorsken. Men at eg heller begynte å tvile på mine eigne evner eller blei litt indignert.

Her er samanhengen mellom responsen han har erfart, og valet om å legge vekk nynorsken tydeleg. Ein kan argumentere for dette ved å tenke at «Eg» har blitt bevisst på «Meg» etter å ha tatt perspektivet til mållagsleiaren (jf. Mead, 1934, s. 175). Responsen frå mållagsleiaren

førte til at Informant 2 begynte å tvile på nynorskkompetansen sin, og ein direkte konsekvens av dette var at informanten skifta hovudmål til bokmål. Ein kan også hevde at mållagsleiaren var ein «signifikant andre» sjølv om vedkomande truleg ikkje var ein primær sosialiseringssagent for Informant 2 (jf. Mæhlum et al, 2008, s. 91-92). Vedkomande har nok likevel hatt høg status for informanten som språkleg forbilde eller språkagent.

Også Informant 7 har fått kritikk frå blant anna «målfolk». For å få fleire nettjournalistar i NRK til å skrive på nynorsk meiner informanten det er viktig å gjere det oppnåeleg slik at folk tør å prøve. Ho hevdar ho får meir kritikk for rettskrivingsfeil på nynorsk enn på bokmål:

Eg trur absolutt det er noko folk gjer i beste meining fordi dei har lyst til å hjelpe. Men samtidig blir det å skrive nynorsk så innmari uopnåeleg. Det er liksom ein heilag gral som ingen tør å røre fordi 'Tenk om eg skriv noko feil'. Det merkar eg også at viss eg har ein tilfeldig feil i ei bokmålssak. [...] Då er det på langt nær same kritikken og så mange e-postar som når eg har ein tilsvarande feil i ei nynorsksak. Og det trur eg kan skremme folk litt. Dei tør ikkje prøve seg fordi det er så vanskeleg å skulle klare å gjere det perfekt med éin gong. Veldig ofte er det målfolk kritikken kjem frå.

Det kan også vere at det faktisk blir skrive meir feil i nynorsktekstar enn i bokmålstekstar. Likevel meiner Informant 7 sjølv at ho meistrar nynorsk godt:

Eg føler meg nok meir komfortabel både med å lese og skrive på bokmål, enn eg gjer med nynorsk. Men så er eg no ikkje av dei som er motstandar mot nynorsk. Og eg synest det er viktig å ta vare på begge skriftspråka. Så eg skjønar no at i og med eg har hatt så mykje nynorsk, og eg hadde no veldig gode karakterar i språkfaga både i grunnskulen og på vidaregåande, så kan eg bidra til å få opp statistikken litt då.

Vidare peikar Informant 7 på at ho også opplever å bli kritisert av språkinteresserte NRK-kollegaer, eller at kollegaene meiner ho treng hjelp med nynorsken, sjølv om ho ikkje føler ho treng det:

Eg har fått e-postar der det ikkje berre blir påpeika at det er ein skrivefeil i saka mi, men at dei legg ved lenke til nynorskurs og viser til språksjefen i NRK. Og alle er skikkeleg på ballen som om dette er noko eg aldri har gjort før. Og folk i språkgruppa seier dei kan lese gjennom saka mi, og eg veit det er i beste meining, men ein føler seg kanskje litt udugeleg. Ein føler «Ja, okei. Eg prøvde. Det gjekk fort i svingen.»

Språksjefen stadfestar i bakgrunnskapittelet at å ta direkte kontakt med dei ein opplever treng det, er ein av framgangsmåtane for å auke nynorskkompetansen. I dette tilfellet kan det verke som om tiltaket verkar mot si hensikt. Informanten meiner at dersom ho hadde vore meir utrygg, så hadde ho ikkje turt å prøve å skrive nynorsk: «Det er litt bunadspoliti berre i språkform. Eg har i aller høgste grad forståing for kollegaer som ikkje tør å prøve å skrive nynorsk.»

Seks av sju av nettjournalistane i denne granskinga seier rett nok at dei meistrar nynorsk godt. Det som er interessant, er at sjølv om dei hevdar dette, så meiner fleire av informantane at nynorsk er vanskelegare enn bokmål, og at dei ikkje er trygge nok til å bruke det. Det kan vere at intervjueffekten, som er omtalt i metodekapittelet, gjer at dei svarer det dei føler er «rett svar» til meg i intervjuet, altså at dei meistrar nynorsk.

Dette funnet gir, saman med frykt for å skremme vekk publikum med nynorsken, grunn til å hevde at nettjournalistane opplever eit dobbelt press som medverkar til at dei vel vekk eller har lyst til å velje vekk nynorsken. På den eine sida har dei frykta for negative reaksjonar frå publikum, på den andre sida frykta for at dei skal skrive feil på nynorsk. I det følgjande skal vi sjå at også andre eksterne faktorar spelar inn når det gjeld språkvalet til informantane.

5.2.4 Identitet

I kapittel 3 blei språkforskarane Le Page og Tabouret-Keller (1985) omtalte. Dei meiner at språkhandlingar er identitetshandlingar. Det kan ein også finne støtte for i intervjumaterialet i denne granskinga.

5.2.4.1 Dialekta er viktigare for identiteten enn skriftspråket

Fem av dei sju informantane seier at språket har mykje å seie for identiteten, men då er det dialekta som er viktig, ikkje skriftspråket. Mange av dei skriv derfor dialekt på fritida. Informant 1 ser på dialekta som ein bunad ho pyntar seg med. Også Informant 3 identifiserer seg mest med dialekta si: «Eg har prøvd å tvihalde på dialekta mi sjølv om eg har budd utanfor heimfylket mitt i 20 år. [...] Vi må ta vare på dei nyansane vi har her i landet, slik at ikkje alt smeltar saman og blir éin ting, synest eg.» Når det gjeld skriftspråk, identifiserer han seg mest med bokmål, og det er bokmål han brukar på fritida, bortsett frå når han skriv med slektningar heime: «Men eg blir no nesten pressa til å skrive ein slags hybrid mellom bokmål og dialekt av nokre slektningar som synest det er rart at eg skriv på bokmål til dei.» Han trur noko av årsaka til at NRK slit med å nå nynorskkravet, er at journalistane som brukar bokmål føler at det bryt med identiteten deira når dei må skrive på nynorsk. Informant 3 seier dei også får tekstar frå eksterne, og nokre av dei vil ikkje ha namnet sitt på trykk dersom teksten deira er på nynorsk:

[...] fordi dei meiner det ikkje ser ut som det er dei som er avsendarane. [...] Nokre av dei eksterne kritikarane synest det er eit ork, at det er unødvendig, og dei meiner det er politisk påtvinga NRK-tull. Dei seier det ikkje høgt, men eg ser på dei at dei meiner det.

Informanten hevdar altså at nynorsk blir opplevd som eit språk som er så langt unna identiteten til bokmålsjournalistane og dei eksterne tekstleverandørane, og at dette er grunnen til at dei ikkje vil bruke det. Dette kan vere ein indikasjon på at språkhandlingar blir sett på som identitetshandlingar (jf. Le Page og Tabouret-Keller, 1985). Det er interessant at eg ikkje finn argument for det motsette, altså at informantane som hadde nynorsk som hovudmål og som har ei nynorsknær dialekt, ikkje seier dei føler det å skrive på bokmål bryt med deira identitet. Hadde informantane derimot halde på nynorsken og hatt eit uproblematisk forhold til han, kan det hende situasjonen hadde vore ein annan. Då kan det vere dei hadde følt at det å bruke bokmål hadde brote med identiteten. Det vil seie, Informant 4, Informant 5 og Informant 7 seier dei identifiserer seg meir med nynorsk enn med bokmål. Det ser likevel ikkje ut til at det er problematisk for dei å skrive på bokmål. Heller tvert imot.

Også Informant 4 er veldig opptatt av å halde på dialekta og meiner dialekta har mykje å seie for identiteten: «Det seier noko om kvar røtene er, eller kvar du er frå. [...]» Når det gjeld skriftspråk, identifiserer ho seg meir med nynorsk enn bokmål. Det gjer også informant 5, sjølv om han ikkje brukar nynorsk som nettjournalist i NRK. Årsaka er at dialekta hans er nærare nynorsk enn bokmål, dessutan seier han at: «[...] eg er no veldig glad i poesi og slikt, og då meiner eg det er nynorsk som gjeld». Også han meiner dialekta er ein viktig del av identiteten.

To av sju informantar knyter skriftspråket, ikkje berre dialekta, opp mot identiteten. Informant 7 meiner både dialekt og nynorsk har mykje å seie for identiteten hennar: «Språk generelt har mykje å seie for min identitet. Og eg har tatt nokre kampar både når det gjeld nynorsk og dialekt.» Som det går fram av sitatet, føler informanten at ho har måtta kjempa for både dialekta og skriftspråket sitt. Det Blakar (2006, s. 116) seier om at nynorskbrukarar ofte må slåst for språket sitt og dermed for identiteten sin, skildrar godt dette sitatet. Informanten seier språket har mykje å seie for identiteten hennar, og når ho må argumentere for språket, betyr det at ho også må argumentere for den ho er, ifølgje Blakar (2006, s. 116). Informant 2 søkte identitet då han flytta frå eit bokmålsområde til eit nynorskområde. Då han skifta hovudmål frå bokmål til nynorsk, skifta han mykje på grunn av at han ønskte å identifisere seg med dei andre som budde der:

Det var liksom ei identitetsgreie. Eg identifiserte meg veldig med å bu på bygda. Eg budde ikkje på ein gard eller noko slikt, men eg syntest det var kult med ting som hadde med landet å gjere, då. Det var ikkje noko frykt for å vere utanfor, for eg snakka no bokmål, men det var heller det at eg ville identifisere meg som bygde-fyr, då.

Basert på identitetsteorien til Le Page og Tabouret-Keller (1985) kan ein hevde at informanten har skifta til nynorsk som hovudmål for å skape samhald med andre. Det kan også hevdast at han har forhandla gjennom språket for påverke kva sosial rolle han fekk på plassen han flytta til. Dette er eit eksempel på korleis dei individuelle aspekta ved identiteten heile tida er i eit spenningsforhold til gruppeidentiteten. Her har ønsket om kven han vil vere styrt språkvalet hans. Noko anna interessant dette sitatet viser, er at han assosierer nynorsk med bygda, landet og bønder. Som vist i teorikapittelet kan dei rurale verdiane som blei

knytte til nynorsken under målstriden, ha ført til visse stereotypiske oppfatningar av nynorskbrukaren seinare (Hårstad et al., 2021, s. 16; Mæhlum, 2020, s. 197-198). Desse stereotypiske oppfatningane som informanten viser, heng saman med funna til Wold (2018) om at nynorsk er eit språk for bønder, og Anderson (2007), som viser til oppfatningar om at nynorskbrukaren går i lusekufte.

I dag meiner Informant 2 at språket ikkje har så mykje å seie for identiteten, og grunnir det med at han ikkje lenger brukar den dialekta han vaks opp med: «[...] så det er ikkje så veldig mykje identitet å spore hos meg. Det er liksom ei brokete dialektfortid.» Når det gjeld skriftspråk, identifiserer han seg mest med bokmål. Også informant 6 hevdar skriftspråket har lite å seie for identiteten hans. Samtidig seier han at «Det er i alle fall veldig viktig på Vestlandet at du har eit skriftspråk som du kan identifisere deg meir med enn bokmål, som eg ser føre meg er austlandsk, liksom.»

Funna i denne delen viser at fem av sju informantar seier at dialekta har mykje å seie for identiteten, men at skriftspråket ikkje har det. To av sju informantar knyter også skriftspråket til eigen identitet. Tre av informantane seier dei identifiserer seg meir med nynorsk enn med bokmål, trass i at to av desse brukar nesten berre bokmål i jobben som nettjournalist.

5.2.4.2 Profesjonsidentitet er viktigare enn nynorsk språkidentitet

Eit anna interessant funn er at intervjumaterialet viser at profesjonsidentiteten er viktigare for informantane enn den nynorske språkidentiteten. Eit argument for denne påstanden er at saka, innhaldet og tempoet synest å vere viktigare for informantane enn språket det blir skriva på. Informant 7 fortel at ho valde å skriva eit portrett av Oslo-ordføraren på bokmål, fordi ho meiner at om ho brukte nynorsk, så kom det til å kome kritikk og då ville det negative fokuset på nynorsken ta vekk fokuset på saka:

Det er vel mykje på grunn av den kritikken ein får og at ein føler at og opplever – og eg har no konkrete erfaringar med det – at folk ikkje ser på saka. Det folk blir engasjert av og hissar seg opp over, er språket eg har brukt framfor saka og nyheitspoenget. Dersom vi deler saka på Facebook og det er 1000 kommentarar, kan

700 av dei gå på at saka er på nynorsk. Så det er av og til at ein kanskje føler at det ikkje tener saka å skrive på nynorsk.

Ein kan knyte dette til Bourdieu (1991) sine teoriar om lingvistisk kapital og lingvistisk marknad. Informanten har ei oppfatning av korleis språket blir mottatt på den lingvistiske marknaden, noko som gjer at ho vel vekk nynorsken. Ho peikar på at saka er viktigare for henne enn nynorsken:

NRK har no ei viktig rolle i at bokmålsbrukarar skal møte nynorsk også. Samtidig som eg kjenner på at nyheitspoeng nærast kan bli borte. At publikum misser fokus på sjølve saka. For min del set eg nyheita høgare enn språket.

Forstått ut frå dette sitatet føler informanten at ho må velje kva som er viktigast for henne av språk eller innhald. Eg tolkar dette som at ho meiner ho ikkje kan få til begge deler. Ho står i ein konflikt der nynorsk målet til NRK må vike til fordel for målet om å nå ut til publikum med innhaldet.

Nynorsken må av og til også vike for behovet for å vere raskt ute med ei nettsak eller ei nyheitsmelding, ifølgje funna. Garrett (2010, s. 28) hevdar at eksterne faktorar som tid og ferdigheiter kan påverke åtferda vår. I denne granskinga skal vi sjå at desse faktorane er svært sentrale for skriftspråkvalet til desse nettjournalistane. Eit gjennomgåande argument blant informantane for å bruke bokmål framfor nynorsk er nettopp tempo. Må innhaldet ut i full fart, noko det ofte må når det er snakk om nyheiter, så blir nynorsken ofte lagt bort. Informant 2 jobbar med nyheiter som må raskt ut, så derfor skriv han sjeldan på nynorsk: «Bokmål går raskare for meg, for det er det eg er tryggast på. [...] i og med det går føre seg på bokmål oppe i hovudet, så er det lettare å få det over på papir i staden for å sitje og omsetje.» Fart er eit argument også Informant 3 brukar: «Då kan eg skrive utan å tenkje. Skriv eg nynorsk, må eg tenkje på kva endingar eg skal bruke og så vidare.» Også Informant 4 brukar bokmål når ho har det travelt og noko må bli ferdig kjapt: «I tilfelle eg ikkje kjem på kva ord eg skal bruke. Då kan eg ikkje sitte og vente til eg kjem på ordet fordi hovudet ikkje er heilt kopla på.» Nokre gongar har ho begynt å skrive ei nettsak eller ei nyheitsmelding på nynorsk, men

så har ho begynt på nytt på bokmål fordi ho ikkje kjem på kva ord ho skal bruke på nynorsk. Informant 6 trur mange i hans redaksjon synest at nynorskravet er «litt irriterande», nettopp på grunn av utfordringa med kombinasjonen effektivitet og det at ein føler ein ikkje meistrar nynorsk like godt som bokmål. I likskap med funna til Wold (2018) peikar også Informant 7 på at bokmål fungerer betre som arbeidsverktøy enn nynorsk, i alle fall når det skal gå fort. Ho argumenterer med at pressemeldingar, dommar og meldingar frå politiet er skrivne på bokmål, og at det å bruke tid på å omsetje til nynorsk kan vere vanskeleg når ein skal halde eit høgt tempo.

Informant 2 fortel at nynorskbrukarar i redaksjonen hans brukar nynorsk når dei skriv nettsaker eller nyheitsmeldingar, «[...] men eg merkar at når det smell, så må gjerne nynorsken vike fordi det er fleire som skal bidra i same saka.» Nynorsken blir nemleg også ofte lagt til sides når informantane samarbeider om ei nettsak med nokon som manglar nynorskkompetanse. Her kjem Garrett (2010, s. 28) sin ytre faktor *ferdigheit* inn som forklaring på kva som kan påverke åtferd. I denne utsegna hevdar Informant 4 det ikkje er fint gjort mot NRK-kollegaen ho skal samarbeide med å bruke nynorsk.

[...] viss nokon har begynt på ei sak og dei skriv bokmål, så må eg no fortsette på bokmål. Eller viss eg jobbar helg og så skal vi jobbe saman om ei sak, så må eg no. Viss det er med nokon som ikkje kan eit ord nynorsk, så er det litt stygt å starte den saka på nynorsk, sant. Ofte er problemet at eg kan få tilsendt sitat på bokmål, og så må eg sitte og omsetje.

Også Informant 5 peikar på både tempo og samarbeidssaker som eit argument for å ikkje bruke nynorsk. Informant 7 opplever at ho får mykje skryt for at ho skriv nynorsk, men at det kan vere eit ork for folk dersom ho begynner på ei nynorsksak andre må ta over: «Viss det er ein person som verkeleg ikkje er komfortabel med å skrive nynorsk, så er det ... Då blir det vennlegsinna kritikk. Eller ikkje kritikk, men liksom 'Åh, måtte du det?'" Dette kan ein igjen knyte til Bourdieu (1991) sin teori om den lingvistiske marknaden. Bokmål blir oppfatta som *doxa*, altså det språket som blir tatt for gitt. Det er interessant å merke seg at ho ikkje opplever slike utsegner som kritikk. Ein slik respons frå kollegaer impliserer at nynorskbruken er problematisk på eitt eller anna vis. At informanten justerer vurderinga si av responsen frå

«vennlegsinna kritikk» til «ikkje-kritikk» viser at ho har ei forståing for at andre journalistar får det vanskeleg på grunn av at ho brukar nynorsk. Dette kan ein samanlikne med informantane som ikkje ville vere til bry ved å velje nynorsk på skulen. Fleire av informantane vil ikkje vere til bry for kollegaene sine ved å bruke nynorsk.

Funna som er presenterte i denne delen viser at profesjonsidentiteten er viktigare for informantane enn den nynorske språkidentiteten. Nynorsken må vike til fordel for både tempo, samarbeid og frykt for at språket stel fokus frå innhaldet.

5.2.5 Nettverk

Som presentert i teorikapittelet, hevdar Milroy (1980) gjennom sin nettverksteori at graden av integrasjon i eit fellesskap påverkar i kva grad individet blir kontrollert av dei rådande normene i nettverket. Med dette som utgangspunkt skal vi no sjå på korleis redaksjonane informantane er ein del av, kan påverke om dei brukar nynorsk eller bokmål når dei skriv nettsaker for NRK.

Informant 5 er eit godt eksempel på kor viktige normene i eit nettverk kan vere for språkvalet. Han brukar nesten berre bokmål når han skriv på jobb. Då han først begynte i NRK, brukte han rett nok nynorsk mest, jamvel om han skifta til bokmål som hovudmål på ungdomsskulen. Årsaka er at han begynte ved eit distriktskontor der det var eit stort nynorskmiljø. Då informanten begynte ved distriktskontoret der han jobbar no, heldt han fram med å bruke nynorsk, for då var der fleire nynorskbrukarar enn i dag. Men det tok slutt:

Etter kvart så blei det feil verdi, og det blei meir upraktisk viss ein jobba med nyheiter å heile tida måtte omsetje ting. Så det var vel eigentleg meir ei slik praktisk greie og at det var veldig få som brukte nynorsk. No har vi berre éin som brukar nynorsk, trur eg. Og han er mykje vaksjef, så då stod eg nesten åleine om det.

Nok ein gong kjem det fram at nynorsk blir oppfatta som mindre verdt enn bokmål på den lingvistiske marknaden (jf. Bourdieu, 1991). Det som er med på å fastsetje den lingvistiske

verdien for Informant 5, ser ut til å vere nettverket han omgir seg med på jobb. Den konstruktivistiske identitetsforståinga kan hjelpe med å forklare korleis den språklege identiteten hans har blitt forma av andre (Mæhlum et al., 2008, s. 109-110; Hårstad et al., 2021, s. 41). Informanten har endra språkleg identitet undervegs i NRK-karrieren, alt etter kva type nettverk og sosial kontekst han har vore ein del av på jobb. Fordi han følte seg åleine om å bruke nynorsk og fordi han følte seg utrygg på nynorsken sin, gjekk han etter kvart over til å bruke bokmål. Basert på nettverksteorien som er presentert i kapittel 3, kan ein hevde at språkvalet hans har blitt styrt av normene, som er danna i nettverket han blei integrert inn i, på det distriktskontoret der han jobbar no. Sjølv om nynorskkompetansen hans skulle auke, er ikkje informant 5 sikker på om han hadde brukt meir nynorsk: «[...] eg føler det er litt sånn stusseleg å vere den einaste som skal skrive det, på ein måte. For vi sit no i kollegiet og diskuterer språk og formuleringar, ikkje sant.»

Informant 5 seier det ikkje har vore nokon hets rundt nynorsk i hans redaksjon, men at det av og til blir tulla litt med det når den einaste nynorskbrukaren på distriktskontoret skriv nynorsk. «Eg trur ikkje han opplever det som noko ufint eller noko slikt. Men der er ikkje noko ‘Yes, no skriv vi nynorsk!’-haldning. [...] Dette er i alle fall det svakaste nynorskdistriktet eg har vore borti.» Informant 5 trur ikkje det er mange i hans redaksjon som er opptatt av nynorskkravet. For at han skal bruke nynorsk i jobben sin, treng han å føle at han er ein del av eit fellesskap: «At ein må føle at ein har på ein måte ‘go’ for det, då. Og også nokon å sparre med i forhold til språk og sånn.» Denne grunngevinga er verdt å merke seg fordi det kan seie noko om kor viktig den sosiale identiteten er for han (jf. Schiefloe, 2018, s. 308-309; Mæhlum et al., 2008, s. 107-108). Når redaksjonen han jobbar i ikkje brukar nynorsk eller framsnakkar nynorsk, slik han opplever det, blir den språklege identiteten hans påverka av desse kollektive normene (Walton, 2015, s. 24). Brukar han bokmål i staden for nynorsk, slik som «dei andre», kjenner han nok på ei sterkare sosial tilhøyrse.

Også Informant 2 seier han opplever det har vore blanda følelsar til nynorsk blant dei han jobbar med:

Det er folk som akkar seg dersom dei får ei påbegynt nettsak på nynorsk som dei då må halde fram i. Nokre gir berre opp og omset rett til bokmål for å kunne jobbe vidare

med det. Andre har eit heilt nøytralt syn på det, og så har du innimellom nokon som synest at nynorsk er heilt pyton. Dei finst no overalt. Og det kan no bli litt sånn vennskapeleg småkjekling på desken mellom bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar. [...] Men det har vore gjort med eit glimt i auget.

Igjen viser intervjudata at bruken av nynorsk kan bli møtt med negative haldningar frå kollegaer i NRK. Det er nok ikkje slike haldningar som er avgjerande for språkvalet til denne informanten, men ein kan tenkje seg at det kan påverke nynorskbrukande journalistar negativt om språket deira blir omtala som «pyton» av normagentar som kollegaer faktisk er.

Informant 3 hevdar nynorsk har fokus i redaksjonen hans, og at bruken av nynorsk blant andre tilsette i redaksjonen hans er god:

Vi har nesten alltid minimum éin nynorskbrukande person i min vesle gjeng. Og éin av dei faste kritikarane er nynorskbrukar. Og ho hadde ikkje fått jobben hadde det ikkje vore for at ho er nynorskbrukar. [...] Så dei leverer kvar tredje artikkel på nynorsk. Dei som nektar på grunn av inkompetanse, har vi omsett ved hjelp av robot eller menneskeleg ressurs på desk. Pluss ekstra gjennomgang og språkvask via nynorskhjelp-gruppa på Slack.

Informant 7 brukar nynorsk trass i at ho er nokså åleine om det i sin redaksjon. Ho opplever, i motsetnad til Informant 5, ein positivitet rundt nynorskbruk i redaksjonen. Der er fokus på å få opp nynorskprosenten, og journalistane blir oppfordra til å skrive på nynorsk oftare. Dette kan tyde på at støtte og oppmuntring gjer det enklare å bruke nynorsk sjølv om det ikkje er «det vanlege» i det nettverket ein er ein del av.

Her har eg vist at nettverket ein er ein del av på jobb kan ha mykje å seie for dei individuelle skriftspråkvala, enten det betyr at andre brukar eller ikkje brukar nynorsk eller om nynorskbruk blir «heia på». Det er derimot ingen av informantane som seier noko om at negative kommentarar om nynorsk frå kollegaer, og såleis negative haldningar til nynorskbruk, kan vere med på å skyve folk vekk frå nynorsken.

5.3 Nynorskkravet i NRK

Eg vil no ta føre meg kva informantane meiner om nynorskkravet i NRK, kva personleg ansvar dei føler for at NRK skal oppfylle kravet, og kva tiltak dei meiner må til for å auke nynorskprosenten.

5.3.1 Nynorskkravet er viktig, men ...

Alle informantane meiner at nynorskkravet i NRK er på sin plass. Dei synest nynorsk er viktig, noko som skil seg frå Wold (2018) sine funn, som viser oppfatningar om at nynorsk er mindre viktig. Som vist i teorikapitlet, er *institusjonell støtte* ein av hovudfaktorane som kan påverke språkskifte. Den institusjonelle støtta NRK mottek frå staten for å fremje nynorsken er noko informantane gir uttrykk for at dei meiner allmennkringkastaren skal gi tilbake til samfunnet (Mæhlum et al., 2008, s. 65-66). Informant 1 seier ho tek NRK sitt språklege ansvar på alvor: «Eg forventar at det er slik det er. At vi skal levere både på bokmål og nynorsk til ein viss prosent. [...] Vi skal spegle befolkninga, og om vi ikkje gjer det, så sviktar vi den delen av kulturen og språkarven [...]» Informant 2 ser på nynorskkravet som oppnåeleg og at det er viktig at NRK når det:

[...] for vi skal no vere ein allmennkringkastar og spegle heile landet. Og eg tenker no at vi er ein såpass stor aktør at ... det at dei som har nynorsk som sitt hovudmål kan lese ting på sitt hovudmål hos ei stor mediebedrift, tenker eg er viktig å inkludere, då. [...] Eg tenker det er veldig fint at det ikkje berre blir sånn Oslo Vest, som det kanskje kan bli i andre medier.

Også Informant 3 meiner det er rett at NRK har eit nynorskkrav på minst 25 prosent: «NRK er ei skattefinansiert mediebedrift som har i oppdrag å levere innhald til det norske folk som speglar norsk kultur, språk og den norske befolkninga.» Informant 7 peikar også på allmennkringkastingsansvaret, som gjer at NRK har ei spesiell rolle: «Det seier no kanskje litt om kor alvorleg vi tek vårt eige oppdrag, då. Og dersom ein skal gå fram som ... Altså, det å vere eit førebilete.» Informant 6 trur det hadde vore vanskeleg å fremje nynorsken om kravet

ikkje hadde vore der: «Det kan hjelpe både for nynorskbrukarar å møte sitt eige språk og for bokmålsbrukarar for å få møte nynorsk meir.»

To av informantane skil seg ut ved at dei før intervjuet ikkje kjende til kor mykje nynorsk det er krav om at det skal vere i NRK. Éin av dei er Informant 5: «Eg hugsar ikkje prosentten. Men det er for lågt, og eg veit at det er eit mål at det skal opp. Ein ser no at ... Ja, ein kan no lure litt på om vi egentleg meiner det, for vi ryk vel på den kvart år, gjer vi ikkje?» Heller ikkje Informant 4 er sikker på talet: «Eg hugsar at det hang ein plakat om det på do før. Eg hugsar ikkje prosentten.» Ho synest uansett det er viktig at NRK har eit nynorskkrav. Som Informant 6 meiner ho det er viktig at også dei som ikkje brukar nynorsk får møte nynorsk gjennom NRK: «Eg er så redd for at nynorsken skal forsvinne. At færre og færre brukar det. Då er det viktig at NRK viser fram nynorsken.»

Som det blir lagt fram i teorikapittelet, er media utvilsamt ein viktig normagent (Mæhlum et al., 2008, s. 177). NRK er også ein slik normagent, og har ein unik posisjon til å kunne styrke nynorsken i det norske samfunnet. Seks av sju informantar seier dei kjenner på eit ansvar for at NRK skal nå nynorskmålet, sjølv om fleire av dei ikkje brukar nynorsk sjølve. Informant 1 seier ho ligg over målet: «Eg er ei lydig jente, eg. Så om nokon gir meg beskjed om at eg skal gjere det, så gjer eg det. Men eg hadde ikkje gjort det av meg sjølv.» Igjen viser Informant 1 at der er ein avstand mellom arbeidsgjevar sine forventningar og korleis ho ser på det å bruke nynorsk. Ho likar ikkje å skrive på nynorsk, men ho gjer det for å bidra til å auke nynorskbruken i NRK. Informant 7 seier det er nettopp på grunn av nynorskkravet ho skriv nynorsk. På den eine sida tenkjer ho at nynorsk ikkje er *så* viktig for lesarane i området distriktskontoret hennar dekkjer, i og med at ein stor del av dei er bokmålsbrukarar. På den andre sida poengterer ho at «Kanskje det derfor er endå viktigare for oss då å gå fram som eit eksempel. NRK har no ei viktig rolle i at bokmålsbrukarar skal møte nynorsk også.»

Informant 6 skil seg ut ved å svare at han ikkje kjenner eit personleg ansvar for å bruke nynorsk sjølv om han veit at NRK slit med å nå målet med 25 prosent nynorsk.

To av informantane, Informant 1 og Informant 4, meiner det trengst stadige oppfordringar for at det skal brukast meir nynorsk blant kollegaene deira. Informant 1 poengterer at fleire må med for at redaksjonen ho jobbar i skal nå nynorskkravet i NRK: «Det er ein gjengangar at

folk må oppfordrast til å skrive nynorsk, og dei har ikkje lyst.» Informant 4 seier det er lett for at det glir tilbake til bokmål når det ikkje er fokus på nynorsk i redaksjonen, «Og så trur eg det er nokon som vegrar seg litt.»

Informant 4 er glad for at vi har eit språkleg mangfald i Noreg, og seier ho har ei positiv haldning til nynorsk: «Eg synest det er eit flott språk, og så synest eg det er viktig, for det seier veldig mykje om historia vår.» Negative haldningar til nynorsk opplevde ho først då ho begynte på vidaregåande, der ho sjølv skifta til bokmål:

Viss vi skulle ha sidemål, som då blei nynorsk, var det slik frå andre elevar: 'Å, det er så teit. Det er så vanskeleg. Det er heilt ulogisk. Hjelp, eg får det ikkje til.' [...] Eg var no kjempeglad for at eg hadde hatt nynorsk, fordi det kom automatisk. Og i mange tilfelle kunne eg hjelpe læraren dersom det var noko.

Informant 6 og Informant 7 seier dei har ei nøytral haldning til nynorsk. Informant 7 forklarar at ho har eit delt syn på nynorsk: «Eg synest det er viktig. Det er ein del av Noreg, historisk sett. Det er noko vi burde ha, då. Samtidig som eg merkar at eg synest det er vanskelegare å skrive, vanskelegare å lese.» Informant 6, som ikkje skriv nynorsk på jobb, «[...] synest vi godt kunne ha fått mykje meir nynorsk i fleire kanalar, både i bøker, teksting og så vidare, slik at det gjerne blei meir naturleg for folk å gå til [...]». Det er interessant at informanten meiner det er viktig å gjere noko med nynorskesponeringa, men at han ikkje føler ansvar for å bidra til å rette opp i ubalansen sjølv ved å skrive på nynorsk i jobben som journalist.

Alle informantane meiner altså at det er både rett og viktig at minst 25 prosent av NRK sitt innhald skal vere på nynorsk. Allmennkringkastingsoppdraget til NRK og det særskilde ansvaret for å styrke og fremje norsk språk blir brukt som argument for dette. Seks av dei sju informantane føler eit ansvar for å bidra til å få opp nynorskprosenten, men ikkje alle gjer det. Det varierer med andre ord kva ansvar dei føler og tar for at NRK skal oppfylle nynorskkravet.

5.3.2 Tiltak for å få opp nynorskprosenten

Grepstad (2012, s. 217) hevdar at det å ikkje følgje lovpålagde språkreglar gjer at nynorskbrukarar blir utsette for diskriminering, og at ein oppnår språkleg mangfald først når nynorsken blir respektert og verdsett. I bakgrunnskapittelet er det vist at kravet om minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer er eit krav NRK slit med å nå. Informantane har ulike forslag til kva som bør gjerast for å få fleire nettjournalistar i NRK til å skrive på nynorsk. Informant 1 og Informant 4 trur begge vegen å gå er å premiere dei som brukar nynorsk. Informant 1 meiner at ein må gjere det til ein leik, for «Det å få i gang den indre motivasjonen når du skal gå inn på eit målføre som er tyngre og verre, den trur eg du skal slite med.» Informant 3 meiner det er viktig at redaksjonsleiarar sender positive signal når det gjeld nynorsk til resten av redaksjonen: «Dersom det er redaksjonsleiarar som sjølve har eit lunkent forhold til nynorsk, så må dei verkeleg gjere noko med det.» Informant 5 trur det må meir motivasjon til for å få opp nynorskprosenten: «Eg får litt flashback til skulen. At du skal tvingast gjennom noko du eigentleg ikkje vil.»

Informant 2 trur nøkkelen er å rekruttere fleire nynorskbrukarar heller enn å jobbe for å vekkje sovande nynorskbrukarar, som NRK kallar det. Dette grunngir han med at:

Det kjennest ikkje heilt ekte å berre sitte og basere seg på ein robot og det ein hugsar av sidemålsopplæring. Eg tenker at dei som har det som hovudmål, kan vere ambassadør for det og sørge for at det blir bra, då. Og så må det sjølvsagt vere eit tilbod om opplæring eller oppfrisking for dei som ønskjer å bli betre.

Informanten synest det blir fokusert for mykje på tal når det blir snakka om nynorsken i NRK. Han peikar på at ein må snakke meir om *kvifor* det er viktig at NRK brukar meir nynorsk.

25 prosent.. 25 prosent.. [...] det er det ein pratar om. Ein framsnakkar ikkje nynorsken nødvendigvis. Ein gjer liksom ikkje noko poeng ut av *kvifor* det er bra å bruke nynorsk. Det handlar liksom berre om at vi skal oppfylle krava frå Stortinget. [...] For no er det liksom berre eit tal på eit papir. [...] For enkelte vil det nok verke som ein hemske at vi må nå dette hersens 25 prosent-målet, liksom. Ein må forklare

kva som ligg bak. At det liksom ikkje berre er eit mål som vi har fått tredd over hovudet og at vi har mislykkast om vi ikkje klarer det.

Denne delen har vist at informantane meiner nynorskkravet er viktig og heilt på sin plass, men at det varierer om dei føler eit personleg ansvar for å nå målet om minst 25 prosent nynorsk. Det blir også påpeika at NRK bør jobbe meir for at folk skal forstå kvifor det er viktig å bruke meir nynorsk. Av andre tiltak blir det peika på opplæring og oppfrisking i nynorsk og opplæring i bruk av nynorskordlista.

I det følgjande blir funna frå denne analysen oppsummerte gjennom svar på forskingsspørsmåla.

6 Avslutning

Føremålet med granskinga har vore å undersøkje kva som motiverer skriftspråkvala til eit utval nettjournalistar i NRK. Eg har forsøkt å svare på dette ved å sjå på samanhengen mellom journalistane sine språkskifte frå nynorsk til bokmål, språkhaldningar, språkleg påverknad, språkleg identitet og det språklege ansvaret NRK har. I dette avsluttande kapittelet blir dei viktigaste funna frå granskinga oppsummerte, og eg kjem med ein konklusjon på problemstillinga. Til slutt vil eg diskutere kva betydning og avgrensing forskinga mi kan ha, før eg peikar framover på kva som kan vere interessant å forske vidare på.

6.1 Svar på forskingsspørsmåla

Funna, og mine tolkingar rundt desse, vil her bli lagde fram som svar på forskingsspørsmåla som danna utgangspunktet for granskinga.

6.1.1 Forskingsspørsmål éin: Korleis opplevde nettjournalistane skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål, og kva er årsakene til skifta?

Fem av sju informantar skifta hovudmål til bokmål då dei begynte på ein skule der bokmålselevane var i fleirtal. Skriftspråkskiftet blei derfor opplevd som umarkert. Skiftet blir forklart med at det var meir praktisk med bokmål, blant anna på grunn av at det var vanskelegare å få tak i nynorskbøker, utstrekt bruk av bokmål munnleg og skriftleg i undervisinga og at dei ikkje ville vere til bry ved å skape ekstra-arbeid for andre ved å halde på nynorsken. Dette peikar på at strukturelle forhold, som manglande tilgang på læremiddel og bruken av majorisert skriftspråk, og sosiale forhold, som ønskje om å ikkje belaste andre, akselererer skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål. Granskinga viser også at nettjournalistane opplevde skiftet frå nynorsk til bokmål som uproblematisk. Dei forklarar dette med at bokmålsdominansen i samfunnet gjorde at dei var så eksponerte for dette skriftspråket at dei hadde fått bokmålskompetansen «gratis». Alle informantane meiner dessutan at det var, og er, enklare å skrive bokmål enn nynorsk. Nynorsk var eit skulespråk for fleire av dei, og hadde dermed avgrensa bruk. Ingen av nettjournalistane opplevde

motstand mot skriftspråkskiftet, men nokre fekk derimot støtte og oppmodingar frå medelevar eller foreldre.

6.1.2 Forskingsspørsmål to: Kva språkval tek nettjournalistane i NRK-jobben, og kva påverkar desse vala?

Fire av dei sju nettjournalistane har begynt å skrive nynorsk i tillegg til bokmål, som ein konsekvens av nynorskkravet og auka fokus på det. Det å velje nynorsk på jobb blir derimot sett på som problematisk i varierende grad og av ulike årsaker. Behovet for høgt tempo i produksjon av nettsaker, at dei ikkje føler seg trygge på eigen nynorskkompetanse og manglande nynorsk språknettverk er faktorar som går igjen når nettjournalistane skal forklare språkvala sine. Vi har også sett at fire av sju informantar er språkvekslarar, og vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt, alt etter kontekst og mottakar.

6.1.3 Forskingsspørsmål tre: Kva mogleggjer eller hindrar nettjournalistane i å bruke meir nynorsk i NRK-jobben?

Denne granskinga har avdekt at informantane opplever eit dobbelt press som kan hindre dei i å velje nynorsk som NRK-journalistar. På den eine sida er frykta for at dei kan skremme vekk lesarar ved å skrive på nynorsk. Nettjournalistane legg stor vekt på negativ respons frå publikum når det gjeld bruken av nynorsk, og fryktar nynorsken kan ta vekk fokuset frå innhaldet i saka og også gi dei lågare lesartal. Profesjonsidentiteten deira er såleis viktigare for dei enn ein nynorsk språkidentitet. Dei fleste av informantane identifiserer seg ikkje med det nynorske skriftspråket, men med dialekt. På den andre sida er frykta for å ikkje vere god nok i nynorsk og for å få kritikk for rettskrivinga. Kritikk har gjort at enkelte ser på det å skrive nynorsk som uoppnåeleg. Som peika på over, kan behovet for høgt tempo i nettjournalistikken påverke språkval, og det påverkar i den retning at det kan hindre nynorsk. Når det skal gå fort, blir nynorsken nedprioritert. Nynorsken kan også bli lagt vekk når det blir skriving nettsaker i samarbeid med andre i NRK, som manglar nynorskkompetanse. Også manglande nynorsknettverk kan hindre bruken av nynorsk. Entusiasme og at nynorskkravet blir tatt på alvor, kan derimot mogleggjere bruk av nynorsk. Det gjer også omsetjingsverktøyet nynorskroboten og nynorskhjelp enten i eigen redaksjon eller frå andre i NRK. Også språkhaldningar hos den einskilde journalist kan påverke nynorskbruken enten

positivt eller negativt. Her finn vi at stereotypiske oppfatningar av nynorsk kan spele inn i vurderinga av om nynorsk skal brukast eller ikkje.

6.1.4 Forskingsspørsmål fire: I kva grad støttar nettjournalistane nynorskkravet i NRK, og kva ansvar opplever dei sjølve å ha for å bidra til at NRK oppfyller kravet?

Alle nettjournalistane i denne granskinga seier at dei støttar kravet om at minst 25 prosent av innhaldet i NRK skal vere på nynorsk. Dei meiner det er heilt rett å ha eit nynorskkrav og at det er noko NRK må ta på alvor. Seks av sju informantar seier dei føler eit ansvar for å bidra til at NRK skal oppfylle kravet. Vi ser at det likevel ikkje er alle som tek ansvar for å auke nynorskprosenten.

6.1.5 Kva tiltak, om nokon, foreslår nettjournalistane at NRK innfører for å oppfylle nynorskkravet på nett?

Rekruttering av nynorskbrukarar er eit forslag som går igjen som eit tiltak for at NRK skal kunne oppfylle nynorskkravet på nett. Enkelte av nettjournalistane understrekar at tvang ikkje er vegen å gå for å få opp nynorskprosenten, men at meir motivering og premiering kan hjelpe. Det blir også peika på at NRK må jobbe for ei større forståing for kvifor det er så viktig å auke bruken av nynorsk. Nettjournalistane etterspør i tillegg konkrete tiltak som oppfriskingskurs og opplæring i å bruke nynorskordlista.

6.2 Konklusjon

Vi har i denne granskinga sett at NRK står i ein unik posisjon til å kunne heve statusen til det minoriserte skriftspråket nynorsk. Språkmangfald er noko som er forventa at NRK som allmennkringkastar skal jobbe for. I det ligg det også at NRK har eit særskilt ansvar for å fremje nynorsken. Den dominerande bokmålspåverknaden i samfunnet kan NRK-journalistar motverke, men NRK har utfordringar med å oppfylle det lovpålagde kravet om at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. I NRK er det ei oppfatning av at det som blir kalla «sovande nynorskbrukarar» kan vere noko av svaret på utfordringa. Det er derimot eit sprik mellom denne oppfatninga og kor trygge dei tidlegare nynorskbrukarane føler seg i nettopp nynorsk. Det kjem også fram at utvalet av journalistar ikkje identifiserer seg med nynorsk i

særleg grad, og at det å bruke nynorsk på jobben slik viser seg å vere meir ein respons på eit krav, enn drive av eigen intern motivasjon.

Funna i denne granskinga har avdekt at både strukturelle og individuelle faktorar, og korleis dei påverkar kvarandre, styrer språkvala til nettjournalistar i NRK. Vi har avdekt at det er ein samanheng mellom språkleg identitet, språkleg påverknad og språkhaldningar, og at desse kan påverke både språkskifte og språkval. Granskinga peikar blant anna på manglande nynorskkompetanse og tankar om ein uoppnåeleg nynorsk. Faktorar som er spesielt knytte til det å drive med nettjournalistikk i NRK viser at behovet for høgt tempo, frykt for negativ respons frå lesarar, negative tilbakemeldingar på rettskriving og språkleg nettverk er førande for val av skriftspråk. Dette har konsekvensar for NRK og den utfordringa allmennkringkastaren står i når det gjeld nynorskkravet, og det kan dermed også få konsekvensar for nynorskeksponeringa i samfunnet.

6.3 Betydning og avgrensing

Det har ikkje tidlegare vore gjort ei slik gransking av skriftspråkval hos journalistar i ei mediebedrift som har eit særskilt ansvar for å jobbe for språkleg mangfald. Denne masteroppgåva belyser eit tema det er forska lite på, og fyller såleis eit hol som kan bety noko for fleire. Skriftspråkval blant vaksne har hittil ikkje fått stor merksemd i forskingslitteraturen. Gjennom å undersøke vaksne i ei mediebedrift, bidreg forskinga med ny kunnskap i forskingsfeltet som granskar skriftspråkval i norsk kontekst. Det har også vore ein motivasjon for granskinga at det kan bety noko for NRK og arbeidet med å oppfylle nynorskkravet. Sidan statseigde NRK bryt eit lovpålagt krav, kan oppgåva også ha politisk betydning. Granskinga har avdekt kva som hindrar bruken av nynorsk på nett blant eit utval nettjournalistar, og peikar på behov for tiltak. NRK når eit stort publikum, og funna i denne granskinga bidrar til auka kunnskap som igjen kan få betydning for både nynorskbrukande og bokmålsbrukande lesarar.

Kontekst og avgrensing er utdjupa i delkapittel 1.2, likevel vil eg her understreke at sjølv om granskinga har potensiell betydning, så har ho også avgrensingar. Sidan tilnærminga er kvalitativ, og det er eit avgrensa utval som er undersøkt, kan ein ikkje generalisere eller trekke

allmenngyldige konklusjonar. Likevel har funna, trass storleiken på datamaterialet, verdi av betydning gjennom å gi ei ny og djup innsikt i skriftspråkvala til eit utval NRK-journalistar.

6.4 Vidare forskning

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg sett kva vidare forskning det hadde vore behov for. Det kunne for det første ha vore interessant å gjennomføre ei kvantitativ gransking av eit større utval NRK-tilsette, der ein undersøker bruken av og haldningar til nynorsk. Ein kunne også ha gjennomført ein større haldningsstudie blant NRK sine lesarar for å prøve å avdekke om informantane sine oppfatningar om korleis nynorsk blir tatt imot stemmer. Her kunne ein ha målt lesetid, altså om dei klikkar seg ut av artiklar skrivne på nynorsk, og ein kunne ha gjennomført kvalitative intervju med eit utval for å få ei djupare innsikt. I NRK finst det også bokmålsbrukarar som har som mål å berre skrive på nynorsk. Det hadde vore nyttig å gjennomføre kvalitative intervju med også dei, for å undersøkje kva som har motivert dei til å begynne å skrive på nynorsk, kva som mogleggjer bruken deira av nynorsk og korleis dei opplever det å skrive på nynorsk samanlikna med å skrive på bokmål. Det hadde også vore interessant å forske på kva feil som går igjen i nynorskartiklar på nrk.no, og om det faktisk er fleire feil i nynorskartiklar enn i bokmålsartiklar.

Litteraturliste

- Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i «nynorskland». I G. Akselberg & J. Myking (Red.), *Å sjå samfunnet gjennom språket : heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007* (s. 23-31). Novus.
- Askeland, N., Ertzeid, I., Falck-Ytter, C., & Landslaget for norskundervisning. (2020). *Nynorsk på nytt* (2. utgåve.). Fagbokforlaget Landslaget for norskundervisning.
- Baker, C. (1992). *Attitudes and language* (Vol. 83, pp. X, 173). Multilingual Matters.
- Blakar, R. M. (2006). *Språk er makt* (7. rev. og utv. utg., p. 296). Pax.
- Bourdieu, P., & Thompson, J. B. (1991). *Language and symbolic power* (pp. IX, 302). Polity Press.
- Bringsvor, B. (2022). *Språkskifte blant journalistar i NRK Møre og Romsdal*. Upublisert.
- Brunstad, E. (2007). Språkverdiar. I G. Akselberg & J. Myking (Red.), *Å sjå samfunnet gjennom språket : heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007* (s. 33-41). Novus.
- Brunstad, E. (2020). Det saumlause språkskiftet – om overgangar frå nynorsk til bokmål i Fjell. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 171-202). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
Lisens: CC-BY 4.0.
- Brynjulvsen, I. M. D. (2023). *En sosiolingvistisk undersøkelse av talemålsvariasjon som uttrykk for språkholdninger i dubbede TV-program hos NRK og Disney*. [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. <https://bora.uib.no/bora->

[xhtml/bitstream/handle/11250/3071010/Brynjulvsen---NOLISP350.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://hdl.handle.net/11250/3071010/Brynjulvsen---NOLISP350.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2018, 26. november). *Forskningsetikk og oppdragsforskning*. <https://www.forskningsetikk.no/aktuelt/forskningsetikk-for-oppdagsforskning/>
- Eiksund, H. (2015). Mellom borken og veden. Ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet. I H. Eiksund & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 36-47). Samlaget.
- Everett, E. L., & Furseth, I. (2012). *Masteroppgaven : hvordan begynne - og fullføre* (2. utg., p. 187). Universitetsforl.
- Fishman, Joshua A. (1964). Language maintenance and language shift as a field of inquiry. A definition of the field and suggestions for its further development. *Linguistics*, 2 (9), s. 32–70. <https://doi.org/10.1515/ling.1964.2.9.32>
- Fishman, P. J. A. (2001). *Can threatened languages be saved?: reversing language shift, revisited : a 21st century perspective* (Vol. 116). Multilingual Matters.
- Garrett, P. (2010). *Attitudes to language* (pp. X, 257). Cambridge university press.
- Giddens, A., & Schultz Jørgensen, S. (1996). *Modernitet og selvidentitet : selvet og samfundet under sen-moderniteten* (p. 289). Hans Reitzels Forlag.
- Giles, H. & Smith, P. (1979). Accommodation theory. Optimal levels of convergence. I H. Giles & R. N. St. Clair (Red.), *Language and social psychology* (s. 45-65). Oxford: Basil Blackwell.
- Grepstad, O. (2012). *Draumen om målet : tilstandsrapportar frå Norge og Noreg* (p. 525). Samlaget.
- Grepstad, O. (2020). *Språkfakta 2020 : tala, forteljingane, dokumenta*. Grepstad skrivi.

- Grønmo, S. (1996). *Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen* (pp. 73–108).
- Halse, K. J., & Østbye, H. (2003). *Norsk kringkastingshistorie* (p. 287). Samlaget.
- Helset, S. J. & Brunstad, E. (2020). Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventningar mellom ungdommar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93-118). Oslo: Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>
Lisens: CC-BY 4.0
- Helset, S. J., & Bukve, T. (2023). Lesing av artiklar i Store norske leksikon: Ein komparativ studie av lesarane sin bruk av og haldningar til artiklar som er publiserte på høvesvis bokmål og nynorsk . *Maal Og Minne*, 115(2).
<https://doi.org/10.52145/mom.v115i2.2215>
- Hernes, R. (2013). Bokmål eller nynorsk - er det spørsmålet?. *Maal Og Minne*, 104(2). Henta frå <https://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/306>
- Hernes, R.. (2019). Kvar i verda finst språket? I *Målbryting*, 7.
<https://doi.org/10.7557/17.4780>
- Hoel, O. L. (2001). Strategiske utfordringar for målrørsla. I Bakke, E. & Teigen, H. (Red.), *Kampen for språket: Nynorsken mellom det lokale og det globale* (s. 15-41). Det norske samlaget.
- Hoel, O. L. (2011). *Norsk målreising : 2 : Mål og modernisering 1868-1940* (Vol. 2, p. 538). Samlaget.
- Hyvik, J. J. (2009). *Norsk målreising : 1 : Språk og nasjon 1739-1868* (Vol. 1, p. 430). Samlaget.
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap : teori, metode og faghistorie*. Cappelen Damm akademisk.

- Hårstad, S., Mæhlum, B. & Ommeren, R. van. (2021). *Blikk for språk : sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet* (1. utgave.). Cappelen Damm Akademisk.
- Jansson, B. K. (2011). Språkleg mangfald i samfunn og skole. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål : ei grunnbok om nynorsk i skolen* (s. 13-32). Samlaget.
- Kulturdepartementet. (2019). Høyringsnotat – utkast til lov om språk (språklova).
<https://www.regjeringen.no/contentassets/0be8836dbc0046daa6148a7776fb4275/spraklov-hoyringsnotat---siste-versjon-26.8..pdf>
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fastsatt som forskrift ved kongelig resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Kunnskapsdepartementet (2019). Læreplan I norsk (NOR01-06). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode : veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg., p. 138). Fagbokforl.
- Le Page, R. B., & Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of identity : creole-based approaches to language and ethnicity* (pp. x, 275). Cambridge University Press.
- Lunde, K. (2020). Lokal majoritet, nasjonal minoritet: Ein studie av skriftspråkskifte i robuste nynorskkommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 119-144). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
<http://doi.org/org/10.23865/noasp.106>
- Lisens: CC-BY 4.0
- Mead, G. H. (1934). Works of George Herbert Mead. Volume 1. *Mind, Self, & Society. From the Standpoint of a Social Behaviorist*. Edited and with an Introduction by Charles W. Morris. Chicago og London: The University of Chicago Press.

Mediebedriftenes landsforening. (Henta 28. april 2024). *Medietall*.

<https://www.medietall.no/index.php?liste=persontall>

Medietilsynet (2023). *Allmennkringkastingsrapporten 2022: Delrapport om NRK – Vurdering av programvirksomheten og hvordan NRK oppfylte allmennkringkastingsoppdraget*.

https://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkastingsrapporter/230612_allmennkringkasting_2022_nrk.pdf

Milroy, L. (1980). *Language and social networks* (Vol. 2, p. ix,218). Blackwell.

Myklebust, H. (2015). «Nynorsk er jo heilt konge då, men [...]» Identitetshandlingar i argumenterande tekstar på vidaregåande skule. I H. Eiksund & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 62-76). Samlaget.

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U. & Sandøy, H. (2008).

Språkmøte: innføring i sosiolingvistik (2. utg., p. 264). Cappelen akademisk forl.

Mæhlum, B. (2020). *Konfrontasjoner : når språk møtes* (Revidert utgave.). Novus forlag.

Mållova. (1981). Lov om målbruk i offentleg teneste [mållova] (LOV-1980-04-11-5).

Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1980-04-11-5>

Nordal, A. S. (2011). Nynorsk som hovudmål. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål : ei grunnbok om nynorsk i skolen* (s. 109-135). Samlaget.

NRK. (1996, 30. april). *Vedtekter og NRK-plakaten*.

<https://info.nrk.no/vedtekter/?/l3v4rkr9ty8>

NRK. (2020, 10. januar). *NRK har greidd nynorskkravet*.

<https://www.nrk.no/vestland/nrk-har-greidd-nynorskkravet-1.14853425>

- NRK (2023). *Allmennkringkasterregnskapet 2022*.
https://info.nrk.no/wp-content/uploads/2023/04/nrk_2022_allmennkringkasterregnskap.pdf
- NRK. (2024a). *Publikumshenvendelser*. Upublisert.
- NRK. (2024b, 15. februar). *Totalt 25,2 prosent nynorsk i NRK i 2023*.
<https://www.nrk.no/informasjon/nrk-jobbar-systematisk-for-a-oppfylle-nynorskkravet-1.16762621>
- NRK Nynorsk mediesenter. (2023, 31. desember). *Statusrapport*.
<https://info.nrk.no/wp-content/uploads/2024/01/Statusrapport-desember-2023.pdf>
- Otnes, H., & Aamotsbakken, B. (2017). *Tekst i tid og rom : norsk språkhistorie* (5. utg., p. 285). Samlaget.
- Sandøy H. (2003). Språkomgrepet, språkholdningar og purisme. I E. Brunstad, R. Brodersen & H. Sandøy (Red.), *Purt og reint : om purisme i dei nordiske språka: Vol. nr 15* (s. 19-36). Høgskulen i Volda.
- Saussure, F. de, Bally, C., & Sechehaye, A. (1983). *Course in general linguistics* (pp. XX, 236). Duckworth.
- Schiefloe, P. M. (2018). *Mennesker og samfunn: innføring i sosiologisk forståelse* (3. utg., p. 532). Fagbokforl.
- Silverman, D. (2020). *Interpreting qualitative data* (6E. ed.). SAGE.
- Skjong, S. (2011). Norskspråkleg kompetanse etter LK 06: toskriftskompetanse i alle fag. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål : ei grunnbok om nynorsk i skolen* (s. 33-48). Samlaget.
- Sollid, H. (2012). Språkvalg på grensa: Flerspråklig utdanning i Kirkenes. *Nordlyd*, 39(2),

71–88.

Språklova. (2021). *Lov om språk (språklova)* (LOV-2021-05-21-42). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

Språkrådet. (2022a). *Rapport om språkbyte: Eit kunnskapsoversyn over språkbyte frå nynorsk til bokmål*. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2022/rapport-om-sprakbyte-2022.pdf>

Språkrådet. (2022b). *Språkstatus 2021 – Medium og kultur*.

https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/enkeltkapitler-2021/sprakstatus_medium-og-kultur_ny.pdf

Statistisk sentralbyrå. (2022, 13. januar). *1 av 9 har nynorsk som hovudmål i skolen*.

<https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>

Statistisk sentralbyrå. (2023). 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform, statistikkvariabel og år [Statistikk].

<https://www.ssb.no/statbank/table/03743/tableViewLayout1/?loadedQueryId=10097032&timeType=from&timeValue=2023>

St.meld. 35 (2007-2008). *Mål og mening – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og

likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1>

Sønnesyn, J. (2013). *Dialekt eller nynorsk i radioen?: Ei undersøking av språkbruk og*

- språkhaldningar i NRK Sogn og Fjordane*. [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen].
<https://bora.uib.no/bora-xmloi/bitstream/handle/1956/7617/114610537.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Sønnesyn, J. (2018). Danningsperspektiv på språkskifte. *Norsk pedagogisk tidskrift*, 102(4), 301–311. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2018-04-02>
- Sønnesyn, J. (2023). *Språkskifte og språkbevaring på norsk: Elevar sine val av skriftspråk på ungdomstrinnet* [Doktorgradsavhandling]. Høgskulen på Vestlandet.
- Thingnes, J. S. (2015). *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar*. [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo].
https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/45800/Thingnes_Master.pdf?sequence=1&isAllowed=y
- Thingnes, J. S. (2020). *Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademia* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.
- Torp, A., Vikør, L. S., & Fjernord. (2014). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (4. utg., p. 383). Gyldendal akademisk.
- Trudgill, P. (2003). *A Glossary of Sociolinguistics* (1st ed.). Edinburgh University Press.
<https://doi.org/10.3366/j.ctvxctfv>
- Utdanningsdirektoratet (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Rapport 2014 – 07. Proba samfunnsanalyse. Oslo. Henta frå: https://proba.no/wp-content/uploads/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf
- Vestad, J. P., & Alme, B. (2002). *Mediespråk : form og formidling i journalistikk* (p. 208). Samlaget.
- Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging : prinsipp og praksis* (3. utg., p. 255). Novus.

Walton, S. (2015). Kva er nynorsken? I H. Eiksund & J. O. Fretland (Red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 16-33). Samlaget.

Wold, I. (2018). *Kvifor ikkje nynorsk? Mekanismar og årsaker: Ein metaanalyse av sju studiar om den nynorske lekkasjen i randsoner*. [Masteroppgåve, NTNU].
<https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2565094/Ingrid%20Wold%2c%20masteroppgave.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Østerud, Ø., Engelstad, F., Selle, P., & Makt- og demokratiutredningen. (2003). *Makten og demokratiet : en sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen* (p. 344). Gyldendal akademisk.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Vurdering av behandling av personopplysningar



Meldeskjema / Språkskifte blant journalistar i NRK / Vurdering

Vurdering av behandling av personopplysningar

Referansenummer
236981

Vurderingstype
Standard

Dato
26.07.2023

Tittel
Språkskifte blant journalistar i NRK

Behandlingsansvarlig institusjon
Høgskulen i Volda / Avdeling for humanistiske fag og lærerutdanning / Institutt for språk og litteratur

Prosjektansvarlig
Anders Aanes

Student
Birthe Bringsvor

Prosjektperiode
21.08.2023 - 16.06.2024

Kategorier personopplysninger
Alminnelige
Særlige

Lovlig grunnlag
Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)
Uttrykkelig samtykke (Personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 16.06.2024.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

OM VURDERINGA

Sikt har ein avtale med institusjonen som du forskar eller studerer ved. Denne avtalen inneber at vi skal gje deg råd slik at behandlinga av personopplysningar i prosjektet ditt er lovleg etter personverregelverket. Vi har no vurdert at du har lovleg grunnlag til å behandle personopplysningane.

DEL PROSJEKTET MED PROSJEKTANSVARLEG

Du må dele prosjektet med den prosjektansvarlege. Vel "Del prosjekt" avst i meldeskjemaet. Dersom den prosjektansvarlege ikkje godtek invitasjonen innan ei veke, må du sende ein ny invitasjon.

TYPE PERSONOPPLYSINGAR

Prosjektet skal behandle alminnelige kategoriar personopplysningar og særlige kategoriar personopplysningar om politisk oppfatning.

LOVLEG GRUNNLAG

Lovleg grunnlag for behandlinga av personopplysningar vil vere den registrerte sitt samtykke, jf. personvernforordninga art. 6 nr. 1 a). Den registrerte gjev uttrykkeleg samtykke til behandlinga av særlige kategoriar av personopplysningar. Dermed gjeld ikkje forbodet i personvernforordninga art. 9 nr. 1, ettersom vilkår for unntaket i art. 9 nr. 2 a) er oppfylt.

FØLG RETNINGSLINJER FRÅ INSTITUSJONEN

Det er institusjonen der du er tilsett/student som avgjer korleis du må lagre og sikre data i prosjekt ditt, og kva databehandlarar du kan bruke. Hugs å bruke leverandørar som institusjonen din har avtale med (t.d. ved skylagring, nettsparjeskjema, videosamtale e.l.).

Sikt personverntjenester legg til grunn at behandlinga oppfyller krava i personvernforordninga om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerheit (art. 32).

MELD VESENTLEGE ENDRINGAR

Dersom det skjer vesentlege endringar i behandlinga av personopplysningar, kan det vere nødvendig å melde frå om endringane til oss

ved å oppdatere meldeskjemaet. Sjå nettsidene for informasjon om kva endringar du må melde: <https://sikt.no/melde-endringar-i-meldeskjema>.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt prosjektslutt for å avklare om behandlinga av personopplysningane er avslutta.

Lukke til med prosjektet!

Vedlegg 2 - Samtykkeskjema

Vil du delta i forskingsprosjektet "Språkskifte blant nettjournalistar i NRK"?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å sjå nærare på årsaker til språkskifte blant nettjournalistar i NRK. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

I denne masteroppgåva vil eg undersøkje årsaker til språkskifte frå nynorsk til bokmål, og kva som gjer at nettjournalistar i NRK som hadde nynorsk som hovudmål i grunnskulen ikkje brukar nynorsk i jobben sin. Eg skal intervjuje 5-10 informantar og spørje om bakgrunn, målform i skulegangen, haldningar til nynorsk, språkskifte, språkveksling, språkhaldning, nynorsk i NRK, nynorskopplæring i NRK, språkmangfald og språkleg identitet

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Utvalet er plukka ut basert på geografisk spreining, både når det gjeld kvar i landet informanten er frå og kva NRK-kontor han eller ho jobbar ved. Det er 5-10 informantar som deltek.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det å det å vere med på eit intervju. Eg vil ta lydopptak eller videoopptak av intervjuet, og ta notatar. Det vil ta deg ca. 45 minutt. I intervjuet vil du få spørsmål om bakgrunn, målform i skulegangen, haldningar til nynorsk, språkskifte, språkveksling, språkhaldning, nynorsk i NRK, nynorskopplæring i NRK, språkmangfald og språkleg identitet.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg. Det vil heller ikkje påverke vår relasjon til kvarandre dersom vi skal samarbeide i vår jobb i NRK.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Den som vil ha tilgang til opplysningane er meg og min rettleiar Ander Aanes ved Høgskulen i Volda.
- Namnet og kontaktopplysingane dine vil eg erstatte med ein kode som blir lagra på ei namneliste skild frå resten av dataa. Opptaka vil bli lagra i ei lukka og passordbeskytta mappe på min PC. I etterkant av prosjektslutt vil eg destruere desse.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er våren 2024. Opptaka vil bli destruerte.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen i Volda ved Anders Aanes: anders.aanes@hivolda.no
- Cecilie Røeggen: personvernombod@hivolda.no

Dersom du har spørsmål knytt til vurderinga av prosjektet frå Sikts personverntenester kan du ta kontakt via:

- e-post (personverntjenester@sikt.no) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Anders Aanes
(Forskar/rettleiar)

Birthe Bringsvor

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «*Språkskifte blant nettjournalistar i NRK*» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3 - Intervjuguide

Kjønn?

Alder?

Kva region kjem du frå?

Har du vakse opp i byen eller bygda?

Kva redaksjon i NRK jobbar du i?

Har du hatt same skriftspråk (nynorsk/bokmål) som hovudmål i heile grunnskulen (barneskule og ungdomsskule)?

Kva skriftspråk hadde du som hovudmål i grunnskulen?

Kva er årsaka til at du hadde det skriftspråket som hovudmål?

Kva haldningar opplevde du at det var til nynorsk i din familie?

Kva skriftspråk hadde du som hovudmål i den vidaregåande skulen?

Om du bytte skriftspråk frå grunnskulen til den vidaregåande skulen, kva var årsaka til det?

I kva kommune ligg den vidaregåande skulen du var elev ved?

Har du hatt same skriftspråk (nynorsk/bokmål) som hovudmål gjennom heile den vidaregåande skulen?

Når skifta du skriftspråk?

Var det eit bevisst val å skifte skriftspråk?

Kvifor skifta du skriftspråk?

Blei du oppfordra av nokon til å skifte skriftspråk?

Om ja, av kven?

Er der ei bevisst veksling mellom ulike settingar?

Kva skriftspråk brukar du når du skriv nettsaker for NRK?

Kvifor skriv du på bokmål?

Har du fått tilbod om nynorskopplæring/-oppfrisking frå NRK?

Om ja, har du delteke?

Om nei, kan du tenkje deg å delta om du fekk tilbodet?

Kva forventningar har du til NRK når det gjeld opplæring i nynorsk?

Kor godt meistrar du nynorsk?

- Godt
- Mindre godt
- Dårleg
- Veit ikkje
- Utfyllande kommentar

Kva inntrykk har du av andre tilsette sin bruk av nynorsk i din redaksjon?

Kva skal til for at du brukar nynorsk i jobben din?

Kva kan arbeidsgjevar gjere for å legge til rette for at du skal bruke nynorsk på jobb?

Kva haldningar har du til nynorsk?

- Positiv
- Nøytral
- Negativ
- Veit ikkje
- Utfyllande kommentar

Kjenner du til NRK sitt nynorskrav?

NRK har som krav at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Kva synest du om det?

Kor viktig synest du det er at NRK oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorsk?

Kjenner du eit ansvar for å bruke nynorsk når du veit at NRK slit med å oppfylle nynorskravet på 25 prosent?

Om ja, kvifor brukar du ikkje nynorsk på jobb?

Korleis ser du på det språklege mangfaldet vi har i Noreg?

Kva har språket å seie for din identitet?

- Mykje
- Ein del
- Lite
- Ingenting
- Veit ikkje
- Utfyllande kommentar

Kva skriftspråk identifiserer du deg med og kvifor?

Kva skriftspråk brukar du å skrive på fritida?

Kvifor?

Korleis ser du på forholdet mellom dialekt og skriftspråk?

Er nynorsk viktig for dei norske dialektene?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje
- Kommenter svaret

Er bruken av normert nynorsk og bokmål viktig i fjernsyn og radio?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje
- Kommenter svaret